

Årsrapport 2011

Fylkesmannen i Rogaland

Innhold

Kapittel 1 - Om embetet	Side 4
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 8
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 18
Kongehuset	Side 18
Miljøverndepartementet	Side 18
Landbruks- og matdepartementet	Side 29
Kunnskapsdepartementet	Side 55
Statens Helsetilsyn	Side 80
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 84
Justis- og politidepartementet	Side 89
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 92
Arbeidsdepartementet	Side 97
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 99
Samferdselsdepartementet	Side 121
Utenriksdepartementet	Side 121
Kulturdepartementet	Side 122
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 122
Andre	Side 126
Endringer i årsrapporten	Side 127

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Eit kort blikk på fylket

Rogaland er eit ekspansivt fylke og det bur ca. 430.000 personar her. Det er netto tilflytting og store delar av fylket opplever sterkt press, sjølv om vi finn vesentlege forskjellar mellom ulike regionar. Pressproblema er særslig synleg på Nord-Jæren, med kamp om areala og generelt stor aktivitet. Rogaland har 26 kommunar, frå landets minste, Utsira, med ca. 214 innbyggjarar, til Stavanger med ca. 130.000. Vi har ein ROBEK-kommune, Haugesund, som kom i registeret pga. etterdønningar etter Terra-saka.

Det biletet vi har hatt av økonomien i Rogalandkommunane som relativt gunstig i høve til landet ser ut til å vera i ferd med å endra seg noko. Først og fremst har dette truleg samanheng med svakare inntektsvekst og høgt investeringsnivå, slik at meir av investeringane må finansierast ved lån, med påfølgjande finansutgifter. Framleis er det ikkje grunnlag for å seia at økonomien er skral, men dersom utviklinga held fram kan det bli vanskelegare å driva kommunale tenester og det kan bli fleire kommunar i ROBEK.

Rogaland fylke har eit allsidig og dynamisk næringsliv. Næringsstrukturen er dominert av olje- og gassverksemd. Oljeselskapa med underleverandørar har totalt meir enn 30.000 tilsette, bare i Rogaland. Dette er ca 20% av arbeidsstyrken i fylket og dei utgjer rundt 50% av alle sysselsette innan petroleumsretta verksemder i Noreg.

Men Rogaland har også mange andre bein å stå på innafor landbruk, fisk og oppdrett, reiseliv og kompetanse.

Rogaland har landets lågaste tal på arbeidsledige, men også her finn vi skilnader mellom dei ulike delane av fylket, kor Haugesundsområdet skil seg negativt ut. I løpet av 2011 blei talet på heilt ledige personar i Rogaland redusert med 13 prosent, og talet på ledige stillingar innafor ingeniør- og ikt-fag er auka med 26 prosent samanlikna med 2010. Det årlege konjunkturbarometeret for Rogaland, syner eit optimistisk næringsliv, med utsikter til rekordhøge investeringar, ikkje minst innafor olje og gassektoren.

For arbeidslivet kan og veksten skape veksten utfordringar. Det kan vere problematisk å skaffe kompetent arbeidskraft, ikkje minst på det tekniske området. Vi opplever derfor stor arbeidsinnvandring, også av høgt kvalifisert arbeidskraft. Konkurransen om arbeidskrafta, gir også press på lønningane, noko som òg merkast ved rekruttering til det offentlege. Bustadprisane har skote i veret, og dei er nå blant dei høgaste i landet. Dette utfordrar behovet for arbeidskraft, fordi det kan bli krevjande å skaffe seg ein bustad til akseptabel pris. Dermed kan folk kvi seg for å flytte hit.

Likevel er det slik at i dei siste åtte åra hadde 14 av kommunane i Rogaland større auke i folketetalet enn landet. Veksten er størst i Rennesøy kommune med 29,3%, deretter Klepp med 24,2 %.

Fire kommunar har hatt reduksjon i folketetalet i same periode. Alle desse kommunane er distriktskommunar. Sauda og Utsira har hatt størst reduksjon. Utviklinga er noko meir balansert dei siste åra i høve til tidlegare år, og ein del kommunar som har hatt nedgang har ein svak vekst i desse åra, bare Sokndal og Utsira hadde reduksjon i 2010. Størst vekst i 2010 hadde Rennesøy og Finnøy. Siste kommunen hadde jamn nedgang til 2007, men har hatt bra auke etter dette.

Hovudtendensen er likevel at veksten skjer i dei sentrale kommunane og at det er tilbakegang i meir perifere kommunar.

Demografisk skil Rogaland seg frå landsgjennomsnittet ved å ha den yngste befolkninga, høgast fertilitet, noko høgare forventa levealder og noko høgare innvandring. Netto innvandring stod for omtrent halvparten av folketilveksten i Rogaland i åra 2003-2010.

Frå 1. januar 2002 til 1. januar 2011 var auken for fylket 14,3 %, medan landet auka med 8,8 %. Siste året fekk Rogaland ein folketilvekst på 2,0 %, medan veksten for landet var 1,3 %.

Tilflytting og høgt aktivitetsnivå skapar som nemnt arealpress (sjå nedanfor), og det er særlig tydeleg på Nordjæren. Samstundes er Jæren eit av dei viktigaste landbruksområda i landet og har viktige verneverdiar av stor regional, nasjonal og til dels internasjonal verdi. Natur – og jordvernomsyn vil lett kollidere med utbyggingsbehov og Fylkesmannen står midt oppe i slike konfliktar, ikkje minst når de gjeld kommune- og reguleringsplanar. Arealutfordringa skapar behov for samarbeid over kommunegrensene om bustad- og

næringsareal og berekraftige kollektivløysingar. Vi ser at det er i ferd med å vekse fram et spennande samarbeid mellom kommunane for å løyse slike, felles utfordringar.

Vekst, vern og arealmangel

Som sagt er Rogaland eit fylke i vekst. Spesielt Jærregionen veks på linje med Oslo-området. Vekst og velstand er ikkje berre ein plussverdi, det er også eit problem, sjølv om andre deler av landet truleg ville kalle det eit luksusproblem. Olje og gassfylket, ein blomstrande industri, ein kreativ og innovativ befolkning og eit næringsliv som skrik etter kompetente medarbeidarar. Dette er kjenneteikn på store deler av fylket. Rogaland er vidare for ei rekke særskilt viktige landbruksprodukt også jordbruksfylke nr 1. Regionen har dessutan landets lengste og finaste sandstrender, som er underlagde landskapsvern og har fleire sokalla Ramsarområde – internasjonalt verna område for trekkfugl. Gode klimatiske forhold gjer sitt til at vi her finn fleire heilt spesielle artar.

Folketalsveksten i landet var på 8,6% dei siste ti åra. Nordjæren/Stavangerområdet hadde 17,6%. Fleire kommunar er i ferd med å sleppe opp for bustadareal, og bustadprisane er for høge. Stavanger er den kommune i landet som har minst grøntareal per innbyggjar.

Fylket har sære verdifulle landskaps- og landbruksområde, sett i eitt nasjonalt og internasjonalt perspektiv, spesielt sett i forhold til behovet for mat i verda. Kombinasjonen av vekst og vern fører til stadig aukande arealkonfliktar. Fylkesmannen merkar denne konflikten dagleg.

Rogaland er også planfylke nr 1, med ein planleggingsaktivitet både i kommunane og fylkeskommunen som overgår resten av landet. Dette har sjølv sagt samanheng med aktiviteten og behov for næringsutvikling, og behov for bustader og fritidsbustader. At utviklinga skje etter plan, er i utgangspunktet særskilt positivt, men den store aktiviteten stiller store krav til statlege etatar, og særskilt fylkesmannen, når det gjeld å følgje opp nasjonale krav som jordvern, strandsonevern, landskapsvern, biologisk mangfald, forureining og beredskapsmessige omsyn m.m.

2011 var eit særskilt krevjande år då dei fleste kommunane arbeidde med å ferdigstille ny kommuneplan før kommunevalet. Kommunane er ikkje flinke nok til å ta nasjonale omsyn i planarbeidet – særleg arealplanane. Dette medfører at Fylkesmannen har merknader til alle kommeplanar og mange reguleringsplanar – ofte i form av motsegner. Dei aller fleste motsegnene blir fjerna underveis i dialog med kommunane eller ved mekling. Likevel går vi ut av 2011 med betydelege uløyste arealkonfliktar, spesielt på Nordjæren. Sandnes kommune er i eigen regionalplan plukka ut til å ta på seg utbyggingsansvar for denne regionen. I arbeidet med kommuneplan for Sandnes ("Sandnes Øst") og for utbyggingsområde i grensa mellom det tre kommunane Sandnes, Klepp og Time ("Bybåndet Sør"), har konflikten mellom jordvern og utbygging vore særskilt framtredande.

Planarbeidet er særleg tidkrevjande, og fylkesmannen har i 2011 arbeidd med reorganisering ved å samle alle planmedarbeidarana uavhengig av avdeling i eitt planlag. Dette for å styrke fleksibilitet og å avgrense og presisere planressursane ved embetet.

Vi ser gjennom arbeidet med kommuneplanar at kommunane gjerne vil dekke utviklinga og utbyggingsbehovet innafor sine eigne grenser. Dette let seg ganske enkelt ikkje gjere med den arealknappheit fleire kommunar har. Samarbeid over kommunegrensene må til.

Nokre interne konsekvensar

Eit aktiv, ekspansivt fylke, men mange arealutfordringar og stor planaktivitet gir også utfordringar i embetet. Her vil vi bare kort nemne fire:

- All byggeaktivitet medfører stort volum i reguleringsplanar og klagesaker.
- Den store planaktivitetane i kommunane og fylkeskommunen medfører at embetet må sette av mykje ressursar til planarbeid.
- Arealpresset medverkar til eit (potensielt) høgt konfliktstånd mellom oss og kommunane, når Fylkesmannen skal ta i vare statleg politikk
- Lønnspresset i fylket påverkar også embetet i stor grad og kampen om kompetansen er markant og kandidatane er prisa høgt.

1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

Departement	Kap1510	Fagdep
Miljøverndepartementet	kr 12 644 482,34	kr 4 757 904,61
Landbruks- og matdepartementet	kr 13 042 362,53	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 8 034 163,18	kr 12 191 563,93
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 3 980 865,23	kr 309 422,31
Justis- og politidepartementet	kr 4 829 963,63	kr 506 098,94
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 5 910 978,47	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 646 963,82	kr 869 526,97
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 12 557 532,42	kr 5 974 787,82
Andre	kr 32 501 276,85	kr 0,00
Sum:	kr 94 148 588,47	kr 24 609 304,58

1.3 Risikostyring

I 2011 starta fylkesmannen i Rogaland arbeidet med å lage eit samla og integrert system for risikostyring i embetet. Risikostyring skal mellom anna vere eit verktøy for prioritering, reduksjon av risiki og betre måloppnåing og det har vore følgjande målsetting for arbeidet:

- *Embetet vil utvikle og ta i bruk eit enkelt og praktisk system for embetsstyring med mål- og resultatstyring som styringsprinsipp.*
- *Embetsstyringa vert basert på styringsdokumentet "Overordna embetsstyring 2010-2013" og skal nytte risikostyring i planlegging og drift av verksemda.*
- *Systemet skal vere forankra i leiinga og nyttast i planlegging og styring ved hjelp av VP og budsjett.*
- *Systemet vert tatt i bruk i samband med budsjett og VP for 2012 ved at det foretas risiko- og sårbarheitsanalyser av verksemnds- og oppdragskritiske faktorar.*

Det konkrete arbeidet :

- Tar utgangspunkt i dokumentet Overordna embetsstyring 2010 – 2013
- Konkretiserer overordna mål og strategiar i styringsparameter i kvar enkelt avdeling
- Måler og vurderer resultata på kvart styringsparameter
- Identifiserer kritiske suksessfaktorar i kvar enkelt avdeling
- Identifiserer, og vurderer risiko i kvar enkelt avdeling
- Kjem med aktuelle tiltak i forhold til risiko i kvar enkelt avdeling

1.4 Helhetlig og strategisk ledelse

Etter leiarutviklingsprogrammet i 2010 har Fylkesmannen i Rogaland hatt særleg merksemd mot følgjande:

- Utvikle leiarmøtet som strategisk møteplass
- Integrere nestleiarane (ass. direktørane) som ein del av det samla leiarskapet i embetet. Det betyr mellom anna deltaking på fleire leiarmøter, felles, årleg leiarseminar etc.
- Tettare kontakt mellom embetsleiinga og avdelingsleiinga, mellom anna ved kvartalsvise samtalar om økonomisk status og måloppnåing.
- Utarbeida fleire styringsdokument, som "Overordna embetsstyring" som inneheld strategiske målområde, Delegeringsdokument, Kommunikasjonsstrategi, Budsjettetdokument etc.

Embetet har faste medarbeidarsamtaler med eit fastlagd skjema som mellom anna tek for seg problemstillingar tilsvarande Medarbeidarundersøkinga.

Medarbeidarundersøkinga er følgt grundig opp i avdelingane og ny undersøking blir gjennomført i 2012.

Etter kommuneundersøkinga i 2010 har hovudfokus vore å utvikle dialogen med kommunane på politisk og høgt administrativt nivå. I tillegg til dette, ei heil rekke interne prosessar for å betre samhandlinga med kommunane, mellom anna eit eige språkprosjekt.

1.5 Andre forhold

Kommunikasjonstiltak starta eller gjennomført i 2011

I 2011 innførte vi felles grafisk profil for embetet som eit ledd i arbeidet med å styrke felles kultur og identitet. Eit "Verdipass" med visjon og verdiar for embetet blei utarbeidd, trykt opp og delt ut til alle tilsette.

Klarspråkstiltak:

- Felles inspirasjonssamling i regi av DIFI for alle tilsette i juni
- Ein felles språkrettleiar for embetet blei ferdigstilt, trykt opp og delt ut hausten 2011
- Språkprosjektet "Betre skriftleg dialog med kommunane" starta opp og blir fullført våren 2012
- Eit felles klarspråksprosjekt for Fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane i Rogaland "Klarspråk i Rogaland 2012" starta opp

Spørsmålet om sosiale medium hos Fylkesmannen blei grundig vurdert og utgreidd av ei eiga arbeidsgruppe. Embetet vedtok å etablere seg i fleire sosiale medium. Samstundes har det vore opplæring og bevisstgjering i alle ledd i organisasjonen. Sosiale medium blir innført i løpet av våren 2012.

Miljøretta tiltak

Fylkesmannen i Rogaland v/ ass. fylkesmann var styreleiar for "Knutepunkt for miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser".

Embetet er godkjent som Miljøfyrtårn.

Vi bruker alltid miljøkriterier ved anskaffingar.

Lærling

Embetet har 1 lærling.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyng av offentlig sektor

Dette er behandla andre steder i årsrapporten.

2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen skal føre tilsyn med at innbyggjarane får dei kommunale og fylkeskommunale tenestene som dei i medhald av lov og forskrifter har krav på av helse- og omsorgstjenester, sosialtenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, tannhelsetenester, barnevern, rusomsorg, utdanning og vergemål. For å utøve tilsyn og kontroll med at verksemndene følger lov og reglar, nyttar Fylkesmannen seg av ulike metodar overfor ulike tilsynsobjekt og tenesteområde, herunder generell områdeovervaking, kartleggjingar, systemrevisjonar og tilsyn etter annan metodikk. Det kommuneretta tilsynet hos fylkesmannen i Rogaland er samordna, ved at det vert sett opp ein felles tilsynsplan på tvers av fagavdelingane, og tilsynsbelastninga på kvar einskild kommune vert på den måten styrt.

Satsingen på tilsyn med tenester til eldre (2009-2012) fortsette i Rogaland i 2011 med landsomfattende tilsyn med spesialisthelsetenesta si behandling av eldre pasientar med hoftebrot I. I tillegg fortsette tilsynet med kommunale helse- og sosialtenester til eldre i 2011. Fylkesmannen i Rogaland søkte og mottok midar frå Statens helsetilsyn for sitt "Spredningsprosjekt" knytt til eldresatsingen.

Det vart vidare gjort landsomfattende tilsyn med kommunale helsetjenester med tema helsehjelp etter pasientrettighetslova sitt kap. 4A.

Tilsynet i spesialisthelsetenesta vert gjennomført i tett kontakt med dei andre fylkeslegene i helseregionen.

Fylkesmannen behandler klager på vedtak om sosiale tenester, medrekna stønad til livsopphald (sosialhjelp) og kvalifiseringsstønad. Fylkesmannene i Rogaland har i tilsyn med kommunenes tildeling av økonomisk sosialhjelp..

I 2011 har fylkesmannen i Rogaland vidareført arbeidet med å sikra utvikling, kompetanse og kvalitet i sosialtenesta generelt og vore pådrivar for dei oppgåvne kommunane har knytt til innsatsen mot fattigdom. Samarbeide med NAV-fylke har vorte ført vidare knytt til embetet sitt arbeid med å vidareutvikle kvalifiseringsprogrammet. Andre oppgåver er knytt til områder som boligsosialt arbeid, utenrettsleg økonomisk rådgjeving og barn og unge. Tiltaka har hos fylkesmannen i Rogaland vore nært samordna med andre satsinger med overlappande målgrupper, så som rus og psykisk helsearbeid. Fylkesmannen har vidareført dialogen med kommunane bidra for å underbyggja partnerskapet og har delteke saman med NAV-fylke og KS i den regionale samordninga av NAV-reformen.

Det har i 2011 ikkje vore naudsynt for Fylkesmannen i Rogaland megle i tvistar mellom Arbeids- og velferdsetaten og kommunane når det gjeld avtale om felles, lokale NAV-kontor, jf. forskrift til arbeids- og velferdsforvaltningslova av 12. mars 2007.

Fylkesmannen har ein tett kontakt med kommunane i si områdeovervaking for å identifisere område med fare for svikt.

I tråd med St.meld. nr. 25 (2005–2006) Mestring, muligheter og mening har Fylkesmannen i Rogaland omfattande aktivitetar for at framtidas omsorgsutfordringar blir sett på dagsorden i kommunane.

Fylkesmannen har i 2011 følgt opp planarbeidet i ei rekke av kommunane i fylket. Fylkesmannen i Rogaland samarbeider med bl.a. KS og Husbanken for at alle tiltaka og delplanene i Omsorgsplan 2015 blir følgt opp som ein heilskapleg plan. behov.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 gitt Husbanken fagleg assistanse ved behandlingen av kommunane sine søknader for å sikre kvalitet på prosjekta. Fylkesmannen har bl.a. vurdert spørsmål som gjeld ordninga sine krav om at omsorgsplassane skal nyttas til personar med behov for heildøgns omsorg, og at omsorgsplassane skal være tilrettelagde for bebuarar med demens og kognitiv svikt slik det kjem fram i Demensplan 2015.

Gjennom dialog og formidling av kunnskap til kommunane har Fylkesmannen i Rogaland i samarbeid med fylkeskommunen følt opp Regjeringa si satsing på å styrke det lokale folkehelsearbeidet, jf.

Samhandlingsreforma. Fylkesmannen har merksemda si på at det forebyggjande helsearbeidet vert forankra i ordinære plan- og styringssystem og i arbeidet for å motvirke sosiale ulikskap i befolkninga sine levekår og helse. Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 fortsatt delteke i regionalt partnarskap for folkehelse.

Opptrappingsplanen for psykisk helse vart avslutta i 2008. Fylkesmannen har i 2011 likevel fortsatt si viktige rolle i å bistå kommunane innanfor psykisk helsearbeid, og i å fylgje med at satsinga i kommunane fortsett

Fylkesmannen i Rogaland bidreg gjennom si rusrådgjevarstilling til fortsatt innsats på rusfeltet og medverkar til at innsatsen i kommunane vert utvikla i tråd med intensjonene i opptrappingsplanen for rusfeltet.

Opptrappingsplanen er forlenga fram til 2012 og internt hos Fylkesmannen i Rogaland vert Rusarbeidet knyt tett opp mot arbeid innan det psykiske helsefeltet, NAV og samhandlingsreforma

Fylkesmannen i Rogaland sit som fast medlem i Hovedredningssentralen for sør-noreg si kollektive redningsleiing, og er gjennom dette involvert både i øvingar og større hendingar, ikke berre i vårt fylke, men i hele sør-noreg. (HRS-sør dekkjer omlag 90% av alle redningsoppdrag i Noreg) . 05.04.2011 : Konferanse i Stavanger i samarbeid med statens strålevern om radon og som involverte kommuner og helseforetak der temaet var sammenbrudd i støm- og telefoninettene.

Fylkesmannen hadde i 2011 eit omfattande arbeid retta mot kommunar, helseforetak, ramma og pårørande og mot den generelle befolkninga etter terroransлага 22. juli.

På helse- sosial og barnevernsfeltet har arbeidet særleg hatt fokus på dei store nasjonale satsingane som

Omsorgsplan 2015 kommunale plassar med heildøgnspleie og omsor

Av særlege forhold som gjeld Fylkesmannen i Rogaland, må det nemnast at tale på førarkortsaker auka med i alt 140% frå 2010 til 2011, og dette kom på toppen av ei betydeleg auke også åra før dette. For Fylkesmannen i Rogaland gjev dette ein svært dramatisk situasjon for Helse- og sosialavdelinga, med store krav til omstilling. Fleire arbeidsområde innan Helsedirektoratet sine oppgåver kunne ikkje prioriterast i samsvar med oppdraga i 2011. Særleg har dette gått ut over arbeidet med smittevern, folkehelsesatsinga, , habilitering og rehabilitering og det viktige arbeidet det er å førebu kommunane på samhandlingsreforma. Her har me ikkje makta å ha den utstrakte dialogen som dette krev, overfor kommunale tenester, helseforetak, kommunelegar og fastlegar. Fylkesmannen i Rogaland er dypt bekymra over at mest alle legeressursar ved avdelinga no går med på å handsama enkeltsaker, og at den breie smfunnsmedisinske rolla som Fylkesmannen har dermed går tapt. Me er redd for at dette også vil gi oss store problem med å rekruttera og behalde legar ved i embetet. I Rogaland er dette dessutan sær sårbart ut frå den rolla Fylkesmannen har som nasjonal forvaltar av oppgåver med helsekrav og tilsyn overfor petroleumsverksemda.

2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling

Tilsyn er Fylkesmannens si hovudoppgåve på barnevernområdet. Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane utfører dei oppgåvene dei er pålagt etter barnevernloven. I 2011 nutførte Fylkesmannen tilsyn med dei kommunale barnevernstestene i 3 kommunar i Fylket som del av det landsomfattande tilsynet med barnevernstestene. Tema for tilsynet var kommunen sitt arbeid med undersøkingar og evaluering av hjelpe tiltak til heimebuande barn.

Regjeringen styrka i 2011 det kommunale barnevernet med ei eiga tilskotsordning der midlar vart fordelt til kommunane etter søknad. Fylkesmannen fekk i oppdrag å handtere tilskotssordninga. Fylkesmannen i Rogaland hadde ei aktiv rettleiarrolle overfor kommunane i samband med søkerhendsaminga. Det vart tildelt 32 stillingar til kommunane i Rogaland, dei totale kostnadane var 19 318 000 kr. Av desse midlane gikk 14 970 000 kr til finansiering av stillingane og 4 342 400 kr til kompetansetiltak i kommunane.

Fylkesmannen fører tilsyn med institusjonar etter barnevernlova kap. 5 , jf. forskrift om tilsyn med barn i barneverninstitusjonar for omsorg og behandling. Gjennom individretta og systemretta tilsyn, medverkar Fylkesmannen i å sikre at rettstryggleiken for barn og unge vert ivareteke i samsvar med regelverket. Fylkesmannen i Rogaland gjennomfører også umeldte tilsyn i samsvar med tilsynsforskrifta § 8 annet ledd.

Tilsynet skal ha til føremål å sjå til at lovar og regelverk vert fylgt opp, og at barna får forsvarleg omsorg og behandling i institusjonen. Fylkesmannen i Roogaland legg vekt på å gjennomføre det planlagde tilsynet på eit tidspunkt der barna sjølv er tilstades, og det er eit mål å komme i dialog med kvart einskilt barn under sjølve tilsynet. I løpet av 2011 utarbeidde Statens helsetilsyn ein ny rettleiar for dei såkalla individtilsyna, vil Fylkesmannen i Rogaland implementera i 2012

Likestilling i planarbeidet

Gjennom kommuneplanarbeid, sektorplanar og til dels arealplanarbeid, er likestilling mellom kjønn, sosiale klassar, ulike funksjonsgrupper og nasjonalitetar aktuelle tema. Fylkesmannen i Rogaland har ikkje hatt eit særleg plan-fokus på dette ut over å sjå til at det vert lagt vekt på universell utforming og gode tiltak forn og unge i arealplanar. Det er likevel vårt intruykk at kommunane i Rogaland arbeider seriøst og godt også i kommuneplansamanheng med å jamne ut forskjellar og oppretthalde og skape gode levevilkår for alle grupper av befolkninga.

2.3.1 Samarbeid og samordning

Fylkesmannen har gjennom generell informasjon og rettleiing saman med spesifikke tiltak, motivert til heilskap og samarbeid når det gjeld barn og unge. I Utdanningsavdelinga sin kontakt med barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege og med PPT er slike spørsmål jamleg på dagsordenen. Også i delar av tilsynsarbeidet er samarbeid og samordning etterspurt, m.a. i tilsyn med kommunen som barnehagemynde. Vi har god kontakt med Bufetat, og vi har også dette året hatt foredrag om regelverket for grunnopplæringa på for tilsette i barnevernet. På oppmoding frå kommunane arrangerte vi saman med BUF-etat og helse- og sosialavdelinga her i embetet to samlingar (ei for sørfylket og ei i nordfylket) om regelverket knytt til barn i fosterheim. Den siste vart gjennomført no i februar 2012, med god deltaking både frå tilsette i barnevernet og i skolen, til saman mest 200 deltakrar.

Elles er betre samordning ei konkret målsetjing i prosjektet "Dei utfordrande barna", som vi også har omtalt i tidlegare rapportar. Prosjektet er retta mot barn i aldersgruppa 4-8 år og vart gjennomført med fire kommunar i første runde i 2005-2007 med utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen som prosjektleiar. Prosjektleiing og fagleg ansvar vart så lagt til UiS v/Senter for Afferdsforskning, og prosjektet er vidareført med fire nye kommunar i 2008- 2009 og ytterlegare fire i 2010-2011. Vi deltar i styringsgruppa og delfinansierer prosjektet. Det var avslutningskonferanse for den siste runden no i februar 2012, og det er ikkje tatt standpunkt til ev vidareføring enno. SAF meiner prosjektet er sentralt mtp tidleg hjelpe, men på grunn av endring i mandat og rolle for SAF (dei blir nasjonalt senter for læringsmiljø som oppfølging av Meld. St. nr 18 Læring og fellesskap), er det usikkert korleis oppgåveportefølgjen blir. Fylkesmannen har signalisert at vi gjerne er med på fleire rundar i prosjektet for å medverke til kompetanseutvikling i fleire kommunar.

Eit opplegg for samarbeid knytt til barn og unge med særleg store vanskar vart starta i fjar i samarbeid mellom kommunane på Nord-Jæren. I 2011 vart dette etablert som eit prosjekt der både barne- og ungdomspsykiatrien, Bufetat, fylkeskommunen, KS og Fylkesmannen no er med i tillegg til kommunane. Målet er å finne fram til tenleg samarbeid om tilgang på spisskompetanse når det gjeld samordna tilbod til desse barna.

Barnekonvensjonen har vore nemnt i drøftingar med kommunane i dei regionale nettverka på barnehageområdet (sjå resultatområde 33.3), men det må vedgåast at vi ikkje har hatt noko særskilt fokus på implementering av konvensjon i 2011. I 2012 er det planlagt å gjennomføre ei kartlegging av korleis kommunane har implementert konvensjonen for å medverke til sterkare medvit om konvensjonen i kommunane.

Elles nemner vi at Utdanningsavdelinga sjølv sagt medverkar i samband med planarbeid (kommuneplanar, fylkesdelplanar, reguléringsplanar) som andre avdelingar i embetet har hovudansvar for, med særleg soknjelys mot korleis barn og unge er ivaretakne i samfunnssdelen i overordna planverk.

2.3.3 Barnehage

Implementering av nye reglar knytte til likeverdig økonomisk behandling har kravd mykje ressursar i 2011, både når det gjeld informasjon og rettleiing og klagebehandling. Det har vore mange førespurnader om likeverdig økonomisk behandling frå kommunane, private barnehageeigarar, private interesseorganisasjonar (PBL), og direkte frå foreldregruppa. Temaet har vore på dagsordenen i dei faste nettverka med kommunane (sjå resultatområde 33.3) saman med annan informasjon om nasjonale styringssignal, og det har vore arrangert fagsamling for kommunane. Vi har også utvikla ei eiga side om barnehagetilkottet, og førespurnader pr telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt.

Fylkesmannen opplever at Private Barnehagers Landsforbund markerer seg sterkt, også med krav om at Fylkesmannen utfører tilsyn på dette feltet i namngitte kommunar. Ei konkret klagesak frå ein Espira-barnehage førte både i 2010 og i 2011 til særleg mykje arbeid, dette året på grunn på grunn at saka vart brukt som utgangspunkt for eit program i NRK Brennpunkt.

Vi arbeider stadig med å sikre kompetansen i embetet på dette området, og vi må ha god tilgang både på juridisk, økonomisk og barnehagefagleg kompetanse og samhandling for å løyse oppdraget på forsvarleg vis. Mange spørsmål gjeld prinsipielle forhold, og det har vore naudsynt å be om avklaring frå departementet ved fleire høve.

Det merkast godt at også kommunane slit med kompetansen her. Men vi meiner nok å ha observert at kommunane, uavhengig av kompetansesituasjonen, til ein viss grad har endra tilnærminga si i samband med at tilskottet skal baserast på budsjett-tala for kommunale barnehagar. Eit døme kan vere handlingsrommet knytt til dei to ulike definisjonane på når eit barn er rekna som over og under tre år. Der kommunane tidligare gjorde prioriteringar baserte på kvalitet her, synest det no som om omsynet til dei økonomiske faktorane og effekten for tilskottet til dei private barnehagane, tel meir. Elles har vi merka oss ein auke i førespurnader frå foreldregruppa knytt til kvalitet i barnehagen. Dette er ei utvikling det er naudsynt å følgje nøye.

Fleire kommunar i fylket vurderer å innføre kommunal kontantstøtte for toåringane, og hovudargumentet er at ei slik ordning vil vere rimelegare for kommunen enn barnehageplassar.

Vi har også kommunar som vel å avvikle barnehageplassar framfor å tilby dei til barn utan rett etter 12a (dei såkalla ”null-åringane”), også dette av økonomiske årsaker.

Delar av Rogaland har tett busetnad på tvers av kommunegrenser, t.d. på Nord-Jæren. Det er ikkje uvanleg å bu i ein kommune, jobbe i ein annan og ha barnehageplass i ein tredje. Det har vore ei stor utbygging av private barnehagar, særleg i tilknyting til dei mest folkerike kommunane, der også avstanden er minst. Dagens regelverk, med rett til godkjenning etter § 6 i barnehagelova og fridom for dei private eigarane til å tilby plass uavhengig av retten etter § 12a, er ei stor utfordring i høve til kommunane si planlegging på dette feltet. Ein kommune kan godkjenne ein ny barnehage utan å gi tilskott, og barnehagen kan gi barnehageplass til barn frå andre kommunar med eller utan rett og dermed få tilskott gjennom refusjonsplikta. Kommunar med full dekning og ”kontroll på sektoren” kan dermed kome i ein situasjon med overkapasitet på grunn av utbygging i nabokommunen. Slik vi forstår det, opplever mange kommunar at situasjonen som mindre føresieleg enn før.

Rogaland har hatt og har store utfordringar når det gjeld kompetanse i barnehagen. Totalt var det gitt dispensasjon for 537 personar fordelt på 459 heile stillingar, 11 av desse var dispensasjon for styrar. Etter vårt syn er desse tala for låge, fordi fleire kommunar ikkje innfrir kravet i lova etter presiseringa i rundskriv F-04/2011. I tillegg har fleire og fleire av dei på dispensasjon, lita eller inga formell utdanning. Det er verd å merkje seg at dette gjeld både små og store barnehagar. Svært mange barn har såleis eit barnehagetilbod utan kvalifisert personale.

Kommunane har med ulike tiltak prøvd å betre forholda. Etter vårt skjønn arbeider dei godt med å prøve å skaffe kvalifisert personell, men talet på dispensasjonar aukar likevel.

Kommunane rapporterer at dei opplever ”å ikkje ha noko val” når det gjeld å gi dispensasjonar. Det er ikkje nok førskolelærarar, og kommunane treng barnehageplassane. Vi har døme på barnehagar som har 95% av fagstillingane på dispensasjon frå utdanningskravet, og det er ikkje uvanleg at over halvparten av pedagogstillingane er på dispensasjon.

Fylkesmannen forstår kommunane sitt dilemma, men vi er urolege for kvaliteten. Vi får stadig fleire spørsmål frå foreldre som ikkje er fornøgde med kvaliteten på barnehagetilbodet.

Rogaland og regionen er prega av sterk etterspørsel frå oljeindustrien med lønnsvilkår det er utfordrande å konkurrere med. Vi har deltatt saman med fem andre fylke i rekrutteringsprosjektet, og gjennomført fleire tiltak i tråd med KD sin handlingsplan for rekruttering. Trass innsatsen er kompetansesituasjonen særskilt vanskeleg. Det er framleis få søkerar til utdanninga, mange som ikkje fullfører, og også mange som vel å jobbe i andre sektorar når dei er ferdig utdanna. Universitetet i Stavanger har overkapasitet på etter- og vidareutdanningstilboda.

Det er i 2011 ført tilsyn med fem kommunar etter systemrevisjonsmetoden. Tema for tilsyna har, som tidligare år, vore kommunen som godkjenningsmynde og kommunen sitt tilsyn med barnehagane. I tillegg er det ført tilsyn

med den pedagogiske bemanninga, barnehagelova §§ 17-18. Det er gitt avvik i alle kommunane. Avvika er knytte til mangelfulle rutinar og gjennomføring av tilsyn med barnehagane, at dispensasjon frå utdanningskravet ikkje vert behandla i samsvar med barnehagelova og at det var vesentlege forvaltningsmessige manglar i vedtaka. Vi har også ført tilsyn etter opplæringslova § 5-7 og finn dei same forvaltningsmessige avvika på dette feltet. Erfaringane frå tilsyna gjer at vi i 2012 gjennomfører ei samlingar for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane om forvaltningsrett og krav til vedtak med utgangspunkt i tilsyna og dei avvika som vart funne.

2.3.4 Utdanning

Tilsyn har vore den sentrale oppgåva på utdanningsfeltet også dette året. Høg turnover i avdelinga dei siste åra har gitt særlege utfordringar på dette feltet, og vi gjennomførte intern kompetanseutvikling for alle medarbeidarane i løpet av vårsemesteret. Det nasjonale tilsynet er gjennomført med same tema som i fjor (skolane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø), med omfang som føresett frå direktoratet. Kommunane og skolane har gitt positive reaksjonar på tema og metode, og det er vårt klare inntrykk at tilsynsobjekta ønskjer å rette dei lovbrota som blir avdekte. Både i felles nasjonalt tilsyn og i anna tilsyn opplever vi at nokre skoleeigar har utfordringar knytte til å følgje opp pålegg på grunn av svak skolefagleg kompetanse. Rettleiingsarbeidet blir også krevjande i slike høve. Så tar vi med at det etter vår erfaring framleis er behov for å føre tilsyn med skoleeigarane når det gjeld ivaretaking av rettar for elevar som i utgangspunktet stiller svakt, t.d. rett til spesialundervisning og rett til særskilt norskopplæring. Oppdrag og ressursar gjer det krevjande å finne rom for dette. Vi nemner også at det er gjennomført møte med to kommunar for å "førebyggje" tilsyn. I begge desse tilfella fekk vi informasjon i samband med klagebehandling som gjorde det nødvendig å gi kommunen "an offer they couldn't refuse" - alternativet ville vere eit hendingsbasert tilsyn. Begge kommunane godtok rettleiingstilbodet. Vi vil også peike på at vi erfarer større behov for å følgje opp tilsyn over tid. Det er urovekkjande når nokre skoleeigarar får same pålegg ved fleire tilsyn på same området når dei ved kvart tilsyn har meldt frå om retting. Vi prøver å følgje opp både ved konkrete oppfølgingstilsyn etter ei tid og ved ulike rettleiingstiltak. Mange skoleeigarar ber om "kurs" og samlingar for alle rektorane, PPT, m.fl. etter eit tilsyn, for å gjennomgå regelverk og lovforståing på tilsynsfeltet. Etter vårt skjøn er slike samlingar svært nyttelege - deltakarane er motiverte og "læringsutbytet" godt fordi gjennomgangen blir relatert til deira eigen praksis. Elles er det ikkje råd å peike på felles kjenneteiken for kommunar som har fått avvik/pålegg. I løpet av dei åra vi har ført tilsyn med skoleeigarane (vi starta forsiktig i 2002), er det berre to kommunar som ikkje har fått avvik, og det er to av dei minste kommunane i fylket. Tilsynsarbeidet er omtalt i kapittel 3, resultatområde 31.1.

Søkjelys på elevane sitt psykososiale miljø gjennom det nasjonale tilsynet har ført til ein liten auke i klagesaker på dette feltet. I tillegg har vi bruk mykje ressursar på informasjon og rådgiving i fleire saker som til no ikkje har enda som klagesaker. På bakgrunn av behov for kompetanseutvikling i avdelinga på dette området, hadde vi eit møte med SAF (Senter for Atferdsforskning vUiS) i desember 2010. Dette møtet gjorde at vi i 2011 tok initiativ til eit kompetanseutviklingsprosjekt for alle embeta i samarbeid med Udir, og dette prosjektet er no i gang (sjå lenke i kap 3, 31.2). Denne arbeidsmåten meiner vi er tenleg kompetansebygging for alle embeta for å sikre felles lovforståing og likebehandling i klagesaker på kompliserte felt.

Når det gjeld utviklingsretta oppgåver i oppdraget, vil vi nemne at vi her i Rogaland har hatt eit svært godt samarbeid i GNIST-partnarskapen. Etter initiativ frå Fylkesmannen greidde vi i 2010 å etablere ei prosjekteiarstilling for satsinga. Dette har vore ein suksessfaktor for å halde kontinuitet og "trøkk" i dette arbeidet. Alle kommunane har betalt inn 50 øre pr innbyggjar, og Fylkesmannen og dei andre partane har bidratt med konkrete summar (Fylkesmannen har lagt mest "i potten"). Det vart også søkt om og tildelt RUP-midlar. Det er laga eigen strategi og handlingsplan for RogalandsGNISTen, og det er oppretta GNIST-kontaktar i alle kommunane. Det er sjølv sagt for tidleg å konkludere når det gjeld resultat av dette samarbeidet, men vi meiner at både auke i søkerjartala til lærarutdanninga her i fylket og betre deltaking i Kompetanse for kvalitet dette året kan ha samanheng med satsinga vår.

Utviklingsoppgåver elles og informasjons- og rettleiingsarbeid er nærmare omtalt i kap 3.

2.4 Arealdisponering og byggesaker

Generelt om arealplanarbeid

Fylkesmannen i Rogaland har gjennom kurs, møter og aktiv bruk av heimesida samt direkte vegleing, hatt eit sterkt fokus på formidling av Nasjonale forventningar inn i alt planarbeid og særleg inn i regional og kommunale planstrategiar. Fylkesmannen sjølv og andre har dessutan også deltatt på politikaropplæring når kommunane har bedt oss om det og me har lagt særleg vekt på å få eit godt forhold i til dei nye ordførarane (17 av 26).

Arbeid med planer etter pbl er svært krevjande i Rogaland, og embetet hadde i 2010/2011 ein gjennomgang som førte til ei justering av organiseringa av dette sektorovergripande arbeidet. Miljøvernnavdelinga har frå februar 2011 vore planfaglig ansvarlig avdeling i embetet vår og plankoordinatorstillinga vart flytta til dei frå forvaltningsavdelinga. Plankoordinatorstillinga sto vakant fra medio september grunnet manglende økonomiske ressurser på miljøvernnavdelinga og embetet. Me har no plankoordinator og 3 medarbeidere som arbeider fulltid med plansaker i miljøvernnavdelinga i lag med 3 på landbruksavdelinga og ein på forvaltningsavdeling tilknytt beredskap. Desse 8 medarbeiderne arbeider tett i lag på tvers av avdelingene for å løyse embetet sine oppgåver innan kommune- og regionalplanarbeid. Kommunane si kostraraporteing på arealplan- og dispensasjonsområdet gjev ein god peikepinn på det ekstremt høge arbeidspresset som er på dette området for både kommunar og regional nivå i Rogaland. Det er ut fra saksmengda utfordrende å halde planarbeidet på et fornuftig nivå i forhold til andre oppgaver i embetet. Me satser videre på et godt samarbeid med fylkeskommuen for å dekke opp regionale og nasjonale interesser i kommunalt arealplanarbeid. I praksis skjer dette gjennom at me og fylkeskommunen prioriterer ulike typer plansaker og at me samarbeider tett på sakshandsamarnivå. Vidare samarbeider me i planarbeidet gjennom å halde felles kurs for kommunane, i planforum og i regionalplanprosessar m.m.. Det er tidlegare anslått at me sparar samla omlag 3 stillingar på dette med størst effekt hos fylkeskommunen. Det fører sjøvlsagt og til at nokre saker, særleg innan by- og tettstadutvikling, vert teke for lett på i forhold til nasjonale interesser. I lag med Fylkeskommunen prøver me no å trekke vegvesenet sterkare inn i dette plannettverket på arealsida.

Arealplanlegging i sjø

Det er og eit tett og godt samarbeid på regional nivå i Rogaland om areal i sjø, som blir forsterka gjennom planforum og gjennom nettverksarbeid mellom sakshandsamarar innan statleg regionale organ som har ansvar for havbruk (mattilsynet, fiskeridirektoratet, kystverket, fylkeskommunen og fylkesmannen) : det er eit behov for avklaringar og utvikling av felles praksis med tanke på forhold i grenseområda mellom plan- og bygningslova, akvakulturlova, havressurslova, naturmangfaldlova og havne og farvannslova, evt anna lovverk som har konsekvensar for arealbruk i sjø.

Ut frå at akvakulturetableringar i sjø skjer ut frå særlovverk og ikkje ut frå pbl, har me utfordringar i forhold til å få eit konsekvensvurderingssystem som tilsvavarar plansakshandsaming på land i større akvakulturkonsesjonar.

Andre arealrelaterte oppgåer

Når det gjeld samfunnsikkerhet, naturvern, prioriterte artar og naturtypar, skog- og jordvern samt byggesak, sjå under dei einskilde resultatområde.

Byggjesaker

Det er framleis ein svært stor utfordring for oss å handtere menga av klageesaker frå vårt og andre fylke innan rimeleg tid. Sjå meir detaljert rapportering under resultatområde.

2.5 Landbruksforvaltning, næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksforvalting og næringsutvikling:

Rogaland har ei dominerande rolle innanfor husdyrbasert matproduksjon og i produksjon av grønsaker i vekstus,

matfylke nr.1. Rogaland er eit utprega grasfylke, 95% av jordbruksarealet blir bruk til eng (omlag 60%) og beite(omlag 40%). Fylket har omlag 10% av jordbruksarealet i landet og står for omlag 20 % av grovförbasert husdyrproduksjon og omlag 30% av kraftförbasert husdyrproduksjon. Slaktekylling er den produksjonen som har hatt størst auke dei siste åra, og auken ser ut til å halde fram, då fleire nye bygg for slaktekylling er under oppføring. Auken i kraftförbaserte produksjonar har funne stad utan stimulans og støtte frå offentlege verkemiddel. Mjølkeproduksjonen blir rekna som ein hovudpilar i grunnlaget for å halde oppe eit aktivt landbruk i alle deler av fylket. Fylkesmannen er derfor uro over at virkemidla som vi rår over regionalt ikkje synes å vere kraftige nok til å motverke at mjølka flyt frå distrikta til sentrale område på Jæren. Produksjonsvillen og pågangsmotet blandt jærbønder er veldig positivt for jordbruket ikkje bare i Rogaland , men for heile norsk landbruk. Når vi likevel er uroa over flyttinga av produksjonsvolum av mjølk frå distrikta til Jæren, skuldast dette både at produksjonsflyttinga betyr svakare utnytting av grasressursane i distrikta, og dermed reduksjon i matproduksjonen på lokalt ressursgrunnlag, og redusert grunnlag for verdiskaping i distrikta. Deltakarane i den regionale partnarskapen har stått saman om å nytte 70 % av investingsmidla i BU- ordninga utanom jærkommunane, og såleis berre 30 % i jærkommunane. Ramma for investeringsstøtte er for lita, og det er mange bønder som opplever at økonomien på garden har blitt mykje dårligare enn venta etter at bruksutbygginga er gjennomført. Viljen til å investere i fornying av driftsapparatet er jamnt over mykje mindre i distrikta enn på Jæren, og det er derfor nødvendig å nytte høgaste sats for å utløyse investeringa. Sjølv om øvre grense for investeringsstøtte blei auka til 950.000, er det framleis mange som ikkje finn det økonomisk forsvarleg å investere i nybygg, spesielt i dei tilfella der dei naturgitte tilhøva ikkje ligg til rette for utnytting av stordriftsfordeler. Dersom det skal vere mogeleg å nå målet om å halda oppe ein variert bruksstruktur i mjølkeproduksjonen over tid, må samla beløp til investeringsstøtte aukast monaleg. Det er vanskeleg å forstå og å forsvare at Rogaland berre får 8% av investingsmidlane som blir løyvd på landsbasis. Denne strame tildelinga av investeringsstøtte fører til at det meste av fornyinga av driftsbygg skjer på bruk som investerer for produksjonsvolum heilt i øvre delen av dagens tillatte kvotevolum.

Framtida for jordbruket i Rogaland er sterkt påverka av den sterke veksten som vi opplever i anna næringsliv i fylket vårt. Trong for fleire bustadar, meir areal til næringsetableringar, ulike tenestetilbod og ikkje minst til vegar og andre samferdsletilbod fører til årleg omdisponering av mykje jordbruksareal av svært god kvalitet i beste klimasone. Det vil ikkje vere rom for å å ta vår del av den nødvendige auken i matproduksjonen dersom omdisponeringa av jord til andre formål skal halde fram. Konkurransen om den beste arbeidskrafta er også ei stor utfordring for landbruket i fylket vårt. Dersom ikkje unge bønder som set inn stor arbeids- og kapitalinnsats i gardsdrifta opplever å få igjen eit økonomisk vederlag som er betre enn i dag, kan det om kort tid bli vanskeleg å dekkje innanlands etterspurnad etter både mjølk og storfekjøt. Ingen kan ta for gitt at bonden vil halde fram som matprodusent dersom ikkje grunnlaget for lønsemd blir monaleg betra.

Rogaland er eit lite skogfylke, men skogen har likevel stor verdi både for verdiskapinga i distrikta og i klimasamanheng. Forvaltinga av skogressursane i fylket er ikkje berekraftig. Ung granskog blir overavverka, det blir ikkje bygd tilstrekkelig med skogsvegar for å kunne ta ut meir skog i høgste hogstklasse og forynginga med kvalitetsskog skjer ikkje i tilstrekkeleg omfang. Eigarstrukturen, med mange småeigarar, er ein viktig årsak til at det er liten interesse for god skogforvalting frå skogeigarane si side. Vidare ser vi med uro på at skogfagleg kapasitet og kompetanse i mange av kommunane er for liten til å løyse oppgåvene som ligg til kommunane.

Landbruksavdelinga har tett oppfølging av kommunane sine tilsette innanfor landbruksforvaltinga. I fleire kommunar ser vi at tilsette som arbeider med landbruksoppgåver får stadig fleire andre oppgåver i tillegg. Resultater blir redusert kapasitet på landbruksområdet, og etter kvart også svekka kompetanse.

I samarbeid med Innovasjon Norge Rogaland og kommunar i distrikta har Fylkesmannen gjennom fleire år hatt fire medarbeidarar som har arbeidd med næringsutvikling ute i distrikta, ein i Dalane, ein på Haugalandet, ein i Ytre Ryfylke og ein i Indre Ryfylke. Medarbeidarane er tilsette hos Fylkesmannen, men samarbeidspartnerane deltek med finansieringa. Tilsette innanfor landbruksforvaltinga i kommunane har i liten grad kapasitet til å drive direkte næringsutvikling gjennom oppfølging av etablerar og utviklarar.

Dei mest sentrale utviklingstrekka og drivkreftene i landbruket i fylket vårt er i store trekk dei same som vi har rapportert om tidlegare år; sentraliseringa av mjølkeproduksjonen, rekrutteringa til landbruket – spesielt til dei mest arbeids- og kapitalintensive produksjonane og miljøutfordringane med vassforskrifta og revisjon av reglar om husdyrgjødsel

Hovedutfordringane som er nærmare omtalte i Kap 3 under rapporteringa til LMD kan samanfattast slik:

- Rogaland bygger ned mest jordbruksjord, toppar fylkeslista i 2009 og 2010. Fylket vårt vil ligge høgt oppe i fleire år framover, basert på vedtatte kommuneplanar
- Strukturendringane i husdyrproduksjonane er tydelige, og utviklingen går fort.

- Groförbaserte husdyrproduksjoner øker mest på Jæren, stagnasjon og tilbakegang i de øvrige regionane
- Kraftförbaserte produksjoner øker mest på Jæren.
- Stor hogstaktivitet i skogbruket, overavvirkning av granskog.
- Lite berekraftig forvalting av skogen gjennom hogst av ung skog og manglende nyplanting etter hogst
- Meir krevjande å føre god kontroll med tilskotsordningane

Generelt for miljøvernnavdelinga:

Fylkesmannen i Rogaland får, gjennom flinke folk, godt samarbeid og god samordning på tvers av fagavdelingar, gjort mykje god arbeid med miljøvernforvaltning. Me vil særleg særlig framheve godt samarbeid samarbeid og arbeidsdeling mellom miljøvern- og landbruksavdelinga innan viktige miljøutfordringer som jordvern, kulturlandskap, ATP-planleggging og planarbeid generelt, vanndirektivsarbeid og fornybar energi.

Likeså får vi gjort svært mye i verneområdene, takket være meget godt samarbeid med lokalt SNO-personell.

Rogaland er et aktivt fylke med sterk folkevekst. Det skjer noko over alt og det er stort press på areala. Embetet samla og Miljøvernnavdelinga får gjort mye, men har relativt sett for små ressurser på dette fagområdet i forhold til saksmengde og konfliktnivå. Dette viser også i regnskapet som overforbruk / sviktende inntekt (gebyr) på rundt en halv million i forhold til budsjett. I 2011 hadde miljøvernnavdelingen 8 av 28 stillinger på miljøvernnavdelingen som er finansiert av midler utenom grunnbevilgningen – 3 av disse er tilsynspersonell. Gebyrinntektene fra tilsyn dekker på langt nær arbeidsmengden og kostnadene for embetet. Grad av lønn som blir hentet utanfor 1510 gjør oss personellmessig sårbarere og arbeidssituasjonen blir usikker. Det er behov for en nøye gjennomgang av finansiering av pålagde miljøvernoppgaver og også en vurdering i forhold tilfordeling mellom fylker ut fra saksmenge og utfordringer.

Vi har hatt lite personellutskifting, lite sjukdom og noe normal permisjonsaktivitet. Vi er i likestillingens navn stolte av at kvinnene på miljøvernnavdelingen har lite sykefravær og at våre unge menn tar ut store deler av foreldrepermisjon ved fødsel. Vi har en god blanding av alder og kjønn, men ser av søkermasse og utviklingen i embetet for øvrig at vi må være bevisste på å holde andelen menn oppe ved nytilsettinger. Vi har gode søker til stillingene, men må strekke oss i lønn for å kunne konkurrere med vegvesenet, kommunene og andre i denne regionen som har et generelt høyt løinsnivå.

En dyktig senior er konstituert i stillingen som leder av naturseksjonen ut fra at vi ikke har ledige stillingsressurser til å lyse den ut.

Miljøvernnavdelingen er fra februar 2011 planfaglig ansvarlig avdeling og plankoordinatorstillingen er flyttet fra forvaltningsavdelingen. Det er eit krevande ansvar som ressurmessig går ut over andre oppgåver i avdelinga.

Plankoordinatorstilling var vakant fra medio september og ut året grunna manglende økonomiske ressurser på avdelinga. Miljøvernnavdelinga har ytterligare 3 medarbeidarar som arbeider fulltid med plansaker i lag med med 3 medarbeidarar på landbruksavdelinga og en på forvaltningsavdelinga inkl beredskap. Disse 8 medarbeiderane arbeider tett på tvers av avdelingane for å løyse embetet sine samla oppgaver innen kommune- og regionalplanarbeid.

Fylkesmannen registrerer at stadig fleire bønder er sterkt missnøgde med lønsemda i jordbruket. Trass i at jordbruksavtalane med noverande regjering har gitt betre utteljing for bøndene enn i periodar tidlegare, blir det gitt tydeleg uttrykk for at jordbruket inntektsmessig heng for langt etter andre næringar og yrkesgrupper. Det kjem også tydeleg fram at mange av dei som har gått gjennom stor omstilling i mjølkeproduksjonen for å kunne ta ut venta stordriftsfordeler gjennom etablering av samdrift eller gjennom kjøp/leige av tilleggskvote, gir uttrykk for at omstillinga ikkje har ført til betra økonomi på garden. Det er absolutt grunn til å uroe seg over denne situasjonen. Missnøya med inntektpotensialet vil tvillaust kunne gå ut over framtidig rekruttering til mjølkeproduksjonsbruk. I verste fall kan det også føre til at fleire produsentar raskare sluttar av i staden for å fornye driftsapparatet på bruket, og at det ikkje er andre mjølkeprodusentar som ser gevinst i å overta det produksjonsvolumet som då blir ledig. Dermed kan vi innan kort tid kome til å oppleve større nedgang i samla produksjonsvolum også av mjølk i Rogaland, med dei verknadane dette vil få både for forsyningssituasjonen innanlands, for kapasitetsutnyttinga i foredlingsleddet og dermed på evna til å oppnå målpris til produsentane. Siste året er det fleire store produsentar av storfekjøt som har slutta av og lagt om til annan bruk av areal og bygningar. Årsaken blir oppgitt å vere for svak lønsemrd.

Det er liten vilje til å selje jordbruksalet når drifta blir lagt ned og gardsbruk opphøyretr som sjølvstendige bruk. Jorda blir heller leigd bort til aktive bruk, og leigedelen utgjer ein stor del av samla arealgrunnlag på dei fleste aktive brukta, spesielt i dei sentrale kommunane på Jæren. med få unnatak er det grunn til å hevde at leigejorda blir dårlegare vedlikehalden enn eiga jord. Det er så langt for tidleg å kunne sjå om innføring av 10årsregelen for leigeavtalar har verknad på korleis jorda blir stelt med grøfting, kalking, gjerdehald m.m.

Når det gjeld regelverkforvaltinga, opplever Fylkesmannen at det er stor forståing og respekt for gjeldande regelverk i næringa. Likevel ser vi at nokre produsentar lar seg friste til å prøve å omga eller tøye regelverket langt for å oppnå økonomisk gevinst. Nokre kommunar har lagt seg til ein meir liberal praksis enn andre av ulike ordningar, spesielt gjeld dette der regelverket gir rom for skjønsutøving. Vi ser ofte at politisk nivå i desse kommunane gir medhold i klage på avslag etter administrativt avslag. Dette gjeld deling og omdisponering etter jordlova, priskontrollen i konsesjonslova, nydyrkning og tiltak i kulturlandskapet. Det er også noko ulik praksis på fagleg/administrativt nivå mellom kommunar.

Tilsette i kommunane gir uttrykk for at kontrollloppgåvene knytt til tilskotsordninga er krevjande, og at

omlegginga til meir risikobasert kontroll er utfordrande. Fleire av ordningane er kompliserte, og det krevst både meir kompetanse og kapasitet å gjennomføre godt kontrollarbeid enn kva dei meiner å rå over. I tillegg kvir mange seg for å gå inn på risikobaserte kontollar, då denne metoden i seg sjølv signaliserer at kommunen har grunngitt misstanke om at det kan vere brudd på regelverket.

Beitebruk og tapsstatistikk

I statistikken for organisert beitebruk 2011 utgjer tapa 4,99% for lam og 2,06 % for sau. Det har vore ein auke i tapa på lam dette året, og ut frå rapportane til beitelaga er forklaringa at fleire lam har dauda av sjukdomen alveld. Rogaland er likevel det fylket med lågast tapsprosent. Mange sauebønder har store beiteareal heime på garden, og dette er hovedforklaringa på at tilslutnaden til organisert beitebruk er relativt låg i Rogaland.

Sekretariat for rovviltnemnda

Fylkesmannen i Rogaland har sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda i Region 1 (Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane). Landbruksavdelinga samarbeider med miljøvernnavdelinga om dette arbeidet.

Husdyrkonsesjon- svin og fjørfe

Fylkesmannen gjennomførte kontroll hos ti eggprodusentar der vi bad produsentane senda inn kopi av alle bilag på kjøp av verpeklare høner og kraftfør for åra 2008, 2009 og 2010 samt innsending av kopi av næringsoppgåver for 2008 og 2009. Med grunnlag i dei innsende opplysningane kunne Fylkesmannen konkludera med at hønetalet på bruka var i samsvar med husdyrkonsesjonsregelverket.

På slutten av året gjennomførte Fylkesmannen fysisk kontroll hos ein produsent som er satellitt i purkering og ein produsent med kombinert svineproduksjon. I begge tilfella var talet på avlspurker monaleg over konsesjonsgrensa. Begge har fått varsel om innbetaling av standardisert erstatning, og vedtak vil bli gjort tidleg i 2012.

Med bakgrunn i opplysningar i Landbruksforvaltinga sin informasjonsbase (LIB) sende Fylkesmannen ut brev til 50 produsentar med ervervsmessig husdyrhald. Breva galde den såkalla 15%-regelen om at det er lovleg å produsera inntil 15% over konsesjonsgrensa/tildelt konsesjon det eine året mot at produksjonen blir redusert tilsvarende året etter. Vidare behandla Fylkesmannen 12 saker etter denne bestemmelsen med ein samla økonomisk reaksjon (standardisert erstating) på i alt kr 230.775.

Veterinære reiser

Rogaland har i 2011 behandlet 132 søknader og utbetalt kr 2.235.930 i tilskudd til veterinære reiser i.h.h.t jordbruksavtalen.

Tilskudd til kommunale veterinærtjenester

Rogaland fikk i 2011 tildelt kr 7 743 816 til kommunale veterinærtjenester. 9 kommuner har ansvaret for de ulike vaktdistrikte. Forbruket i 2011 var kr 7 718 056. Stimuleringstilskudd er ikke aktuelt i Rogaland.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent	Total tapsprosent	
	Sau	Lam			Sau	Lam
FMRO	41359	61411	21,6	2,06	4,99	3,2
Sum	41359	61411	0	0	0	3,32

21.2 Skogbruk

Rogalandsskogbruket er sett på dagsorden gjennom ein rekke regionale planar, no seinast vedteken Regionalplan for landbruket i Rogaland. Eit aktivt skogbruk med fokus på verdiskaping og klima er sentralt i alle planane.

Utfordringar

Det blir tydelegare for kvart år at hovudutfordringa for gjennomføring av nasjonal og regional skogpolitikk er manglande kompetanse og ressursar i kommunane. Kommunane er førstelinje i skogforvaltinga, og når den ikkje fungerer godt, vil heller ikkje resten av forvaltinga kunna gjera ein god jobb. Fylkesmannen har fleire kurs og samlingar tilrettelagt for kommunal skogforvaltning, og vi har omfattande kontakt med kommunane gjennom året. Effekten av dette arbeidet blir mindre når stillingsbrøkane er små og skogkompetansen manglar. Resultatet

er at skogforvaltningsarbeidet blir nedprioritert.

Kysts kogbruket

Rogaland er ein del av nettverket Kysts kogbruket. Kysts kogbruknettverket saman med løyvinga til kysts kogbruket over statsbudsjettet gjer det mogleg å satse vesentleg meir enn det elles ville vore mogleg å få til. Samarbeidet over fylkesgrensene gjer også at arbeidet blir meir kostnadseffektivt og kompetansehevande.

Hovudutfordringa framover blir å prioritere ressursbruk inn mot dei viktigaste tiltaka og omsetje dette i praktisk handling.

Hogst

Hogsten dei siste 4 åra stabilisert seg på eit høgt nivå og utgjer 100 000 m³. Dette er ei dobling av hogstaktiviteten samanlikna med tidlegare år. Førstehandsverdien utgjer i overkant av 30 mill kroner.

Gran utgjer heile 80 % av all innrapportert hogst, og hovudtyngda skjer i ung hogstklasse fire. Granskogen i fylket blir kraftig overavverka.

Hogst av ung granskog er ei stor utfordring av fleire grunnar: 1) lønnsemada for skogeigar blir unormalt låg fordi både kvalitet og kvantum blir langt under det optimale. 2) verdiskapinga for samfunnet blir unormalt låg, 3) framtidig hogstkvantum vil måtta reduserast dramatisk og 4) lagringskapasiteten av CO₂ blir svært låg i forhold til det optimale.

Utviklinga vi no ser er ikkje berekraftig utnytting av dei beste skogareala og den beste skogen med tanke på optimal verdiskaping og størst mogleg CO₂-binding. Fylkesmannen meiner det er nødvendig med endringar i skogbrukslovgivinga for å sikra at samfunnet på nytt kan sikre berekraftig næringsmessig bruk av skogareala - og skogen kan fungere meir optimalt som positiv faktor i klimasamanheng.

Juletrefylket Rogaland kan også vise til høg aktivitet med i alt 125 000 juletre innrapportert til VSOP i 2011 som er ein nedgang med 35 000 juletre samanlikna med toppåret i 2010. Dette er likevel eit høgt tal samanlikna med få år tilbake. Førstehandsverdien utgjer 20 mill kroner i 2011.

Skogkultur

Det er framleis ei urovekkande utvikling i haldningane til å sikre framtida med kvalitetsskog og høg CO₂-binding.

Planting har gått ned frå 1500 daa til 1200 daa i 2011. Avskoging av dei beste skogareala med den beste skogen held altså fram i stort tempo. Dette skjer trass i at Fylkesmannen på fleire vis har prøvd å snu utviklinga, bl.a. stort fokus på kontroll (180 hogstflater kontrollert 2010/2011) og eige skriftelg opplegg for oppfølging. Vi opplever at fleirtalet av kommunane har eit "avslappa" forhold til denne utviklinga.

Med rekordstor hogstaktivitet dei siste 5 åra er det oppstått eit stadig større avvik mellom snauhogd areal, og det som faktisk blir forynga med kvalitetsskog. Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep på 10 000 daa, tilsvarer ei årleg total planteinvestering på minimum 3500 – 4000 daa dei første tre til fem åra. Førebelse tal frå landskogtakseringa viser eit areal utan forynging (hogstklasse 1) på 42 000 daa. Dette viser at vårt nøkterne vurdering av plantebehov er svært lågt, dersom tala i den førebelse rapporten blir ståande.

Aktivitet planting siste 5 år:

- 2007→ 980 daa
- 2008→ 870 daa
- 2009→ 1120 daa
- 2010→ 1480 daa
- 2011→ 1210 daa

Investeringane i ungskogpleie har gått kraftig ned i 2011 og er det lågaste nivået som er registrert nokon gong, med unntak av 2003 då det ikkje var tilskot til ungskogpleie. Det er også her eit stort etterslep. Aktiviteten burde vore på minimum 3000 - 4000 daa for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO₂-binding. Ein stor del av arbeidet blir utført av utanlandsk arbeidskraft, organisert gjennom næringa og kommunane. Det finst utanlandsk arbeidskraft som kunne vore utnytta enda betre, men dette fordrar at kommunane skaffar rasjonelle oppdrag.

Aktivitet ungskogpleie siste 5 år:

- 2007→ 1600 daa
- 2008→ 2200 daa
- 2009→ 2200 daa
- 2010→ 1800 daa
- 2011→ 700 daa

Skogsvegbygging

I forhold til behovet er nybygging av skogsvegar svært liten. Totalt blei det ferdigstilt 11 km i 2011 fordelt 50/50 på bil- og traktorveg. I perioden 2004 – 2011 er det ferdigstilt berre 8 km med nyanlegg skogsbilveg. Dette er urovekkande.

Manglende rettleiingsapparat/mobiliseringskapasitet og kompetanse innan vegplanlegging er hemmende på investeringslysta, og for framdrifta i ein del prosjekt der det allereie er sett av midlar. Fylkesmannen har fokus på framdrift og mobilisering av vegprosjekt ut mot kommunane jamleg, utan at dette så langt har gitt resultat.

Oversikt siste 5 års periode

- 2007 → 4 km
- 2008 → 10 km
- 2009 → 13 km
- 2010 → 16 km
- 2011 → 11 km

I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett. Vegbygging er ei grunnlagsinvestering på linje med sjølve skogreisinga, og difor er tilskotsrammer og andre offentlege vilkår avgjerande for tempoet i å gjere skogareala tilgjengelege for drift. Med mange små skogeigedommar er det ei stor oppgåve å mobilisere og få fram gode fellesvegprosjekt.

Tiltaksapparatet og kompetansen for å mobilisere/få fram gode vegprosjekt er nedbygd over tid. Vi registrerer at det er liten kapasitet til å ta tak i større vegprosjekt og enkelte kommunar dels kvir seg for å tak i større arbeidskrevjande fellesvegprosjekt. Dette betyr at vi ikkje alltid får fram dei beste vegloysningane. Vi har fått på plass eit samarbeid om vegplanleggjar med Hordaland gjennom Vestskog BA, som kan ta på seg prosjektering på ein del større veganlegg, men til no har har bistand til hovudplan for skogsvegar hatt førsteprioritet. Det er likevel slik at det ligg mykje arbeid og kontakt ut mot skogeigarane før ein kan gå i gong med prosjektering.

Hovudplan for skogsvegar har hatt høg prioritet i 2011, der vi m.a. har brukt mykje ressurar på oppfølging og påminningar ut mot kommunane for å sikre framdrift. Kapasitet, kompetanse og prioritering av arbeidet ute i kommunane er hovudårsaken til at vi no ligg på etterskot. Sjølv om Fylkesmannen har kjøpt inn ekstra ressursar og kapasitet for å bistå kommunane, så har ikkje dette vore tilstrekklege for å sikre framdrift, og ikkje minst for å kunne innfri tidsplanen i eit av fellesprosjekta i oppfølginga av Kystsogmeldinga, der alle kystfylka skulle vært i mål med dette arbeidet i 2011. Dette er no utsett eitt år til, og som betyr at vi må "levere varene" tidleg i 2012.

Taubane og hest

Aktiviteten her har teke seg litt opp dei siste 3 åra relativt. Der tatt ut i alt 2200 m³ med taubane i 2011.

Oversikt siste 5 års periode

- 2007 → 130 000 kr → 1000 m³
- 2008 → 150 000 kr → 1100 m³
- 2009 → 530 000 kr → 4000 m³
- 2010 → 390 000 kr → 2500 m³
- 2011 → 240 000 kr → 2200 m³

Rogaland har ein klar tilskotsprofil, der vi ønskjer aktivitet i furu- og lauvskogen, medan hogst av gran med taubane i prinsippet skal vere sjølvberande.

Miljøtiltak i Skog

Dette ikkje utbetalt tilskot til miljøtiltak i 2011.

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing. Skogbruksplanlegginga følger hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999. Arbeidet med revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging har heller ikkje blitt prioritert i 2011.

Andre tiltak i skogbruket

Her er det løyvd midlar til eit prosjekt på ekstra skogkultursatsing med oppsøkjande verksemd/rettleiing – totalt 605 000 kroner. Vi ser at dei kommunane som prioriterer innsats og får inn dyktige folk til dette arbeidet, også viser godt igjen på statistikken.

Spesielle midlar til kystskogbruket

Løyvinga for 2010 var 10 mill. kroner til fordeling på ti fylke, der Rogaland fekk tildelt 0,9 mill. kroner. I tillegg er det omdisponert 410 000 frå vegpotten til kystskogbrukmidlane for bruk til utbetring av tømmerkai. Samla løyving/ramme utgjer då 1 310 000 kroner for 2011. Det er løyvd 410 000 kroner til utbedring av tømmerkai og 334 000 kroner løyvd til dei ”gamle” ordningane bl.a. virkesomsetning, korte skogkurs og informasjon/kompetansehevande tiltak.

Resten er nytta til felles prosjekt i regi i Kystsogbruket, m.a. ”Taubaneprosjektet”, ”Vegprosjektet” og til konkrete investeringar i infrastruktur - kaier m.m.. I tillegg er det løyvd midlar til lokalt prosjekt - ”Verdiskaping og CO₂ -binding i Rogalandsskogbruket” Det er rapportert særskilt og meir utfyllande til SLF om bruken av desse midlane.

Kurs og informasjon

Avsett ramme for 2009 var på kr 70 000, og heile ramma er løyvd fullt ut til skogdagar, korte kurs og generell informasjon. Dette er svært kjærkomne og nødvendige midlar for område mest utan rentemidlar og næringsstøtte. Vi ser auka kompetanse verkar motiverande og aktivitetsfremjande. I tillegg gir kunnskap betre effekt av investeringsmidlane.

Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer m.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Vi har heller ikkje i 2011 hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar eller kontroll med oppfylling av hogstvilkår i samband med tilskot til vegbygging.

Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot

Resultatkontrollen på skogsvegar med tilskot ser ut til å vere ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor, men manglande kompetanse set grenser for kvaliteten på arbeidet.

Resultatkontroll av forynging og miljø

I vårt fylke er vi pålagt å kontrollere 35 felt gjennom den ordinære kontrollen. Det er kontrollert 25 hogstfelt frå 2008 og 10 plantefelt frå 2010. I tillegg er det på bakgrunn av ”skogplantebrevet” frå statsråd Brekk i 2011 trekt ut 78 hogstar av gran i 2008. Vi har per dato berre fått inn 52 av i alt 78 av dei ekstraordinære kontrollflatene frå kommunane. Resultata frå kontrollen har avdekkja alarmerande lite forynging av hogstflatene, og stadfestar i stor grad at vi driv med avskoging på dei beste skogareala med den beste skogen. Berre 15 av totalt 87 hogstfelt er tilfredstillande forynga. Over 50 % av hogstflatene går ut av skogproduksjon – blir avskoga. Det vil seie anten er godkjent omdisponert, eller er under omdisponering (ikkje godkjent). Ein relativt stor del blir liggjande brakk utan ein tilfredstillande produksjon, anten som jordbruk eller skogbruk.

Av den andre halvparten av hogstflatene, dvs. den delen som skal forblia skogsmark, er 19 av 41 flater ikkje forsøkt forynga. Etter 3 år på høg og til dels super bonitet er det krattskog og anna ukrut som gjerne dominerer på slike flater.

Kontrollen fangar også opp alder på skogen ved hogsttidspunkt. Det går fram at storparten av grana blir hoggen lenge før den er hogstmoden. Opp mot 70 % av hogstflatene er hogd i hogst klasse 4, eller i hogstklasse 3. Det er ein stor andel med hogst i ung hogstklasse 4. Dette er langt frå optimalt med tanke på både verdiskaping og mest

Kontrollresultata er godt utgangspunkt for Fylkesmannen for oppfølging av både kommunar og enkeltskogeigarar. SLF har laga eit opplegg for oppfølging av foryningsplikta med klare tilrådningar som vi har teke i bruk og sendt ut til kommunane. Få av kommunane har teke i bruk dette opplegget for ei praktisk og effektiv oppfølging av foryningsplikta. Sjølv etter stort påtrykk frå fleire hald ser det ikkje ut til at kommunane priorerer kontrollarbeidet med å sikre ny skog etter hogst. Svært liten planteaktivitet i forhold til behov og mange kommunar som ennå ikkje har levert kontrollskejema (mangler 26 hogstflater) understøtter den negative utviklinga. Det er gjennomgåande lite skriftleg dokumentasjon som blir sendt ut til skogeigarane. Det meste går på munnleg informasjon, og det ser ut til å vere liten vilje til å ta tak i saker der ein må inn å bruke lovverket aktivt. Så langt har ingen kommunar brukte skogbrukslova aktivt etter at foryningsplikta blei innskjerpa. Med så lite skriftleg dokumentasjon blir det og vanskeleg å følgje opp dette i tråd med regelverket jf. tilrådningane til SLF.

Juletre

Responsen på BU-støtte til investeringar til nyetablering og vidareutvikling av rasjonelle driftseiningar/plantasjar for juletproduksjon har vore svært god dei sisite 3 åra. Dette har resultert til at ein har valgt å justere ned tilskotssatsen for 2011 til maks 30 % av godkjent kostnadsgrunnlag, og gir heretter støtte berre til nyetablerarar.

Fylkesmannen har over fleire år arbeida målretta for å få salet rapportert gjennom virkesdatabasen, og for å nytte skogfond til investeringar. Begge delar har lukkast rimeleg godt, og juletredyrkarane er no langt flinkare til å nytte skogfond enn den tradisjonelle skognæringa i fylket. Det er mange juletredyrkarar som har tru på framtida og har satsa relativt stort. Dette trur vi må til for å kunna drive med juletre i framtida, og ikkje minst for å kunne stå i mot konkurransen frå utlandet.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Samarbeidet med regionale aktørar innan næringsutvikling

Fylkesmannen i Rogaland arbeider mykje i partnarskap. Vi ser samstundes er det er rom for forbetingar. For landbruket sin del vil Regionalplan for landbruk i Rogaland vere eit sentralt verkty for auka regionalt samarbeid. Fylkestinget vedtok planen i juni og sa i sitt vedtak; Matproduksjon, kompetanse og rekruttering og klima, miljø og energi bør vere prioriterte satsingsområde i fyrste omgang. Fylkeskommunen meiner det er viktig å ha ei differensiering av verkemiddel for å støtte opp om eit livskraftig landbruk i heile fylket. Regionalplanen blir operasjonalisert gjennom handlingsprogram (saman med regionalplan for energi/klima og regionalplan for næringsutvikling). Programmet blei vedteke i januar 2012 – og det blir spanande og sjå korleis programmet kan vidareutvikle det regionale samarbeidet.

Fylkeskommunen har som regional utviklingsaktør klare landbruksoppdrag. Regionalplan landbruk peiker ut både mål og strategiar for det arbeidet. Fylkeskommunen gir årlege innspel til jordbruksoppgjeret, basert på regionalt drøfting før politisk handsaming. I drøftingsmøtet inviterer fylkeskommunen både faglaga, Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland.

Regionalt Utviklingsprogram (Rup) er vel etablert i Rogaland. Fylkesmannen nyttar i 2011 om lag 65% av sine utviklings- og tilretteleggingsmidlar gjennom Rup-samarbeidet.

Biogass har over tid vore eit viktig tema i Rogaland, og er det framleis. Biogass er eit framifrå klimatiltak og kan gi landbruket vårt muligheter innan miljøteknologisk næringsutvikling. Målet var å få på etablert eit Arena Biogass Rogaland. Men etter avslag på første søknad, er det no bestemt at Biogass Rogaland blir ei regional satsing som står på eigne bein.

Distriktskonsulentane våre er ei regional satsing. Finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane, Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen. Arbeidsgivaransvaret ligg til Fylkesmannen. Dei fire konsulentane nyttar nær halve arbeidstida til etablerarhjelp og i 2011 har vel 300 enkelttablerar fått hjelp av desse 4 næringsutviklarane, først og fremst landbruksbaserte næringar. Konsulentane arrangerer møte innan gards- og bygdeturisme, matproduksjon og –foredling, Inn på tunet, grønt reiseliv og utmarksnæringar. Dei er også aktive innan ulike satsingar som juletproduksjon, mjølkeprosjekt og reiselivsatsingar. Generelt står mobiliseringsarbeid høgt på arbeidsplanen. Konsulentane er også viktige innan lokal næringsutvikling gjennom kontakt og samarbeid med kommunane, kommunale og interkommunale vekstselskap, reiselivsselskap, samt

ovanfor regionale aktørar som Skape.no og fylkeskommunen.

Ansvaret for Kompetansenavet for Agder og Rogaland, ligg hos Nofima ved Måltidets Hus. Fylkesmannen har i samarbeid med navet arrangert kurs i Baking i steinomn med 12 deltakarar og studietur til Agder med 10 deltakarar frå Rogaland. Energihotellet i Suldal arrangerte i samarbeid med næringsaktørar ein smaksverkstad med Arne Brimi for å styrke kontakten mellom produsentar og kokkar, og for å auke forbruket av lokalproduserte varer.

Me merkar at det er vanskeleg å få deltakarar til nokre av dei matrietta kursa og samlingane som me arrangerar. Om dette skuldast at matprodusentane er "mette" av kunnskapspåfyll, eller om det er innhaldet og formen som ikkje treff, eller det er for mange som tilbyr tenester, veit me ikkje. Boknafjorden som deler Rogaland i to, er ein stor flaskehals. Me brukar mykje ressursar på å få informasjon ut i nettverka. Me har vald ein filosofi om å køyre kursa om det så berre er nokre få deltakarar. På den måten klarar me å spesialtilpasse og målrette rådgjevinga.

Ysting og ysteri er i vinden som aldri før og kompetansemiljøet sine kurs og samlingar gir resultat. På Haugalandet starta Haslemo Geiteysteri opp i 2011 med foredling av brun geitost. Aurenes Gardsysteri gjennomførte ei reorganisering og har styrka arbeidet med produktutvikling. Knudenosten blei kåra til årets nyskaper under Det Norske Måltid. Aurenes og Voll ysteri har innleia eit fruktbart mentorsamarbeid.

Me ser ei positiv utvikling og synlege resultat frå innsatsen som er blitt lagt ned i arbeidet med produsentsamarbeid de to siste åra. Både Jærert AS og Røsslyngen beitelag DA blei stifta i 2011. Fleire andre nettverk er under utvikling. Smaken av Ryfylke er eitt av dei. Fylkesmannen arrangerte ein studietur til Hordaland for kjøtprodusentar frå Dalane. Målet er å etablere ein forpliktande samanslutning i løpet av 2012. Dei vil leverer storfekjøt (naturkalv), ein produksjon som ligg nært opp til økologisk.

Erfaringa med etablering og oppfølging av produsentar og -samanslutningar, viser at det er behov for ny kunnskap vedrørande samarbeid og samarbeidsformer, organisasjonsmodellar, konsekvensanalyser, marknad, sal og logistikk. Me vil derfor bidra til at samarbeidet med Matmerk og andre kompetansemiljø blir ytterlegare forsterka.

Nye gardsmatutsal er etablert i 2011; Ganegodt i Haugesund sentrum og Røsslyngen beitelag på Rennesøy, medan andre slit som til dømes Ryfylkebutikken.

I Ryfylke blei det etablert ei ny verksemd for produksjon av eplemost, leverer og økologisk. Ryfylke Vaktel AS blei og starta opp i 2011. Dei fekk mykje profilering gjennom Det Norsk Måltid.

Ryfylkekokken AS ved Frode Selvaag blei etablert i 2011 og leverer allereie ein betydeleg innsats inn mot spesialmatprodusentane, i arbeidet med produktutvikling (Norsk tomatsaus) og å fremme matkultur. Frå før har vi ein aktiv medspelar for lokalmat frå Jæren i Jærkokken Heine Grov.

Matfatet Jæren BA med sine 30 andelseigarar, herav 19 bønder, arbeider aktivt for ein sterkare posisjon i marknaden. Dei er aktive med ny heimeside, produktutvikling og omdømmebygging på festivalar.

Me har ikkje eit oppegåande Bondens Marked. Me trur at noko av behovet for sal/profilering blir ivaretake ved deltaking på mange festivalar i regionen; Gladmat, Bjerkreimsmarken, Jærdagene med eiga matgadå (30 matutstillarar), Frukt og laks, Potetfestival, Orremartnan, Tomatfestival, Hjortefestival med fleire.

I tillegg har me mange gardsutsal, ca 20 i talet, som omset for mange millionar. Berre nykomlingen Røsslyngen beitelag omsette for om lag 1 mill i 2011.

Fylkesmannen har styrka sin innsats i VRI-arbeidet gjennom en 20%-stilling som kompetansemeglar innan landbruk. Arbeidet har vore konsentrert kring tradisjonell landbruksproduksjon, så som Mat-Trainee i matindustrien, nye vekstar i utrangerte veksthus, smaksagurk, miljøutfordringar i landbruket spesifikt fosforproblematikken og kompetansebygging hos mjølkerobotbønder. To treårige forprosjekt innan jordbær- og bringebærproduksjon blei vidareførte som hovudprosjekt og finansiert av Lokalmatprogrammet. Innan matspesialitetar så har det vore ein sak på Jiaogulan-te.

I 2011 blei det gitt 13 tilsagn frå Lokalmatprogrammet, med ei totalløyvinga på omlag 13,3 mill. Tal tilsagn er omlag det same som tidlegare år, men det er ei kraftig auke i totalløyvinga frå 3-5 mill som det har vore dei tre føregåande åra, til over 13 mill.

Måltidets Hus AS har styrka sitt mannskap og har trappa opp sin innsats inn mot matspesialitetar regionalt og nasjonalt. Fylkesmannen er delaktig i dei fleste prosjekta som Måltidets Hus AS gjennomfører. Dei har køyrt ein forstudie til eit Livsløpsprogram for lokale matspesialitetar. Vidare har dei fått innvilga tilskot til

kokkekonferansen WACS 2014 som vil gi matproduksjon og energiløysingar i Rogaland ein betydeleg profilering. Måltidets Hus AS har og fått tilskot til prosjekta Jakten på et felles matuttrykk og Strategiske alliansar. Måltidets Hus AS får og tilskot til NCE Culinology. Fylkesmannen er her partnar. Etter nokre "slunkne" år, verkar det nå som om at arbeidet begynner å gi resultat ute i verksemdene i matklynga. Eit godt døme er Prima Gruppen si satsing på Prima Jæren. Saman med A. Idsøe og Jæder/Ådne Espeland legg dei ned betydeleg innsats i produktutvikling og profilering av produkt med sær preg og høg kvalitet.

Det norske måltid blei løfta til nye høgdar med eigen TV-serie og TV-sendt Matgalla. Tross stort innslag av ulike underhaldningselement, har serien og gallaen nådd ut til det breie lag av befolkninga med mange gode historier kring produkt av høg kvalitet på ein unik måte.

Ryfylke har hatt ei særleg merksemrd retta mot potetproduksjon for å stimulere til auka produksjon. Dette for å imøtekome ønskje frå NLR om behov for 3000 daa nytte areal pga vassjuk og sjukdomssmitta jord, og for å avhjelpe arealbehovet som potetalproblemet har skapt.

Bruken av BU-midlane

I regional strategi for landbruksbasert næringsutvikling 2011, er det lagt til grunn at minimum 70% av dei investeringsretta tilskottsmidlane skal gå til basisproduksjonane i landbruket, og at Innovasjon Norge Rogaland difor kan bruke inntil 30% av tilskottsmidlane til nye næringar. Midtvegs i 2011 var heile "30%`en" brukt opp, og sidan Innovasjon Norge Rogaland hadde liggande søknadar om tilskott til nye næringar, bestemte den regionale partnarskapen at Innovasjon Norge Rogaland i 2011 kunne nytte om lag 2 millionar kroner ut over den strategiske avgrensinga på 30% til nye næringar. Distrikta er prioriterte, og når det gjeld juletresatsinga skulle det berre løvvast tilskott til nye produsentar.

Den regionale strategien galdt berre for 2011 og den regionale partnarskapen diskuterte i juni korleis arbeidet med ein tre årleg strategi skulle leggast opp. Regionalplan for landbruk i Rogaland blei godkjent av fylkestinget i juni 2011 og skal nyttast som ein strategisk næringsutviklingsplan for landbruket i fylket. Planen gir med andre ord også viktige føringar for bruken av BU-midlane. Partnarskapet har då konkludert med at regionalplanen erstattar det vi tidlegare har kalla regional strategi for landbruksbasert næringsutvikling. Regionalplanen har minst eit 10 års perspektiv. Planen vil saman med sentrale føringar og St. meld 9, gir Fylkesmannen i Rogaland tilstrekkeleg forankring for nyttil tildelingsbrev til Innovasjon Norge Rogaland.

Innovasjon Norge sine BU-midlar

I 2011 løvvde Innovasjon Norge Rogaland vel 33,6 mill kroner i BU-tilskott og 93,4 mill kroner i rentestøtte til landbruksrelaterte investeringar og satsingar. 39,6% av tilskottsmidlane og 27,8% av rentestøtta er løyvd til nye næringar. 10 – 15% over det som var opphavleg planlagt. Tilskotta er delt på 132 prosjekt og rentestøtta på 100 prosjekt.

Distriktsmålet er nådd ved at 71,5% av tilskottsmidlane og 59,8% av rentestøtta er nytta utanom dei sentrale områda på Jæren.

Fylkesmannen sine BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Løyvingsfullmakta var i 2011 på kr 4.800.000,- og det blei inndratt kr 1.188.087,-, - noko som ga ei total løyvingsramme på kr 5.988.087,-. Nær heile ramma blei nytta (kr 81.542,- blei overført til 2012) på 66 enkeltsaker. 2 saker blei avslått.

Fordelinga av midlane på strategiområde i prosent (Tala for 2010 i parentes):

- Mat 44% (44%)
- Økologisk 4% (7%)
- Trevirke 4% (2%)
- Bioenergi 23% (7%)
- Reiseliv og opplevingsproduksjon 5% (10%)
- Inn på tunet 3% (3%)
- Andre produksjonar 17% (27%)

Nokre sentrale mobiliseringsprosjekt

I 2011 var 3 mjølkeprosjekt i Rogaland i aktivitet, alle med målsetnad om å halde mjølka ute i distrikta. Vi er i Ryfylke, Finnøy/Rennesøy og Dalane. Den enkelte region finn si form og dei lærer av kvarandre. Det er ein del "motstraumsarbeid" i desse satsingane – vi er svært opptekne av å halda oppe mjølkeproduksjonen i distrikta

våre. Ikkje minst handlar dette også om å oppretthalda ein intensiv og berekraftig bruk av alle jordbruksareal i fylket – ikkje minst beita. Med auka sentralisering av mjølkeproduksjonen, fryktar vi m.a. ein redusert og mindre intensiv bruk av innmarksbeita i distrikta. Målet for framtida må vere at vi har eit beitetrykk og eit beiteareal som er minst like høgt som i dag.

Den treårige satsinga *Folkefjøset på Jæren* blei avslutta hausten 2011. Eit vellukka prosjekt er den gjengse omtalen. Hovudkonklusjonane er at nybygg ikkje er einaste løysing – at det går fint an å investere i eksisterande bygg med utbetrinjar og påbygg, utan at det skaper mindre rasjonelle løysingar enn nybygg. Vidare har det gjennom sju realiserte pilotprosjekt blitt dokumentert at folkefjøsa også blir monaleg billegrare enn nybygg, 25 – 30% lågare byggekostnad samanlikna med nybygg. Prosjektet laga også heftet *Kufjøs –fornyning – modernisering – nybygg*, til inspirasjon for bønder og andre. Heftet er blitt godt motteke og er også distribuert til alle fylkesmennene i landet.

Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland er ei 3-årig satsing. Resultatmålet for satsinga er 5% auke i tal vinterföra sau og 15% avdråttsauke (kg tonn kjøt levert slakteri). Stoda i sauehaldet i Rogaland er god og satsinga har blitt godt motteke. Tal sauebønder i fylket er stabilt og tal vinterföra sau har i perioden 1.1.2009 til 1.1.2011 auka med 4,3%. Totalavdråtten (kg kjøt levert til slakteri) har i same periode auka med 6,5%. Vi har altså hatt ein produktivitetsauka i sauehaldet i Rogaland. Sauehaldet i Rogaland må førehalde seg til fleire utfordringar. Sauehusa er av varierande kvalitet, og det er for mange i den därlege enden. Behovet for nye sauehus er stort. På kompetanseområdet er truleg sjukdom og helse viktigaste kompetanseområde.

Om nye næringar

Inn på Tunet

Det er stor variasjon i kommunane sin bruk av Inn på tunet. Vi ser også ofte at satsinga manglar politisk og administrativ forankring, og framleis i for stor grad er avhengig av eldsjeler. Kommunar som klarar å involvere fleire fagområde og jobbe tverrfagleg lukkast best. Internt hjå Fylkesmannen er det i all hovudsak landbruksavdelinga som arbeider med utvikling av IPT, sjølv om det har vore ønskeleg med meir deltaking frå Utdanningsdirektøren og Fylkeslegen.

Vi har sett det som viktig i 2011 fortsett å styrke arbeidet med kvalitetssikring, marknadsføring og betre forankring av Inn på tunet.

Med støtte frå det regionale partnarskapet fekk bransjeorganisasjonen "Inn på tunet – Rogaland" i 2011 midlar til vidareføring av prosjektet "Inn på tunet - kvalitetssikring og formidling". Det har som resultat av prosjektet vore stor aktivitet i året som gjekk med fagmøter, kurs og studieturar. Vi vil spesielt nemne det nyutvikla kurset "Inn på tunet – kvalitet og tryggleik" som er skreddarsydd for Inn på tunet bønder. Stadig fleire Inn på tunet bønder tek nå i bruk det nye kvalitetssystemet, som også brøytar veg for ein komande godkjenningsordning som skal forvaltas av Matmerk.

Det blei i 2011 arrangert ein studietur til Sverige, som gav innblikk i korleis Sverige arbeider med Inn på tunet.

Når det gjeld Inn på tunet løftet har vi fått med 2 kommunar i Rogaland, hhv Karmøy og Hjelmeland. Lund kommune søkte i 2011 om å bli løftkommune, men søknaden blei ikkje innvilga.

Prosjektet i Karmøy kommune fokuserer på garden som pedagogisk ressurs og alternativ læringsarena. På Bøtoppen gard og alternative opplæringssenter er det i 2011 gjort fleire bygningsmessige tilpassingar og tilsett ny pedagog, for å auka kvaliteten på tilbodet. Prosjektet har også medverka til at IPT er blitt betre kjent av vidaregåande skule.

Hjelmeland sitt prosjekt har satsa på generell utvikling av Inn på Tunet tilbodet i kommunen, men utan at prosjektet førebels har lukkast med det.

Grønt reiseliv:

Regionalplan landbruk har som hovudmål for reiseliv å auke verdiskapinga og lønsemnda i reiselivsnæringa. Det er set mål innan produktutvikling/temapakkning, samarbeid, kompetanse og berekraft. I 2011 tok Hanen og Fylkesmannen initiativ til ein studietur på Haugalandet for å stimulere til meir produktutvikling/temapakkning. På grunn av for få deltakarar, blei turen diverre avlyst. Mogleg forklaring på manglande interesse, er tidspunktet for gjennomføring. Men det er ikkje den einaste årsaka. Truleg heng dette saman med strukturen for heile reiselivsnæringa i Rogaland. Med fire destinasjonsselskap som opptrer på fire ulike måtar ovafor produsentane, samt ulike utviklingsselskap/nettverk/prosjekt og Hanen, så blir biletet for utvikling og samhandling uoversikteleg.

Vindavegen er eit nettverk som har brukt tre år på å finne form og innhald for samarbeidet. Kanskje er det symptomatisk på reiselivssatsinga? Prosessar for samarbeid tar tid.

Fylkesmannen sin innsats for gards- og bygdeturismen har vore å medverka til auka kompetanseheving innan næringa, utvikling av vertskapsrollen samt å stimulere til klyngevise prosessar og produktpakking. I samarbeid med Hanen-Rogaland, Skape.no, Høgskulen Landbruk og Bygdenæringer (HLB) m.fl. har det vore arrangert studieturar, kurs i vertskapsrollen, kurs i marknadsføring og sal vha sosiale medier, mm. Vi vil spesielt nemne det kompetansegevande kurset ”På skattejakt i eige lokalmiljø” (15 studiepoeng) i regi av HLB, som blei delfinansiert gjennom RUL-midlar (rekryttering/utdanning/likestilling) frå fylkeskommunen.

’Utvikling av bygdeturisme i Magma Geopark -på jakt etter mat! er eit nytt prosjekt som har fått finansiering av Forskningsrådet. Dette forskningsprosjektet har som mål å sjå på 3 bygdeturismeområde knytt til mattilboda i Geoparken: 1) stader å spise som har fokus på lokal mat, 2) butikkar med lokale råvarer og 3) lokale matmarknader / festivalar. Dalane slit med å samle ressursane innan reiselivet. Manglande tilslutning frå kommunar og andre offentlege aktørar, fører til at prosjekta mistar kraft og engasjement.

I Dalane har Reisemål Sydvest teke initiativ til eit prosjekt for å auke tilstrømninga av amerikanske turistar.

I Ryfylke har nokre verksemder gått saman og søkt midlar til eit bedriftsnettverk. Målet er at kvar verksemd skal utvikle nye produkt basert på lokale spesialitetar (kystkultur, historiske hendingar, geologiske førekomstar osv)

I samarbeid med nabofylka på Vestlandet har vi delteke i prosjektet NCE-Tourism. Vår rolle der har vore å medverke til betre forståing for landbruksverdien i høve dei grøne reiselivsverdiane, blant anna å syne at det er landbruksverdien som er leverandør av det kulturlandskapet som reiselivsnæringa gjennom fleire år har hausta internasjonale prisar for. Ei slik grunnleggande forståing for landbruksverdien meiner vi er svært viktig og ein premiss for å kunne ta vare på og vidareutvikle dei fellesgoda som ligg i den Vestnorske natur- og kulturarven.

Fylkesmannen samarbeider vidare med fylkeskommunen, Innovasjon Norge, destinasjonsselskapa og andre reiselivsaktørar gjennom ”Forum Reiseliv i Rogaland”. Forum Reiseliv har regelmessige møter for å dele informasjon om kvarandre sine prosjekt og arbeidsoppgåver.

Partnarskapen inviterar årleg til ein todagars reiselivskonferanse som i 2011 var i Egersund.

Arbeidet med FjordNorge si deltaking på Grüne Woche 2012, starta opp i august 2011. Målet var auka profilering av mat og reiselivstilbod, produkttesting, nettverksbygging med meir. Verksemder og produsentar (Preikestolen fjellstue, Ryfylkekokken, spekeskinke, spekepølsar, tomatsaus, flatbrød og lefse) frå Ryfylke blei plukka ut til å representere Rogaland.

Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Måloppnåing for virkemidlar i regionalt miljøprogram Inkludert tilstand og utvikling av biologisk mangfold og kulturminne

Regionalt miljøprogram i Rogaland har mange ulike ordningar sortert under mål om å:

- Ivareta prioriterte kulturlandskap

- b) Ta vare på og fremje biologisk mangfald
- c) Ta vare på viktige kulturminne og stølslandskap
- d) hindre forureining frå jordbruket
- e) opne kulturlandskapet for allmenna

I 2011 blei det berre gjort mindre endringar i eksisterande ordningar i høve til 2010. Vi hadde 24 millionar til disposisjon, medan det etter førebelse satsar var søknadar for meir enn 24,4 millionar. Tilbakemeldingane frå kommunane er at det er for mange og til dels kompliserte ordningar. Årsaka er at vi ønskjer eit målretta miljøprogram der hovudvekta av ordningane er svært avgrensa i anten tema eller til eit geografisk område. Tre av ordningane er meir generelle; tilskott til bratt areal, tilskott til ekstensive husdyrraser og organisert beitebruk. Vi meiner det generelt er høg måloppnåing for RMP i Rogaland. Det er òg eit tett samarbeid mellom miljøvernavdelinga, landbruksavdelinga og kommunane for å følgje opp søkjane. Samstundes vi ser og at RMP allein ikkje er tilstrekkeleg til å løyse dei store utfordringane knytt til attgroing.

Vi opplever at ordningane som tek sikte på å bevare biologisk mangfald er målretta. I Rogaland er det mykje kystlynghei (fleire enn 180 registreringar i naturbasen). Det er lagt til rette for å ta vare på denne naturtypen gjennom eigne tilskott i RMP og ved bruk av DN sine midlar til skjøtsel av utvalde naturtypar. Søknadsomfanget har auka betydeleg frå 2010 til 2011. Etter kvart som arbeidet med utvalde naturtypar held fram og stadig fleire område kjem inn i naturbasen aukar behovet for midlar. Ein bør på overordna nivå sjå på korleis midlar frå DN og RMP kan kombinerast. I 2010 ble det gjennomført kontrollar som synte god skjøtsel av dei undersøkte områda. I 2011 blei det gjort vanlig 5% kontroll, og ikkje tematisk kontroll av RMP. Einskilde kommunar valte likevel å kontrollere utvalte tema. Døme er Sandnes kommune kor tilskott til miljøavtalar i Skas Heigre blei kontrollerte.

Einskilde av ordningane treng evaluering i lys at nytt faktagrunnlag og nye skjøtselsplanar. Til dømes gjeld dette tilskott til vedlikehald av styvingstre og tilskott til beiteområde for gjess.

Det blir i RMP gitt tilskott til registrerte kulturminne og til vedlikehald av stølsbygningar. Midlane er meint å vere ei gulrot for å ivareta viktige kulturverdiar. Tilbakemelding frå Rogaland fylkeskommune er at særleg støtta til kulturminne er viktig. Einskilde at kulturminna blir ikkje skjøtta godt nok, og veks over med busk og kratt. I 2012 vil vi samarbeide med fylkeskommunen og kommunane for å sjå på korleis ein kan få til ennå betre skjøtsel. Det same gjeld for vedlikehald av stølsbygningar. Det har vore diskutert om tilskot til stølsbygningar skal kuttast ut, og dette må drøftast nærmare i samband med hovudrevisjonen i 2012.

Vi ønskjer å dreie meir av pengebruken i RMP over til tiltak mot forureining. Rogaland har eit intensivt husdyrhald og mange vassdrag med därleg vasskvalitet. I RMP blei det i 2010 tatt inn tilskott til miljøavtalar i Skas Heigre. Avtalene er 3-årige. Krava til søkjane er mellom anna å ikkje gjødsle med fosforhaldig mineralgjødsel, halde ugjødsla randsoner mot vassdrag og gjødsle svakare med fosfor frå husdyrgjødsel (kg P/daa etter kultur er omtalt i avtala). Vi fekk god oppslutning frå bøndene, og om lag 90 % av nedbørsfeltet er med i ordninga. Skas Heigre er JOVA-felt og det ligg føre god dokumentasjon av vasskvaliteten over fleire år. Så langt viser vassprøvane tydeleg nedgang for fosfor. Frå 2010 til 2011 er det 20 % mindre fosfor i vassprøvane. I 2012 vil vi opne for tilskott til tilsvarande miljøavtaler i Vindafjord "Aksjon Vats-vassdrag", men med lågare satsar i RMP.

Ei anna stor miljøutfordring i Rogaland er og har vore, å sikre at areal blir tilgjengeleg med omsyn på å sikre friluftsverdiar. Dette gjeld særgrad i pressområde rundt dei store byane der mange bustadområde har lite friområde. Gjennom å legge til rette for ferdsel i landbruksområda, vil ein kunne synleggjere landbruket si multifunksjonelle rolle. Dei mange turstiane rundt om i kommunane har gjort areala meir verdifulle for fleire samfunnsgrupper, og dermed blir mindre attraktive som utbyggingsområde. Etter at det blei gitt tilskott til turstiar i RMP har det blitt initiert mange nye turvegar. Det har vore ei tydeleg økning i antall turistar i 2011 på ordninga.

Vi meiner at det er viktig å arbeide målretta med å ivareta prioriterte kulturlandskap og biologisk mangfald. Dei største utfordringane i dette arbeidet er attgroing grunna færre beitedyr og endring i beitemønster i enkelte område, og intensiv drift med oppgjødsling og ev. nydyrkning i andre område.

Hovudprioriteringar for bruk av SMIL-midlar og kopling mellom SMIL og RMP

År	2010	2011
----	------	------

Antall søkjarar	193	224
Kulturlandskapstiltak (tidlegare STILK)	ca 8 750 000	9 169 645
Miljøtiltak (tidlegare IMT)	ca 460 000	1 353 680
Planleggingsstiltak (tidlegare tellestiltak/områdetiltak)	ca 1 200 000	1 048 074
Sum	ca 9 400 000	11 570 399

Løyvingar til planleggingstiltak i 2011 er høgare enn det tabellen viser då einskilde saker ikkje blei registrerte før i januar 2012. Døme på planleggingstiltak er utarbeiding av ein felles plan for turstiar i eit større område og utarbeiding av skjøtselsområde for større område. Vi har i fleire år stimulert til samarbeidsprosjekt som strekkjer seg over større område, og som omfattar fleire grunneigarar. Det å kombinera SMIL-midlar saman med andre prosjektmidlar som BU og RUP-midlar gir gode resultat.

Det har blitt arbeida mykje med å få god kontakt med grunneigarar som er positive til å ta vare på landskapsverdiar. På denne måten kan dei legge opp drifta på ein slik måte at verdiane blir teke vare på samstundes som dei òg har ei god forståing på kvifor det er viktig å ta vare på verdiane.

I Sør-Rogaland har det vore fleire større samarbeidssatsingar på turstiar. Bjerkeim kommune har til dømes opna ca 50 km merka turstiar med tilhøyrande parkeringar i eit flott turterreng i slutten av 2011. Det er og blitt utarbeida eit flott kart over alle turstiane i kommunen. Satsinga er eit av fleire døme på at SMIL-midlar blir brukt til etablering, medan RMP-midlar blir brukt til oppfølging. Eit anna døme på eit positivt samarbeidsprosjekt er satsinga til Eigersund kommune på å lage eit turstikart for Eigersund kommune.

Det er løyvd meir SMIL-midlar til forureining i 2011 enn i 2010. Dette skuldast ei sterkt satsing på blant anna reinseparkar på Jæren dei seinare åra, og det er venta at løyvingar til miljøtiltak vil auka i ytterligare i 2012 for heile fylket som følgje av auka fokus på vasskvalitet. Det gitt tilskot til 9 nye reinseparkar i Rogaland i 2011 mot 11 i 2010. Nedgangen kan skuldast ein kombinasjonen av mangel på folk som kan planleggje reinseparkar og at kommunane opplever at dei har for lite midlar. Truleg vil det i 2012 bli etablert fleire reinseparkar i Vindafjord som følgje av "Aksjon Vats-vassdrag", kor det er eit godt arbeid i gang med å betre vasskvaliteten i Vatsvatnet og Landavatnet. Gjennom RMP blir det gitt tilskott til vedlikehald av reinseparkar som er over 10 år.

SMIL-midlar innanfor kulturlandskapstema fordelar seg på følgjande vis: 52 % av kulturlandskapsmidla går til bygningar, 10 % til ferdselstiltak, 9 % til kulturminnetiltak og om lag 30 % til tiltak knytt til biologisk mangfold/gamal kulturmark.

Etter vår vurdering er det bra at så mykje som 30 % går til biologisk mangfold. Vi har i mange år arbeida med å få opp interessa for å ta vare på biologisk mangfold og gamal kulturmark. Ofte er det slik at ein områdeplan i eit område som får RMP-tilskot utløyser fleire konkrete SMIL-tiltak. Dette gjeld både område som er verdifulle for biologisk mangfold og arbeid med å få til samanhengande turstiar. På sikt bør ein større del av SMIL-midla brukast til tiltak mot forureining. Fylkesmannen opplever generelt at det er relativt god kopling mellom tilskotsordningane SMIL og RMP.

I einskilde høve gir kommunane tilskotsmidlar til tiltak som vi vurder å vere i grenseland av kva SMIL-forskrifta tillet. Dette gjeld t.d. saker som gjeld rydningsrøyser etter nydyrkning i seinare tid, handtering av avfall, tilbakeføring av beiteareal med mykje ugras og skjøtsel av gamal kulturmark.

Grensene mellom kulturmark med spesielle verdiar og kulturmark som berre er attgrodd er vanskeleg. Med ekstra verdiar meiner ein spesielle kulturminne og/eller gode opplevingsverdiar i kulturlandskapet. Vi kjenner til at fleire søknader om rydding av attgrodd beite, utan "ekstra" verdiar, blir avslått i Rogaland. Skal vi ha ambisjon om å ta opp kampen mot attgroding generelt, må det betydeleg meir midlar til.

Tilstand og utvikling i vassområde som er valt ut i første planperiode

Figgjo-vassdraget er utvald som pilotområde i innføringa av vassdirektivet. Nedre del er sterkt påverka av landbruket, og har moderat økologisk tilstand med unntak av Skas Heigre som har dårlig økologisk tilstand. Det

har vore nedgang i tilførslane av fosfor frå jordbruksområdet. Høgare mineralgjødselprisar på fosfor, fokus på fosfor i heile næringa samt lokale erfaringar hos dei som er med på miljøavtalene i Skas Heigre, er årsaka til det.

Det er viktig å halde trykket og fokuset på god utnytting av husdyrgjødsela og balansert gjødsling. Mykje av jorda har høge fosfortal, og det vil ta lang tid før lågare tilførsel av fosfor vil syne igjen på P-Al-tala. Området er dominert av grasproduksjon, og er såleis lite utsett for erosjon. Vi antar at næringstap frå jordbruksområda i hovudsak skriver seg frå grøfteavrenning. Som omtalt under måloppnåing for RMP viser vassprøvene i Skas Heigre at innhaldet av fosfor i vassprøvane har gått ned. Dette kan nok tilskrivast mindre tilførlar av fosfor i nedbørsfeltet om følgje av miljøavtalane. For å oppnå god vasskvalitet i Skas Heigre må innhaldet av P ned atskillig meir, noko som er svært vanskelig.

Det skjer ein del massefyllingar i området. Med massefyllingar er det alltid ein fare for jordtap til vassdrag. Mellom anna glei det i februar 2011 ut masse frå ein 40 meter lang fyllingskant i kanalen. Kommunane kan i sakshandsaminga påleggje avbøtande tiltak som t.d. sikringsvollar, men det er varierande i kor grad påleggja vert følgjt opp.

Status og behov for oppfølgingstiltak sett frå forvaltninga generelt på miljøområdet

Det er ei generell utfordring at mykje av verktya for utrekning av næringstap frå jordbruksareal ikkje er tilpassa tilhøva på Vestlandet. Skog og Landskap held på med jordsmonnkartlegging i Rogaland, men det er langt fram før heile nedbørsfeltet er kartlagt. Utan jordsmonndata kan t.d. ikkje verktøy som P- indeks nyttast. Vi manglar også tal på effekt av ugjødsela randsoner. Bioforsk jord og miljø har etter initiativ frå oss laga ei prosjektskisse for korleis ein kan evaluere tiltaket. Jæren vannområde har søkt Klif om midlar til gjennomføring. Det er enno uvisst om søknaden vil føre fram.

Selskapet Agrodata som står bak planleggingsprogrammet "Skifteplan" har på oppdrag frå oss laga ein funksjon i programvaren som gjer det mogleg å eksportere jordanalysedata frå programmet. På den måten kan forvaltninga samarbeide med landbruksrådgjevinga om få oversikt over fosforstatus i jorda for heile nedbørsfelt eller kommunar. Arbeidet blei støtta økonomisk av SLF.

Store delar av Figgjovassdraget kjem inn under pilotordninga for miljøvennleg gjødselspreiing. Imidlertid er areal i Klepp kommune med unntak av Skas Heigre heldt utanfor. Dette meinar vi er uheldig då det er viktig å arbeide med heile nedbørsfelt når vasskvaliteten skal betrast. Vi har sendt innspill til SLF om å inkludere areal i Klepp i pilotordninga.

Kommunane starta i 2010 opp med å registrere (digitalisere) spreieareal godkjend på beite inn i vår inn i vår tema-kartportalen, og dette blei vidareført i 2011. Det blei arrangert to kurs for forvaltninga. Formålet er at gardbrukarar og landbruksforvaltninga betre skal ha oversikt over tilgjengeleg spreieareal. Vi har gitt kommunane frist til 2012 med å digitalisere beitene.

Som kjend er Skas Heigre eit modifisert vassdrag som er avhengig av pumping. I haust blei pumpene stansa av pumpelaget. Det er påstått at meir aktivitet og utbygging i området har gitt meir partiklar i vatnet og dermed større slitasje på pumpene. Auka kostnadane knytt til utskifting og drift av pumpene har auka kostnadane per daa for medlemma i pumpelaget, og dette er grunnlag for usemje. Det er ønske frå grunneigarane at det offentlege skal vere med og betale for omkostningane med å pumpe vatnet. Resultatet av at pumpene er blitt stansa er at ca 4000 daa av jorda har stått under vatn. Det gjer at avrenninga frå området er auka betrakteleg. Enga som har vore oversumt må fornyast, og det vil i 2012 bli meir jordarbeiding i området. Situasjonen har fått mye fokus i media.

Skas Heigre er eit viktig landbruksområde som er i private hender. Det er difor viktig at dei lokale private og lokale offentlege interesser går saman om finna gode løysningar så ein unngår stans på pumpene i Skas Heigre i framtida. Fylkesmannen har involvert seg for å samle partane og gje råd på korleis dei i fellesskap kan koma fram til gode og langsiktige avtaler på drifta av pumpene.

Arbeid med klimatiltak

Landbruksavdelinga har ein sentral rolle på klimaområdet i Rogaland. Dette skuldast blant anna potensialet husdyrgjødsela har som råvare til biogassproduksjon. Difor har landbruksavdelinga hatt etablering av biogassanlegg i Rogaland som eit viktig satsingsområde.

Landbruksavdelinga har i 2011 brukt ein del ressursar på å følgje opp eit nærings-utviklingsprosjekt innan biogass. Det blei arrangert to heildagskonferansar og eit lunsjseminar, med sentrale aktørar på leiarnivå frå om lag 70 verksemder. Målet var å få næringslivsaktørane til å gå saman om å få fart på biogass-satsinga. Dette lukkast, og prosjektet "[Biogass Rogaland](#)" blei etablert. Det blei også utvikla og arrangert eit dagskurs innan juss

for biogasskundar og- produsentar, som kan overførast til andre stader i Norge, for å auke kvaliteten på anlegg under utreiing.

Vi er i ferd med å etablere eit nasjonalt [utdanningstilbod på fagskulenivå](#) innan fornybar energi, på Strand Vidaregående skule, med fokus på bioenergi frå biogass og flis. Det blei arrangert ein dagskonferanse om fagskuletilboden i 2011. Dette yrkesretta utdanningstilboden byggjer på vidaregåande opplæring, og skal gi kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæring. Utdanninga blir nettbasert, med moglegheit for deltakarar frå heile landet. Kurs eller fagmoduler kan også bli aktuelt.

Fylkesmannen si deltaking i EU-prosjektet Enercoast – om bioenergi – har resultert i at prosjektet Biogass Rogaland no er norsk hovudpartner i eit nytt EU-prosjekt i Kattegat-Skagerak regionen med tema biogass. Dei store landbrukskommunane Hå, Klepp og Time, samt Ryfylke IKS, er også med som sub/underpartnarar i prosjektet. Prosjektet er kommuneretta og omfattar både nærings- og miljøutviklingsaspekt, samt korleis ein kan fjerne barrierer som hindrar implementering av biogass.

Fylkesmannen la i 2011 ut ein ny ”[bioenergiknapp](#)” på si heimeside, med linkar til bioenergistoff. Som ei oppfølging av heftet ”[Biogass - basert på husdyrgjødsel](#)”, utgjeve i oktober 2010, blei det laga og lagt ut eit ”[Søknadsskjema](#) etter §11 i forurensningsloven - om etablering og drift av biogassanlegg”.

Det er 6 gårdsbaserte biogassanlegg i forstudie eller forprosjektstadiet gjennom midlar frå Innovasjon Norge i Rogaland. Desse fekk i 2011 tilbod om hjelp til å skrive forretningsplan og avdekke flaskehalsar. Dei tre prosjekta som står næraast etablering, får ytterlegare oppfølging frå prosjektet Biogass Rogaland i 2012. Dei skal bli førebilete for andre. Fylkesmannen har også jobba for å få på plass eit økonomiverktøy, for å auke kvaliteten på pilotprosjekta innan biogass.

Det har og vore litt aktivitet for å få på plass eit forskingsprosjekt på biokull. Det er regionalt loyvd midlar til eit forprosjekt, medan søknaden no ligg inne til vurdering for sjølve hovudprosjektet. Hovudfokus er å sjå på bruk av biokull og avrenning.

I 2011 har FM levert uttale til 10 kommunale klima og energiplanar. Berre ein kommune manglar Klima og energiplan. I samtlege uttalar blei det fokusert på at landbruket skal vere ein del av løysinga.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2011 etter søknadsomgang 2010 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Avrenning til vassdrag	Kulturmiljøer og kulturminner	Tilgjengelighet - friluftsliv	Biologisk mangfold	Plantevernmiddel	Avfall	Andre miljøtiltak
FMRO	9917401	2024680	3461155	4410360	3697570			
Sum	9917401	2024680	3461155	4410360	3697570	0		

22.4 Økologisk landbruk

Økologisk landbruk i Rogaland

Utfordringane er framleis mange for utviklinga av økologisk landbruk i Rogaland. Tal frå Debio (2010) viser at 8 973 daa er godkjent økologisk eller under karens (pluss 4,4% i 2010). 66 (+2 i 2010) verksemder har økologisk primærproduksjon og 61 (pluss 1 i 2010) verksemder er godkjende for foredling/import og omsetnad. Det er ingen større endringar i statistikken.

Situasjonen på marknaden har ikkje forandra seg stort sidan i 2011. Omsetnaden av økologiske produkt har auka noko, men har ikkje nådd same nivå som før den økonomiske krisa. Ingen av dei store aktørane i marknaden har hatt kampanje for økologiske produkt i 2011. Føremonane med økologisk mat og dyrkingsmetodar er ennå ikkje godt nok kjent. Populistiske oppslag frå avisene om økologisk mat bidrar til auka usikkerheit i befolkninga.

Tine inngår ikkje nye avtalar om levering av økologisk mjølk. Nortura tek i mot berre ca 50 % av bonden sin kjøtproduksjon som økologisk. Det ble ikkje inngått avtaler med nye produsentar om levering av økologisk kjøt. Nortura satsar ikkje på økologisk eggproduksjon i Rogaland, det fins heller ingen lokal grossist som omset økologisk egg. Fatland AS tek i mot økologisk kjøt til meirpris, men er ikkje aktiv i marknadsføringa av produkta i Rogaland.

På grøntsida har det vore problem med omsetnad av økologiske veksthusprodukt. Om lag 50 % av økologisk produsert tomatvolum er omsett som økologisk gjennom Coop. Produsenten som leverte økologiske tomat til

Gartnerhallen/ Bama har avslutta produksjonen. Økologisk agurkproduksjonen som var på prøvestadiet i 2010 blei lagt ned i 2011 på grunn av for store utfordringar på dyrkingssida.

Dei stadige svingingane i marknaden er svært uheldig for satsinga på økologisk. Rogaland som er i startgropa blir ekstra sårbar. Det er 11 (12 i fjor) produsentar med økologisk mjølkeproduksjon i Rogaland. Med generelt stor avskaling i landbruket er det ekstra uheldig at Tine ikkje vil inngå nye avtalar om økologisk produksjon. Dette gir stor risiko.

Rogaland har eit intensivt husdyrhald, og stort press på areala. Dårleg tilgang på ekstra areal, og kortsiktige leiekontraktar gjer det vanskeleg for mange å kunne leggje om. Ved omlegging til økologisk må bøndene akseptere mindre produksjon og meir ekstensiv drift. Dette er ein pedagogisk utfordring. Haldninga til økologisk landbruk og få bønder med erfaring frå økologiske driftsmetodar, er ei flaskehals for auka omlegging til økologisk i Rogaland. Haldningane blant bønder er gjenspeila i landbruksorganisasjonane. Vårt inntrykk er at heller ikkje måltidsklynga ved NCE Culinology/Måltidets hus så langt prioriterer økologisk mat tilstrekkeleg i sine satsingar.

Det blir sett som viktig at det blir arbeidd på alle område og spesielt med markandsføring og profilering for å auke etterspurnaden etter økologisk mat. Rekrutteringa til økologisk drift ville vore mykje enklare dersom dei store aktørar hadde satsa sterkare på økologisk mat.

Marknadsundersøkinga frå Stavanger og Sandnes gjennomført av Ecocommerce, viser at interessa til økologisk mat er lågare her enn i andre deler av landet. 11 % av intervjupartnarane i Rogaland har kjøpt økologisk mat, medan i Noreg elles har 22 % av intervjupartnarane økologisk mat i handlekurva. Utanom Rogaland hadde 72 % ei positiv haldning til økologisk mat, medan i Rogaland viste berre 31 % same begeistring.

I Stavanger fins to spesialbutikkar (ein av dei kåra som butikk med best økologisk utval i fleire år) for økologisk mat, pluss abonnementssordning på økologisk frukt og grønt. I undersøkinga blei ingen av spesialbutikkane tatt med i vurderinga.

Regionalplan for landbruk i Rogaland ble vedteken i Fylkestinget 7.juni 2011. (s 23-25)

Det er i Stoltenberg 3 regjeringa si samarbeidsplattform formulert målsetnad om 15% økologisk forbruk og produksjon i 2020. Det er urealistisk at Rogaland innan 2020 vil kunne oppnå 15 % økologisk jordbruksareal. For å auke produksjonen og omsettinga er det viktig med god samhandling og informasjon i heile verdikjeda frå jord til bord. Det er viktig at økologisk mat blir presentert på ein god måte både i butikk og storkjøken. Hovudsatsingsområde er økologisk mjølkeproduksjon, veksthus og storkjøkken. Det blir understreka at breidde i den økologiske produksjonen er viktig.

Hovudsatsinga

- Innan 2020 skal 5 % av arealet og 5% av det grovförbaserte husdyrhaldet i Rogaland vere godkjent som økologisk.
- Innan 2020 skal 15 % av produksjonen av veksthusgrønsaker vere økologiske.
- Innan 2020 skal 15 % av forbruket i offentlege storkjøkken vere økologisk mat.

Handlingsplanen for økologisk landbruk vil bli revidert som følgje av prosessen kring Regionalplan landbruk. Ressursgruppa for Handlingsplanen vil bli bedt om innspel.

Prosjektsatsing

Det blei tilsett ein person i 80 % stilling som jobba med det tidlegare omtalte prosjektet ”markedsrettede aktiviteter for økologiske veksthusgrønnsaker” og som forbrukskoordinator for økologisk mat i Stavangerområdet. Veksthusprosjektet er en heilkjedeavtale med produsent og omsetningsleddet som samarbeidspartnere.

Bama og COOP sa i 2011 ja til å vere med på ei marknadsretta satsing på økologiske veksthusgrønsaker i regi av Fylkesmannen i Rogaland. Fylkesmannen hadde eit tilsvarande samarbeid i 2010 med COOP. Det var tilsett prosjektleiar i Rogaland landbrukselskap i 40 % stilling. COOP deltok aktivt i prosjektet. Likevel blei berre rund 50 % av den lokale økologiske tomatproduksjonen omsett som økologisk. Resten blei seld som konvensjonelt. Aktivitetar gjennom Bama eller Norgesgruppa sine butikkar var avgrensa. Bama har ein leverandør av økologiske tomat i Vestfold. Likevel valde Bama i deler av den norske veksthussesongen å importere tomatar frå andre land. På førespurnad om Bama var interessert i å kjøpe inn økologiske tomatar frå Rogaland, var svaret negativ.

Prosjektet om marknadsretta aktivitetar for økologiske veksthusgrønsaker har fått midlar frå SLF for vidareføring

i 2012.

Innenfor forbrukskoordinatorprosjektet ble det jobba med storhushaldning, markedsundersøking, kartlegging av alle typar salsstader samt informasjon og megling mellom alle aktører.

Det har vore godt samarbeid mellom Fylkesmannen si prosjektsatsing og Økoøkning på Nord-Jæren på mange plan. Det blei mellom anna arrangert konferanse om økologisk mat i Måltidets Hus i både 2010 og 2011. Økologisk matkonferanse for 2012 er under planlegging. Det ble arrangert økologisk marknad i Stavanger 6 gonger i 2011 med opp til 11 seljarar, og videreføring i 2012 er under planlegging. Det blei invitert til to dagsturar til økologiske garder og foredlarar på Jæren med rund 15 deltakere på kvar tur.

Økoøkning på Nord-Jæren (videreføring av Økoløft) i Stavanger og Sandnes har vore vellukka. Det er oppnådd gode resultat i mange av dei offentlege verksemdene, og prosjektet har skapt mykje aktivitet retta mot forbrukar og storhushaldning. Økoøkning har fått støtte frå Statens landbruksforvalting og Handlingsplan for økologisk landbruk. Økoøkning har fått ny løyving for 2012 frå Statens landbruksforvaltning, som blir sett som svært positiv for framtidig samarbeid.

Handlingsplan for økologisk landbruk

Fylkesmannen si landbruksavdeling forvaltar Handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland. Midlar til handlingsplanen (kr 425 000 i 2011) er løyvd ut etter søknad. Aktiviteten i Stavangerområdet er størst. Ein er ikkje nøgd med at aktivitetane konsentrerer seg til Stavangerområdet og stort sett er retta mot forbruk og marknad. Det kommer inn for få søknader som er produsentretta og for få som omfatter heile verdikjeda frå jord til bord. Fylkesmannen vil halde fram med å oppmøde aktørar i distrikta til å søkje i 2012. Rekrutteringa av bønder som ønskjer å legge om til økologisk drift er ei stor utfordring. Så lenge salskanalane i liten grad opnar opp for økologiske produkt er det berre dei veldig engasjerte som interesserer seg for økologisk landbruk.

Det ble gitt støtte mellom anna til marknadsundersøkingar, prosjekter retta mot storhushaldning og forbruker samt forsøk på mekanisk ugraskamp og kløverregistrering. Vi viser elles til eigen rapport.

22.5 Tre og miljø

22.5 Tre og miljø

Aktivitetar og utfordringar på dette feltet er nær knytt til rapportering under andre kapittel (21.2, 22.3). Arbeidet med å sikre tilplanting med kvalitetsskog etter hogst er såleis også eit godt klimatiltak. Gjennom møte, kurs og uttalar til kommunale energi- og klimaplanar prøver også Fylkesmannen å leggje til rette for at kommunane i større grad skal vere med å sikre eit meir stabilt klima.

Tresatsing

I Rogaland blir berre ein svært liten del av skogsvirket foredla innan fylket. Ein stadig større del av rundtømmeret blir eksportert. Det gjer at vi mister størstedelen av verdiskapinga som dette skogsvirket kunne gi. Og vi mister også delar av klimagevinsten ved bruk av kortreist trelast.

Også i 2011 har Fylkesmannen arbeida for auka tresatsing gjennom prosjektretta arbeid. Sjølv om arbeidet ikkje har hatt den driv vi forventa, har no Norsk bygdesagforening avd. Rogaland etablert firma for produksjon av massivtreelement – i første omgang til fjøsbygging. På informasjonsmøte for interesserte husdyrbønder har oppmøte av interesserte vore svært stort. Og det har alt meldt seg fleire pilotbønder for bygging av bl.a. sauefjøs. Dette viser at motivering over tid gir resultat.

Gjennom prosjektet Verdiskaping og CO₂-binding er det starta opp arbeid med ein strategi for større lokal foredling av lokalt tømmer. Det er lagt opp til medvirkning frå heile verdikjeden, slik at strategien blir best mogleg forankra i næringa.

Både arkitektkontor og enkelte byggmeistrar har forventningar om å kunna kjøpa lokalprodusert trelast, gjerne med spesialdimensjonar. Det har hausten 2011 blitt jobba aktivt med å få på plass ein såkalla tredrivbar også i Rogaland. Det ser no ut til å lukkast på nyåret 2012. Tredrivaren vil jobba i nært samarbeid med Rogaland Treforum. Ei hovudoppgåve vil vere motiverings- og nettverksarbeid i store delar av verdikjeda.

Bioenergi

Bioenergi i form av flis har stor konkurranse i Rogaland. Dette gjeld kanskje spesielt stor konkurranse frå andre energikjelder som olje, fossil gass og elektrisitet. Lite kompetanse og små ressursar til motivering og anna informasjonsarbeid er også ei medverkande årsak. Fylkesmannen har medverka til at prosjektet Fornybar energi frå skogen i Rogaland blei etablert med Vestskog BA som prosjekteigar. Prosjektet driv informasjonsarbeid og deltar i første fase i utviklinga av konkrete anlegg. Resultata i 2011 er svært lovande. Fylkeskommunen, fleire kommunar og andre aktørar er no i gang med planlegging og prosjektering av bioenergianlegg basert på flis.

Det er også stor import av ved til fylket. Dei få litt større biovarmeanlegg i fylket er no i ein stabil driftsfase og med rimeleg god økonomi. Dette er gode signal for alle som no planlegg bygging av nye biovarmeanlegg.

Det er også i gang prosjektarbeid knyta til bruk av flis til oppvarming av veksthus. Grunna generell stram økonomi for veksthusnæringa i 2011, har dette arbeidet gått noko tregare enn forventa. Men det er likevel stor interesse å spore.

Gjennom prosjektet Verdiskaping og CO₂-binding blei det i 2011 utarbeida Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland. Denne strategien er godt forankra blant alle dei viktigaste aktørane i fylket, både politisk og i næringssamanhang.

Fylkesmannen medverkar framleis til ei viss koordinering av arbeidet for auka bruk av tre og bioenergi, men også her skulle vi hatt meir kompetanse og ressursar. Spesielt innan bioenergi er det behov for ei betre samordning mellom ulike aktørar. Vi meiner Bioenergiforum sørvest bør kunna ha ei slik rolle, men dette blir ikkje endeleg avklara før i 2012.

Miljø

Fylkesmannen rettleiar og følgjer opp kommunane innan skog og miljø, bl.a. gjennom Forskrift om berekraftig skogbruk. Vi ønskjer også å vere observatør i arbeidet med Levande skog og deltar gjerne når tredjeperson, som t.d. Det norske Veritas, er ute på feltkontroll.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Fylkesmannen er i 2011, som tidlegare år etter delegeringa av avgjerdssretten til kommunane, noko usikker på i kva grad kommunane har fylgd gjeldande regelverk og retningsliner for praktiseringa for området egedoms- og busettingspolitikk. Fylkesmannen har framleis ikkje gjort nytte av § 3 i jordlova om at visse kommunar etter vedtak frå departementet skal måtte sende inn alle/visse avgjerdssler etter jord- og konsesjonslova til Fylkesmannen til orientering. Men dette blir framleis fortløpende vurdert. Fylkesmannen held seg i stor grad orientert om spesielle vedtak i kommunane ved avislesing, tips frå naboar, kommunalt tilsette, politikarar og andre. I 2011 har vi i landbruksavdeling gjort 8 vedtak om omgjering av kommunale vedtak på dette fagfeltet. Det er særleg prisvurderinga i konsesjonssaker og frådeling av hus/bustadtomter etter jordlova som blir overprøvd og gjort om. Med omsyn til prisvurderinga har det blitt eit aukande problem med forsøk på omgåing av prisreguleringa – ved at kjøparen tek konsesjonsrisiko, og deretter ”sel” egedomen vidare til sambuar/born, eller andre dei måtte ha tette relasjonar til, til ein lågare og akseptabel pris. Fylkesmannen har hatt ei slik klagesak der vi stadfesta kommunen sitt avslag på konsesjon til vidaresal til sambuar. Klagesaksvedtaket blei bragt inn for sivilombodsmannen, men saka skal vere avslutta der heilt nyleg utan realitetsbehandling. Om vedtaket vil bli angripe rettsleg er uvisst. Fylkesmannen skulle ønske ei politisk avklaring ved ei lovendring av det ”smutthol” som vi har i dag. Vi vil tru at ei lovfestning av konsesjonsforbehold for kjøpar ville kunne avverge den omgåinga ein i dag har på området. Med omsyn til ”særlovssaker” og fordeling og resultat av desse, syner vi til den oppgåva som blir utarbeidd til SLF med frist 21.02.2011. Rogaland har ikkje hatt jordfondseigedom på fleire år.

Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Dekningsgrad for landbruksvikarordninga

Landbruksvikarordninga blei overført frå kommunane til avløysarlag i 2008. Ordninga omfattar alle

kommunane i Rogaland. I 2011 blei det utbetalt kr 5.068.878 i tilskot.

Erstatning for klimabetinga vinterskader på eng

Etter ein lang og hard vinter, fekk mange bønder i Rogaland vinterskader på enga. Fylkesmannen behandla nesten 200 søknader om erstatning for vinterskader på eng, og det blei i 2011 utbetalt kr 1.634.380 i erstatning. Ein del søknader blei avslått avdi kommunen ikkje fekk melding om skader før utbetrting av arealet.

Erstatning for klimabetinga avlingssvikt

Etter ein svært regnfull vekstsesong, fekk mange bønder reduserte avlingar. Fylkesmannen i Rogaland har motteke om lag 150 søknader om erstatning for avlingssvikt. Søknadene blir behandla tidleg i 2012.

Ansvaret for organisering av kontrolloppgåvene er lagt til kontroll- og tilskotslaget. For 2011 har det blitt utvikla ein ”risikobasert kontrollplan” som er eit utviklings verktøy for Landbruksavdelinga sitt samla kontrollarbeid. Implementering i avdelinga vil skje i 2012.

Det har vore gjennomført kontroll av regionalt miljøprogram som gjeld ordninga tilskot til turstig. Dette hjå 8 føretak i 2 kommunar. Avvik har gjennom samarbeid med Fylkesmannen blitt fulgt opp av den respektive kommune.

Arbeidet med manuelle berekningar er i tillegg til å vere ressurskrevende definert som eit område med stor risiko. i rapport ”kontroll av manuelle utbetalinger produksjonstilskudd og avløsertilskudd” til SLF har vi peika på korleis vidareutvikling av utbetalingsrutinane kan skje. Dette for å redusera antal manuelle utbetalinger.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2011 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
0	5	0	0	0	6

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
58	0	1	2	0	2	28	0	6

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2011

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,1

Antall personer: 5

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	Sauda kommune
Orninger/omfang:	1. Vedtak : rutinar for mottak, datostemppling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang 3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalinger 4. Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5.

	Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1-6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart
--	---

Registrerte avvik: 1

Oppfølging av avvik: Tilbakemelding fra kommunen om endra praksis.

Kommune:	Suldal kommune
Orninger/omfang:	1. Vedtak : rutinar for mottak, datostempling og ajourføring 2. Vedtak: skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klagetilgang 3. Produksjonstilskot: Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovforproduksjon for sal, driftsfellesskap, rutinar i samband med inputkontroll og manuelle utbetalingar 4. Velferdsordningane: Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløysing under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på 5. Regionalt miljøprogram med spesiell vekt på tilskot til turstiar og kulturminne, samt miljøplan trinn 1-6. Forskrift om gjødselvarer etter organisk opphav m.v. –kommunen si rolle som tilsynsmyndighet. 7. Gardskart – GIS: Sjekke kommunen sine rutinar i høve til oppdatering av arealdata elektroniske kart
Registrerte avvik:	1
Oppfølging av avvik:	Tilbakemelding fra kommunen om endra praksis

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	A (Kristian Hatteland)
Orninger/omfang:	Produksjonstilskott i jordbruket. Tilbakesendt sak til FM fra Slf for ny behandling. Gjeld FM si overprøving av vedtak i Hå kommune.
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Kontroll på staden. Kontrollerte om føretaket hadde rom til sauer i underetasjen av grishus slik det vart hevdta.
Registrerte avvik:	Ved kontrollen fann ein ikkje spor etter at det hadde vore dyr i underetasjen i driftsbygningen. Underetasjen vart benytta til bilverkstad/ billakkering.
Oppfølging av avvik:	Vi har skriftleg bedt føretaket om å dokumentere innkjøp av sauer, slakta lam og sau, kjøp av grovfôr og kraftfôr og veterinærutgifter for sau, samt næringsoppgåve. Frist vart sett til 23.12.11. Vi har ikkje mottatt etterlyste dokumentasjon. Fylkesmannen skal behandle saka på ny.

Foretak:	A
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type	synfaring hjå føretaket

kontroll:	
Registrerte avvik:	ikkje merka i henhold til vilkår
Oppfølging av avvik:	Krav til merking. Kontroll av kommunen av at merking blei gjort
Foretak:	B
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	synfaring hjå føretaket
Registrerte avvik:	nei
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	C
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	synfaring hjå føretaket
Registrerte avvik:	nei
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	D
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	synfaring hjå føretaket
Registrerte avvik:	ikkje merka i henhold til vilkår
Oppfølging av avvik:	Krav til merking. Kontroll av kommunen av at merking blei gjort
Foretak:	E
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	synfaring hjå føretaket
Registrerte avvik:	ikkje merka i henhold til vilkår
Oppfølging av avvik:	Krav til merking. Kontroll av kommunen av at merking blei gjort
Foretak:	F
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	synfaring hjå føretaket
Registrerte avvik:	ikkje merka i henhold til vilkår
Oppfølging av avvik:	Krav til merking. Kontroll av kommunen av at merking blei gjort
Foretak:	G
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type	synfaring hjå føretaket

kontroll:	
Registrerte avvik:	Føretaket trekt seg frå ordninga
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	H
Orninger/omfang:	kontroll av turstig, regionalt miljøprogram 2010
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	synfaring hjå føretaket
Registrerte avvik:	nei
Oppfølging av avvik:	

4. Andre kommentarer/ innspill:

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Beskriv kva for tiltak som er gjennomført for å styrke kommunanes kompetanse og kvalitet på landbruks- og matområdet og ev. utfordringar på området

Landbruksavdelinga har arrangert eller vore medarrangør til desse kompetansehevingstiltaka innan landbruks- og matområdet:

- I samband med søkerdsomgangane for produksjonstilskot er det arrangert fagsamlingar i tilskotsforvaltnng for kommunane. Det blei arrangert ei samling i januar med tema landbruksregisterert, WESPA og LIB og ei samling i august med tema tilsynsplan og kontroll.
- 12. januar blei det arrangert kurs i digitalisering av beite godkjent som spreieareal
- 14.-15. januar blei det arrangert fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk
- 23.-24 mars blei det arrangert landbrukspolitisk konferanse
- Det er arrangert to fagsamlingar for skogbruksforvaltninga i kommunane
- Det er arrangert to dialogmøte for landbruksforvaltninga i kommunane, eit i mai og eit i november
- Det er gjennomført eit kompetansegivande kurs i landbruksjuridiske emne (10 studiepoeng) i samarbeid med UiA og FM i Hordaland og Agder-fylka. Det var 12 deltakarar frå Rogaland som gjennomførte kurset.

Vi ser at talet på tilsette innan landbruk går ned i kommunane, og det kan vere vanskeleg for mange å ta seg tid til å delta på ulike kurs- og samlingar som vi arrangerar. Dårleg økonomi i ein skilde kommunar gjer også at tilsette ikkje alltid får delta på dei kursa og samlingane dei gjerne vil delta på. På sikt kan det føre til at landbrukskompetansen i kommunane blir svekka, noko vi særleg merkar på skogområdet.

Omfanget av den landbrukspolitiske dialogen med kommunane og det landbrukspolitiske engasjementet i kommunane

Den landbrukspolitiskse dialogen med kommunane har ulike former. Mykje av dialogen skjer via ulike kurs som møte som Fylkesmannen inviterer til. Kvart år inviterer Fylkesmannens landbruksavdeling til Landbrukspolitiske konferanse der både administrasjonen i kommunane og lokale politikarar blir inviterte. I 2011 var det omlag 160 deltakarar på denne konferansen.

Samarbeidet og resultater i arbeidet med styrking av førstelinetenesten på landbruksområdet i kommunane

Dei tilsette i Fylkesmannens landbruksavdeling har tett og god dialog med dei tilsette i kommunal landbruksforvaltning på sine respektive fagområde. Kommunane får stort sett den faglege oppfølginga dei ber om. Når det gjeld nytilsette i kommunane, så ser vi av og til at dei manglar basiskunnskap innan fagområda dei skal jobbe med. Vi bruker ein del tid på å lære opp kommunalt tilsette, særleg dei som er tilsette i små kommunar der det berre er ein person som arbeider med landbruksaker.

Tal årsverk i landbruksforvaltninga i kommunane pr. 1.1.2011

Samarbeidet med KS regionalt

Kvart år har vi eit møte med KS regionalt der vi diskuterer moglege felles satsingar og kursing av kommunane. Elles er KS medarrangør av Landbrukspolitiske konferanse, ein 2-dagars konferanse som Fylkesmannens landbruksavdeling arrangerer kvart år. Fylkeskommunen er også medarrangør. Målgruppa er mellom anna tilsette i kommunal landbruksforvaltning og politikarar både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

Beskriv konkret bruk av midlar over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommuneretta arbeid

- Kr 2 754 - kurs i digitalisering av beite godkjent som spreieareal
- Kr 14 760 - dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning i mai
- Kr 4 568 - dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning i november
- Kr 1 949 - skogsamling for kommunane i november
- Kr 34 000 - kompetansegivande kurs i landbruksjuridiske emne
- Kr 22 064 - 2-dagars landbrukspolitisk konferanse
- Kr 1 221 - oppstartsmøte Hovudplan skogsvegar
- Kr 1 848 - fagsamling skog i april
- Kr 1 320 - kurs tilskotsforvaltning i januar
- Kr 516 - møte om produksjonstilskot

Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Sentrale utviklingstrekk for jordvernet og utfordringar i verkemiddel og tiltak

Kampen om areala er stor i Rogaland, og det er eit stadig press på omdisponering av areal, både gjennom overordna planar og ved enkeltsaker etter plan- og bygningslova. Med nye store oljefunn i Nordsjøen og høgkonjunktur i næringslivet frå før av, er ressursgrunnlaget for Matfylket Rogaland under sterkt press. Det er vanskelig å sjå at det nasjonale målet om å auke matproduksjonen med 20 % fram til 2030 i takt med folketalsauken, og lokalpolitisk ønskje om nærmast uavgrensa vekst, særleg på Jæren, er målsettingar som lar seg kombinerast.

Avgangen/omdisponeringa av dyrka mark vert oppgitt i eit eige punkt under.

I Rogaland har vi lang erfaring med bruk av fylkesdelplanar for byutvikling, areal- og transport. Erfaringane til no har vist at bruk av vedtekne fylkesdelplanar som gir klåre forpliktingar for arealbruk, er avhengig av ein styringsambisjon frå regional stat. "Ein plan blir ikkje betre enn slik den blir brukt". Vedtekne planar gi ingen resultat, det er som kjent den faktiske bruken av planen som er avgjerande.

Faglig kompetanse og kapasitet, og vilje i kommunane til faktisk å prioritera jordvern og landbruksomsyn framfor by- og tettstadsutvikling og samferdsleprosjekt i dei beste jordbruksområda, er som før avgjerande for gjennomføring av den nasjonale jordvernpolitikken. Den lokale landbruksforvaltinga også Rogaland er under press når det gjeld kapasitet og kompetanse. Fokus på den kommunale forvaltninga er difor framleis viktig. Gjennomføringskapasitet i kommunane er ein avgjerande suksessfaktor for å kunne nå dei ambisiøse nasjonale mål for areal- og ressursforvaltninga i landbruksområda.

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova skal sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Erfaringane til no er at dette i varierande grad blir følgt opp. Fylkesmannen har ved fleire høve hatt motsegn på grunn av manglande KU og mangefull omtale av landbruks- og jordverninteresser. I Rogaland er det framleis ein vesentleg veg å gå når det gjeld kvalitet og innhald av landbruksvurderingar i KU og andre viktige plandokument. Den nye temarettleiarar "Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven" frå Statens landbruksforvaltning kan bli eit godt bidrag.

Utanom byveksten i mange gode jordbruksområde er store samferdselsprosjekt ei av dei største utfordringane for jordvernet og landbruket sitt ressursgrunnlag i Rogaland. Det er ei rekke store prosjekt under planlegging:

- Transportkorridor vest gjennom kommunane Sola, Stavanger og Randaberg
- Utviding av E39 fra 2 til 4 felt gjennom Randaberg
- Omkjøringsveg rundt Åkra i Karmøy kommune
- Ny tverrforbindelse mellom Jæren og Ålgård/E 39
- Ny fv 505 nord-sør, Foss-Eikeland til Kverneland, aust for Bybåndet sør
- Utviding og omlegging av ny 4 felts veg for E 39 sørover fra Sandnes til Ålgård
- Omlegging av E 39 ved Vikeså i Bjerkreim
- Sykkelstamveg Stavanger – Forus - Sandnes

Dette er nokre av dei større prosjekta som er planlagt i ”Kjerneområde landbruk” og som er i konflikt med nasjonale jordverninteresser.

Fylkesmannen deltek i ulike prosjektgrupper og undervegs i planlegginga så langt disponibele ressursar tillet. Det er også stor grad av deltaking i dialogmøte og liknande undervegs i reguleringsplansaker av større eller mindre art knytt til samferdselstiltak. Fylkesmannen tek ansvaret for formidling av den nasjonale areal- og landbrukspolitikken heilt frå starten av planprosessane. Likevel opplever Fylkesmannen ofte å vere åleine om å legge tilstrekkeleg vekt på nasjonale mål undervegs i planarbeidet. Både kommunane og Statens vegvesen synes i mindre grad å ta innover seg den nasjonale arealpolitikken, til tross for auka fokusering på temaet til dømes i NTP 2010-2019 kapittel 12.1.5 ”Mål om kulturminner, kulturmiljø og landbrukets arealressurser”. Også ved MD si godkjenninng av Fylkesdelplan for samferdsel i Rogaland 2008-2019 uttalte departementet at dei ”*savner en bredere omtale av mulige arealkonflikter knyttet til samferdselstiltak og mener derfor at hensynet til dyrka mark, kulturlandskapet og biologisk mangfold burde være mer synligjort.*”

Absolutt og rigid bruk av Statens vegvesen sin vognormer, utan nærmare vurdering av meir tilpassa løysingar når ein til dømes er i jordbruksområde av nasjonal verdi, er framleis ei utfordring i Rogaland.

Ved planlegging og konsekvensvurdering av samferdselstiltak har i dag verna naturområde, våtmarksområde, kulturminne (og i visse saker private bustad og ”hageinteresser”) ofte eit større vern enn dyrka jord av nasjonal verdi. Eit varig vern av matjord i dei viktigaste pressområda kan bidra positivt til å styrke landbruket sine interesser i slike saker.

Det er ressurskrevjande å formidle og oppnå forståing for dei klare føringane som gjeld for areal- og ressursforvaltninga i område med jordbruksareal som er blandt dei beste i landet. Fylkesmannen opplever at prosjekta og planprosessane ofte har si eiga ”tyngdekraft” som er vanskeleg å endre, sjølv med tydeleg involvering frå Fylkesmannen.

Vi opplever likevel ei positiv utvikling når det gjeld dialog og samordning mellom Fylkesmannen og Statens Vegvesen seinare år. Dialogen skje nå tidlegare og oftare enn før. Og det er grunn til å tru at vi har både meir kunnskap og forståing for våre respektive politikk- og fagområde, enn tidlegare.

I tillegg til omdisponering og press på landbruksareala gjennom overordna planar er det eit vesentleg omfang av dispensasjoner og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk. Fylkesmannen ser teikn på auka forståing for desse utfordringane lokalt og ei meir restriktiv praksis i kommunane når det gjeld ein del type dispensasjoner.

2011 syner ein auke i totalt tal dispensasjoner etter plan- og bygningslova innanfor LNF-områda, samanlikna med 2010 (Tal for dispensasjoner i strandsona og verna område kjem i tillegg). I tala for dispensasjoner ligg også tiltak som til dømes ut frå bruksrasjonaliseringsomsyn og Landbruk pluss næringsutvikling, er tiltak som det kan vere viktige grunnar for å opne for. Fylkesmannen ga i 2011 uttale til 193 disp.saker mot 169 i 2010. 37 av kommunen sine ja-vedtak blei påklaga av Fylkesmannen, mot berre 15 i 2010.

Ei delforklaring kan vere at 2011 var valår. Det er grunn til å tru at ein i nokre kommunar i forkant av valet hausten 2011 la seg på ei noko meir liberal praksis. Vidare gir nok dei gode økonomisk tidene i næringslivet eit vedvarande press om bygging og næringsetablering også i ordinært LNF-område, sjølv om tiltaka er i strid med vedteken planstatus.

Dispensasjoner i LNF-område etter § 19-2 i plan- og bygningslova (utanom strandsona og verneområde):

- **2011:** 193 saker – 37 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 1-9 i plan- og bygningslova

- **2010:** 169 saker – 15 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 1-9 i plan- og bygningslova
- **2010:** 169 saker – 15 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 1-9 i plan- og bygningslova
- **2009:** 173 saker – 21 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova eller etter ny planlov § 1-9
- **2008:** 178 saker – 42 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova
- **2007:** 237 saker – 39 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova

Over tid og i sum representerer desse enkeltsøknadene om tiltak utanom stadbunden næring eit inngrep i jordbrukslandskapet der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne, og på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. Det utgjer og framleis ein trussel og utfordring knytt til måla om sikring av kjerneområde landbruk, og høve til å drive ein kostnadseffektiv produksjon i desse områda. I tillegg gir det negative konsekvensar med fragmentering av kulturlandskapet.

Aktivitet og utfordringar i dialog med kommunane om å nå nasjonale mål om å ivareta jord- og kulturlandskapsressursar

Rogaland har gode planverktøy, god dialog mellom regional stat og primærkommune og erfaring med å løyse saker lokalt, sjølv om konfliktnivået knytt til jordvern er vedvarande høgt. Det er lite som talar for at konfliktnivået vil bli lågare framover. Byveksten og samferdselsutbygging gir som konsekvens nedbygging av store jordbruksareal i beste klimasone, særleg på Jæren, men og andre delar av Rogaland.

Handtering av dispensasjonssaker i LNF-område er arbeidskrevjande for Fylkesmannen og gir eit ”høgt støynivå” i media og lokalpresse.

Gjennom arbeidet med kommuneplanane er det ofte sakene knytt til interessekonflikt mellom jordvern og omdisponering til andre føremål (bustadbygging, næring, samferdsle, etc) som fører til mest støy og stor merksemd i media.

Avgang dyrka og dyrkbar jord i Rogaland

6687 dekar dyrka jord vart omdisponert i Noreg i 2010. Rogaland si omdisponering på 1394 dekar dyrka jord utgjer 21% av den totale omdisponering i landet det året.

Rogaland sin del av det totale jordbruksarealet i Noreg utgjer om lag 10 % eller 1 million dekar. Skal Rogaland følgje opp det nasjonale jordvermmålet, bør ikkje den årlege omdisponeringa vere meir enn maksimalt 500-600 dekar dyrka jord.

Snittet dei siste 5 åra i Rogaland har vore omdisponering av om lag 1500 dekar dyrka jord.

Dette tilsvarer nedbygging av vel 200 fotballbaner i året, eller at alt jordbruksareal i Randaberg kommune er nedbygd innan 2022. Om lag 2/3 av den totale årlige nedbygging av matjord i Rogaland skjer på Jæren.

Utanom nemnde tal kjem i tillegg den bruk av dyrka og dyrkbar jord landbruket si eiga byggjeverksemd utgjer. I eit aktiv landbruksfylke som Rogaland utgjer dette betydelege areal, som det i dag ikkje eksisterer noko oversikt eller rapportering på.

26.2 Samfunnsplanlegging

Hovudtrekk i arealbruksutviklinga og aktivitetane for å sikre landbruket sine arealinteresser i samfunnsplanlegginga

Delar av det som er rapportert under kap. 26.1 vil vere av interesse her/delvis overlappande.

Det er stor planaktivitet og utbyggingspress i Rogaland. Fylkesmannen, Landbruksavdelinga, har som mål å delta i alle relevante fasar i pågående planprosessar etter plan- og bygningslova. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar, og deltaking i regionalt planarbeid har til nå vore høgt prioritert. Aktiv deltaking

og tidleg og tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal- og ressursforvaltninga, har hatt høg prioritering i vårt arbeid. Pga av ressurssituasjonen for planarbeid ved Landbruksavdelinga og i embetet, kan vi likevel ikkje delta så aktivt i regionalt planarbeid som kommunane og fylkeskommunen ønsker.

Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J) er under revisjon. Fylkesmannen har brukt betydelige ressursar på dette svært krevjande planarbeidet i 2011. Planen skulle vore klar for høyring hausten 2011, men ble igjen utsett. Målet nå er å få klar eit høyningsforslag til summaren 2012. Handelslokalisering, jordvern og forvaltninga av kjerneområde landbruk har vore dei mest krevjande tema i det avsluttande planarbeidet.

Det pågår også arbeid med revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet, der Fylkesmannen er representert i både prosjekt- og arbeidsgrupper.

Arbeidet med kommuneplan for Sandnes kommune, og då særleg planlegginga for realisering av byutviklingsretninga "Sandnes aust", var svært krevjande i 2011. Fylkesmannen hadde motsegn til del av planlagt kollektivtrase og til bustadområde på Vatneli. Motsegna resulterte i at kommunen trekte alt utbyggingsareal for "Sandnes aust" frå planforslaget. Gjennom god dialog mellom ordførar i Sandnes, fylkesordførar og fylkesmannen er partane samde om å starte ein ny planprosess med sikte på å realisere det store plangrepet "Sandnes aust". Det vart gjennomført 3 meklingsmøte i samband med behandlinga av ny kommuneplan for Sandnes. Mange jordvernmotsegner frå denne planen må avgjerast av MD.

I tillegg har arbeidet med interkommunal kommunedelplan "Bybåndet sør" – Sandnes – Time – Klepp kommune krevd mykje ressursar.

2011 var prega av usemje knytt til desse planane, med til tider intense diskusjonar både fagleg og politisk, og med vedvarande mediefokus.

Her følgjer ein oversikt over pågående overordna og regionalt planarbeid der representantar frå Landbruksavdelinga deltok i 2011:

- Revisjon av fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren
- Revisjon av Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet
- Interkommunal kommunedelplan "Bybåndet sør" – Sandnes – Time – Klepp kommune
- Kommunedelplan – Tverrforbindelse Ny Rv505 Jæren – E 39. Sandnes – Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Transportkorridor Vest – Randaberg – Stavanger – Sola kommune
- Kommunedelplan ny E 39 i Gjesdal og Sandnes, Ålgård – Hove

I 2011 har Fylkesmannen hatt 8 kommuneplanar på høyring. Arbeidet har skjedd under tidspress med bakgrunn i at kommunane ville sluttføre behandlinga før valet hausten 2011.

Fylkesmannen fremma vel 50 motsegner knytt til jordvern og landbruksinteresser i desse kommuneplanane. Arbeider med sjølv høyringa, drøftings – og meklingsmøte krev mykje tidsressursar frå dei involverte avdelingane i embetet og frå fylkesmannen som meklar.

Utan om arbeidet med sjølv høyringa av planforsлага, prioritærar Landbruksavdelinga deltaking og involvering i arbeid med planprogram, kommunale og regional planstrategiar m..m

Status og erfaringar med verneplanar

Det har ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker med landbruksinteresser i Rogaland i 2011.

Bruk og nytte av data frå "Geovekst" og "Norge digitalt" hos alle avdelingane i embetet

Den regionale kartportalen www.temakart-rogaland.no er nyttig for å vise kartdata frå både geovekst/NorgeDigitalt, samt data levert av andre etatar og dei vi lager sjølv hos FM. GIS koordinatoren hos Fylkesmannen er hovudansvarleg for denne regionale kartportalen, som i tillegg til Fylkesmannen driftast av fylkeskommunen og kartverket. Kartportalen er eit nyttig og mykje brukta innsyn til kartdata frå Norge Digitalt. I år digitaliserer kommunane godkjend spredeareal direkte inn i kartportalen. 2011 har også blitt nytta til å få orden og struktur på geodataen internt, og slik er både datakvaliteten økt og bruken av dataene forenklet.

Resultata av Geovekstsamarbeidet blir brukt flittig, spesielt ortofoto og AR5 (markslag), innan fagområde som landbruk, skogbruk, plan og forvaltning. GIS blir også brukt aktivt for å illustrere forskjellar iog mellom

regionane i fylket, både internt og i kartportalen. Folketalsutvikling og utviklingstrendar i landbruket, og bruk med ulike typar drift, er døme på bruksområde. GIS-verkty er viktig i miljørarbeidet, m.a. i arbeidet mot vassdirektivet. Vi har t.d. arbeidd spesielt for å få tilgang til fosfortal på teignivå, henta frå rågjevingstenesta.

GIS er eit godt verkty for å bidra til at sakene kan bli betre opplyste og presentasjonen kan få betre gjennomslagskraft. Dette har leda til at utdanning har brukt flyfoto og lokalisering av skular for avgjerder i samband med skoleskyss. Helse og Sosial brukar kart kopla til SSB data for visualisering av statistikk, til dømes folketalsframskriving og bruk av helseteneste pr. innbyggjar.

Beskriv korleis den regionale samordninga av beredskap på landbruks- og matområdet er ivaretatt

Landbruksdirektøren møter i Fylkesberedskapsrådet. Elles er tre medarbeidarar frå landbruksavdelinga med som ressurspersonar i Fylkesmannens krisestab. Dersom det oppstår utbrot av plante- eller dyresjukdomar i eit område, blir fagpersonar hos Fylkesmannen raskt inviterte til møte i regi av Mattilsynet for oppdatering.

Karttema relevant for landbruk og beredskap er tilgjengelig også i temakartportalen, og Dyrehelse er nemnt som eige kapittel i beredskapslaget sin "FylkesROS" fra 2008. I temaROSEN om klimatilpassing fra 2011 er det også eit eige kapittel om landbruk.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 3 958 976,05	kr 0,00
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 2 172 149,05	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 1 167 628,18	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 703 246,97	kr 0,00
25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør	kr 2 074 607,51	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnspolitikk	kr 1 965 754,77	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 13 042 362,00	kr 0,00

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

31.1 Tilsyn

Det er gjennomført tilsyn i samsvar med aktivitetskravet når det gjeld felles nasjonalt tilsyn og tilsyn med prioriterte område (gjennomføring av nasjonale prøver). Eigeninitierte tilsyn er gjennomført som planlagt med eitt unnatak, det vart ikkje rom for å følgje opp tilsynet med Sandnes kommune etter § 9-1 frå 2009. Dette vart nedprioritert på bakgrunn av informasjon frå kommunen og interne prioriteringsomsyn. Så nemner vi at det er gjennomført møte med to kommunar (Randaberg og Stavanger) for å "førebyggje" tilsyn. I begge desse tilfella fekk vi informasjon i samband med klagebehandling som gjorde det nødvendig å gi kommunen "an offer they couldn't refuse" - alternativet ville vere eit hendingsbasert tilsyn. Begge kommunane godtok rettleiingstilbodet.

Kvart tilsyn er omtalt nedanfor. Det er rapportert om felles nasjonalt tilsyn i juni, men vi tar likevel med nokre merknader her.

Felles nasjonalt tilsyn:

Kravet til fylkesmannsembetet var å gjennomføre tilsyn med minimum 2 skular i 8 kommunar (totalt 16 skular). Fylkesmannen i Rogaland valde å gjennomføre tilsyn med 17 skular i 5 kommunar. Dette blei mellom anna gjort for å kunne "spare" nokre kommunar til andre tilsyn. I ein av kommunane det vart ført tilsyn med, var det berre tre

skular. Det var då naturleg å føre tilsyn med alle tre skulane, og ikkje berre to av dei. Det vart også ført tilsyn med to av dei største kommunane i fylket (Stavanger og Karmøy). For å kunne danne seg eit meir heilskapleg bilete av skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø i desse kommunane, gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med fleire enn to skular i desse kommunane.

Hjelmeland kommune: Det vart ført tilsyn med 2 skular i Hjelmeland i 2011, ein rein barneskule, og ein 1 - 10-skule. Tilsynet avdekte noko variasjon mellom skulane når det galdt arbeidet med det psykososiale miljøet. Noko av dette skuldast nok at skulane var forskjellige i storleik, og noko skuldast truleg at kommunaleddet ikkje har følgt opp og kontrollert skulane på dette punktet. På den eine skulen vart det gjeve 2 pålegg med 2 korreksjonspunkt, medan det på den andre skulen vart gjeve 3 pålegg med 4 korreksjonspunkt. I korte trekk galdt pålegga manglande rutinar for informasjon om, og fatting av enkeltvedtak. I tillegg galdt dei feil samansette SMU, og manglande rutinar for involvering av råd og utval i arbeidet med det psykososiale miljøet. Alle pålegga vart retta av skulane innan den fristen dei hadde, og Fylkesmannen kunne derfor avslutta tilsynet. Fylkesmannen gjorde kommunaleiinga merksam på plikta dei har til å ha eit forsvarleg system etter opplæringslova § 13-10.

Karmøy kommune: I Karmøy vart det gjennomført tilsyn med fire skular. Dei førebelse tilsynsrapportane viste stor variasjon i arbeidet skulane gjorde i forhold til elevane sitt psykososiale miljø. Fylkesmannen si vurdering er det kan sjå ut som om at pålegga og korreksjonspunkta i stor grad speglar skuleleiinga sitt fokus, engasjement og føring for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø på den enkelte skulen, og at kommunen sitt system for oppfølging av skulane ikkje er på plass. Ved ein av skulane vart det ikkje gitt pålegg om retting. Ved skule nr. 2 vart det gitt 2 pålegg med totalt 2 korreksjonspunkt. Den tredje skulen fekk 3 pålegg med totalt 5 korreksjonspunkt, medan den fjerde skulen fekk 4 pålegg med totalt 20 korreksjonspunkt. Vi gjer merksam på at endelege tilsynsrapportar vart sende til kommunen i januar 2012, og at tilsynet med kommunen er ikkje avslutta.

Rennesøy kommune: I Rennesøy vart det gjennomført tilsyn med alle tre skulane i kommunen. Endelege tilsynsrapportar vart sende kommunen i juni 2011. Alle skulane fekk mellom anna pålegg om å utarbeide rutinar for å underrette råd og utval om alle forhold som er vesentlege for skolemiljøet, slik at dei fungerer slik lova krev. Ein intern communal prosess knytt til eit av dei andre pålegga gjer at tilsynet med Rennesøy kommune enno ikkje er ikkje avslutta. Kommunen har fått utsett frist til juni 2012 for å utføre rettingar etter tilsynet.

Stavanger kommune: I Stavanger vart det ført tilsyn med 6 skular, tre av dei frå same bydel, medan dei tre andre var spreidde i byen. Stavanger kommune har ein stor administrasjon, og det er gjort eit omfattande arbeid for å støtte og følgje opp skolane i forhold til tilsynsområdet. Det er utarbeidd rundskriv, malar og ulike dokument til nytte i dette arbeidet. Etter Fylkesmannen si vurdering syner den store oppmøteporsensten på formøtet og sluttmøtet ein kommune som tek skole og opplæring særskilt alvorleg og at dette forpliktar alle. Resultata frå skulane i same bydel viser at det er godt samarbeid mellom desse, og at det er god "delekultur". Det er likevel slik at arbeidet på dei ulike skulane speglar leiinga sitt fokus og engasjement. Ein av desse skulane fekk ikkje pålegg, medan ein skule fekk eitt pålegg og eitt korreksjonspunkt. Den tredje skulen fekk to pålegg og fire korreksjonspunkt. Ved dei tre andre skulane var resultata slik: to pålegg – tre korreksjonspunkt, tre pålegg – tre korreksjonspunkt, eitt pålegg – eitt korreksjonspunkt. Pålegga var i hovudsak knytte til forhold ved enkeltvedtaka, til samansetting av SMU/SU og manglande rutinar for å involvere utvala i saker som gjeld det psykososiale miljøet. På grunn av skifte i ansvarleg på tilsynsområdet, fekk kommunen utsett frist for å sende erklæring på oppfølginga av tilsynet. Erklæringa viste at ikkje alle skolane hadde retta pålegga. Fylkesmannen har påpeika dette og gitt ny frist for å utføre rettingane. Tilsynet var dermed ikkje lukka pr. 31.12.11. Stavanger kommune har på eige initiativ invitert Fylkesmannen til rektormøte der oppfølginga etter tilsynet er tema. Erfaringsspreiing og læring er fokus på samlinga.

Strand kommune: I Strand kommune vart det gjennomført tilsyn med 2 ungdomsskular. Funna i tilsynet viser at arbeidet med det psykososiale arbeidet var temmeleg likt på skulane. Dette trur me hovudsakleg skuldast at kommunaleddet følgjer skulane tett opp på dette punktet. Kommunen har no utarbeidd eit felles system for dette arbeidet, som alle skulane må gjere til sitt eige. I tillegg har kommunen eit godt rapporterings- og kontrollsysten på dette feltet. Likevel vart det i førebels rapport gitt varsel om 2 pålegg med 6 korreksjonspunkt på den eine skulen, og 3 pålegg med 6 korreksjonspunkt på den andre skulen. I korte trekk avdekte tilsynet nokre mindre manglar med innhaldet i enkeltvedtaka etter § 9a-3, manglande oppretting av SMU, ulovleg samansetjing av SU, og manglande rutinar for å sikre at råd og utval vert involverte i saker som gjeld det psykososiale miljøet på skulen. Kommunen retta alle lovbrota straks etter at dei fekk varsel om pålegg, slik at det ikkje var grunn til å gi pålegg då den endelege rapporten vart sendt. Fylkesmannen kunne derfor avslutta tilsynet med den endelege rapporten.

Vi vurdere måloppnåinga for det felles nasjonale tilsynet som god. Alle vi har hatt tilsyn med har vore særskilt opptatt av å følgje dei pålegga som er gitt i tilsyna.

Prioritert område (gjennomføring av nasjonale prøver):

Våren 2011 gjennomførte Fylkesmannen eit brevtilsyn med gjennomføringa av nasjonale prøver 2010 ved 21 skolar i tre kommunar. Tilsynet blei gjennomført ved hjelp av tilsynsmateriell frå Fylkesmannen i Aust-Agder og metodehandboka "Tilsyn i opplæringssektoren". Tilsynsområdet passa godt til å bli gjennomført som eit brevtilsyn.

Det blei registrert avvik på alle område i gjennomføringa av nasjonale prøver, bortsett frå at to av kommunane hadde registrert fråvær frå prøvene i samsvar med retningslinene. To kommunar gjorde greie for tiltak for å justere/forbetre gjennomføringa av nasjonale prøver innan fristen som var sett for dette. Tilsynet kunne dermed avsluttast i desse to kommunane. Vi måtte etterspørje tilstrekkeleg dokumentasjon på planlagt justering/forbetring i ein kommune. Etter at vi hadde motteke dokumentasjonen, kunne tilsynet avsluttast i oktober 2011 også i den siste kommunen.

Fylkesmannen har sendt inn eigen tilsynsrapport til Utdanningsdirektoratet innan fristen og vurderer god måloppnåing når det gjeld dette oppdraget i 2011. Vi vil peike på at tilsynet vart ressurskrevjande, m.a. fordi både spørsmålsskjema og alt rettleiingsmateriellet som skulle sendast til kommunane, måtte omsetjast til nynorsk.

Eigeninitierete tilsyn:

Vi hadde planlagt å gjennomføre tre oppfølgingstilsyn i 2011, men vi har som nemnt ovanfor, gjennomført to av desse oppfølgingstilsyna:

Rogaland fylkeskommune: Dette var eit tilsyn med oppfølging av det nasjonale tilsynet i 2008 der temaet var § 13-2 i opplæringslova. Ved tilsynet i 2008 vart det gitt fire avvik. Oppfølgingstilsynet i 2011 viste at avviket knytt til sakkunnige vurderinger var lukka, medan avvika knytte til vedtak og system ikkje var lukka. Fylkesmannen har gjennom tilsynet i 2011 gitt meir rettleiing enn elles på grunn av det komplekse saksområdet. Vi opplever at fylkeskommunen slit med å følgje opp pålegg på ein god måte.

Forsand kommune: Forsand er ein liten kommune med berre ein skole. Tema for tilsynet i 2010 var spesialundervisning, og kommunen fekk då tre avvik. Bakgrunnen for oppfølginstilsyn i 2011 var mellom anna mangefull kompetanse på forvaltningsområdet, både på skole- og kommunenivå. På tilsynstidspunktet i 2011 var to av avvika frå 2010 lukka - avvika knytta til sakkunnig vurdering og vedtak. Systemavviket var ikkje lukka. Fylkesmannen har gitt omfattande rettleiing, både i sluttmøte og i etterkant av sluttmøte. Rettleiinga har vore knytt til påleddet på system, jf. § 13-10 andre ledd. Tilsynet var ikkje avslutta pr. 31.12.11. Fylkesmannen vurderer å opprette ny tilsynssak etter § 13-1 fjerde ledd i 2012 (skolefagleg kompetanse på kommunenivå).

Ved begge oppfølgingstilsyna vart ny metodikk nytta, der tidlegare avvik no vart vurderte som pålegg med korreksjonspunkt. Omlegginga var for Fylkesmannen ei utfordring, men vart positivt vurdert og opplevd av fylkeskommunen/kommunen.

Fylkesmannen skulle også ha gjennomført oppfølgingstilsyn med **Sandnes kommune** etter § 9-1 i opplæringslova. Dette oppfølgingstilsynet er utsett til hausten 2012, jf. ovanfor.

Bjerkreim kommune: Eigeinitiert tilsyn med tema spesialundervisning vart påbegynt i desember 2010, men i hovudsak gjennomført i 2011. Tilsynet i kommunen (som berre har to skolar) viste mangefull regeletterleving. Det vart gitt fire pålegg med ti korreksjonspunkt. Etter tilbakemeldinga frå kommunen inviterte Fylkesmannen kommunen, skolane og PPT til eit møte for dialog og presisering av enkelte reglar i lova. Kommunen og PPT si forståing av bruken av alternative opplæringsarenaer var eitt tema som vart nærmere drøfta.

Gjesdal kommune: Fylkesmannen gjennomførte eigeinitiert tilsyn med minoritetsspråklege elevar sin rett til særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 2-8. Samtidig blei det ført tilsyn med om kommunen har eit forsvarleg system for å kontrollere og følgje opp dette. Tilsynet vart ført med Gjesdal kommune, og 2 skular blei valde ut til å delta, ein barneskule og ein ungdomsskule. Tilsynet avdekte at forholda var relativt like på begge skulane, noko Fylkesmannen har grunn til å tru heng saman med at kommunaleddet har gjort eit omfattande arbeid på dette feltet nyleg. Det blei gitt 2 pålegg med 5 korreksjonspunkt. I korte trekk avdekte tilsynet manglar ved enkeltvedtaka, det blei ikkje fatta vedtak for dei elevane kommunen ikkje kunne skaffe morsmålslærar til, fleire elevar byrja ikkje på rett alderstrinn, og kommunen hadde ikkje eit forsvarleg system etter opplæringslova § 13-10. Førebels rapport blei sendt ut rett før jul. Kommunen gav kommentarar og retta ein del forhold i januar 2012. Fylkesmannen har enno ikkje sendt endeleg rapport.

Stavanger kommune: Fylkesmannen gjennomførte i 2010 tilsyn med elevar sin rett til særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, og kommunen sitt system for å sikre dette etter § 13-10. Kommunen fekk 2

pålegg. Fylkesmannen har hatt ein dialog med kommunen i 2011 om retting av avvika, men tilsynet er pr. 31.12.11 ikkje avslutta. Dette heng delvis saman med skifte av nøkkelpersonell på felta i kommuneadministrasjonen, og delvis saman med utfordringar knytte til implementering av eit nytt "§13-10-system". Vi tar sikte på å avslutte tilsynet før påske.

Vindafjord kommune: Fylkesmannen gjennomførte i 2010 tilsyn med elevar sin rett til spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5, særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 2-8, og kommunen sitt system for å sikre dette etter § 13-10. Kommunen fekk 4 avvik. Fylkesmannen har hatt ein dialog med kommunen i 2011 om retting av avvika, men tilsynet er pr. 31.12.11 ikkje avslutta. Vi tar også her sikte på å avslutte tilsynet før påske.

Rogaland fylkeskommune: Tilsynet som blei starta i 2010 etter kap 4A (4A-1, 4A-3, og §3-1) når det gjeld fengselsopplæring, blei avslutta i 2011. Dei tre pålegga som blei gitt, er retta.

Fylkesmannen hatt tilsyn med opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp i to kommunar: **Utsira**

kommune og Forsand kommune: Utsira kommune fatta ikkje enkeltvedtak for barn som mottok spesialpedagogisk hjelp, mens Forsand kommune fatta vedtak, men ikkje i tråd med krava i opplæringslova og forvaltningslova. Begge kommunane fekk avvik på at det ikkje var fatta enkeltvedtak om fritak i foreldrebetalinga for barn som mottok spesialpedagogisk hjelp. Vi ser at med så store og vesentlege avvik bør tilsyn med opplæringslova § 5-7 vere eit prioritert område, og det vil bli gjennomført tilsyn på dette også i 2012. I tillegg vil Fylkesmannen tilby kommunane rettleiing/kurs om forvaltningslova, særleg om formkrava til enkeltvedtak.

Fylkesmannen i Rogaland vurderer at vi samla sett har god måloppnåing på resultatområdet sett i lys av ressursar, kompetanse, metodikk og andre relevante forhold i fylket. Oppdraget knytt til felles nasjonalt tilsyn har vore krevjande sidan starten i 2010, både når det gjeld kompetanse og ressursar. Men siste "runden" er gjennomgåande opplevd som grei, og vi erkjenner at vi har lært mykje både gjennom møta med direktoratet og gjennom sjølve tilsynsarbeidet. Vi vil også nemne at både kommunane og skolane har gitt positive reaksjonar på tema og metode, og det er vårt klare inntrykk at tilsynsobjekta ønskjer å rette dei lovbrota som blir avdekte. Vi nemner at opplegget med pålegg og korreksjonspunkt blir oppfatta som tenleg i rettingsarbeidet.

Både i felles nasjonalt tilsyn og i anna tilsyn opplever vi at nokre skoleeigar har utfordringar knytte til å følgje opp pålegg på grunn av svak skolefagleg kompetanse. Rettleiingsarbeidet blir også krevjande i slike høve. Vi erkjenner at det bør gjennomførast tilsyn etter § 13-1 fjerde ledd, men ved eit slikt tilsyn vil det vere særskilt vanskeleg å balansere ev pålegg mot lokalt sjølvstyre. Regelen er uklar, og vi ønskjer avklaring frå Udir om kva "minstekrav" regelen inneber. Elles trengst det felles innsats (Udir og embeta) for å finne fram til gode og felles arbeidsmåtar når det gjeld avslutting av tilsyn og ev oppfølgingstilsyn.

Interne utfordringar knytte til relativt høg turn-over i avdelinga dei siste par åra, har også følgjer for måloppnåinga vår. Det har vore nødvendig å satse på kompetanseutvikling, og våren 2011 vart det gjennomført eit internt opplegg i tre delar, der alle deltok i del 1 og 2 (1. Kvifor tilsyn? 2. Metodehandboka - kva inneber den? 3. Tilsynsleiarrola), og alle tilsynsleiarane også i del 3. Samla brukte kvar enkelt tre dagsverk inkl førebuing. Eit kompetanseutviklingsprosjekt som vi gjennomfører i samarbeid med SAF knytt til klagebehandling etter § 9a-3, har også vist seg å vere nyttig på tilsynsfeltet.

Av kompetensemessige årsaker måtte vi ha mange med på kvart tilsynslag i første del av 2011, men for hausthalvåret hadde vi bygd oss såpass opp at vi gjennomførte fleire tilsyn med berre to personar pr lag. Vi er såleis samla sett rimeleg nøgde med gjennomføringa vår også når det gjeld effektivitet. Så reknar vi med at kompetansebygginga må halde fram, og det er eit mål at vi skal møte kommunane så likt som råd og med same ordbruk både på barnehagefeltet og på grunnopplæringsfeltet.

31.2 Klagesaksbehandling

Det er ikkje store endringar i klagesaksbehandlinga i avdelinga i 2011, men samla sett har talet på klager gått noko opp i forhold til 2010.

Fylkesmannen mottok i 2011 6 klager som galdt spesialpedagogisk hjelp, 3 færre enn i 2010. Talet på klagesaker som gjeld spesialundervisning gjekk opp frå 2010 til 2011. Enkelte av desse sakene kravde fleire vekeverk. Fleire saker enn før er kompliserte, mangelfull forvaltningspraksis frå kommunane gjer at det kan gå lang tid før vi får klagene, og kompleksiteten aukar ofte jo lengre tid det går. Resultatet i mange saker blir at kommunen sitt vedtak blir oppheva, og saka send tilbake fordi ho ikkje er godt nok opplyst til at Fylkesmannen kan fatte endelig vedtak. Til dømes må det ofte utarbeidast ny sakkunnig vurdering, eller kommunen manglar grunngjeving for kvifor det er gjort avvik i høve til den sakkunnige vurderinga.

Antal klager på standpunktakarater i fag har halde seg jamt i 2008, 2009 og 2010. I 2011 var det ein liten auke i talet på klager. Tala for alle typar klager på standpunktakarater er innafor det som må reknast som normalt for fylket. I 51,7% av tilfella oppheva vi karakteren og sendte saka tilbake til skolen for ny vurdering, medan 48,3% av klagarane fekk avslag.

Fylkesmannen har tidlegare utarbeidd rettleiar for behandling av klage på standpunktakarater i samarbeid med fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Agderfylka. Denne rettleiaren blir årleg oppdatert ut frå erfaringar frå siste års klagebehandling, endringar i lovverket, og klargjeringar gjorde av Utdanningsdirektoratet. Rettleiaren blir publisert på nettsidene til Fylkesmannen, og er mykje nytta av skolar med ungdomstrinn. Vi arrangerer også årlege samlingar for skoleleiarar der m.a. aktuelt regelverk om standpunktakarater og erfaringar frå siste års klagebehandling er tema. For å gjere samlingane lettare tilgjengelege, blir det arrangert ei samling i nordre og ei i søre delen av fylket. Dei aller fleste skolane med ungdomstrinn sender representantar til desse samlingane.

Fylkesmannen mottok i 2010 berre ei klagesak etter opplæringslova kap. 9a. I 2011 mottok Fylkesmannen 7 klager på dette området. Ei av klagesakene i 2011 var særskilt ressurskrevjande (Udir sa ja til å sjå på visse sider av denne klagen).

Auken i talet på klager etter kap.9a kan vere eit resultat av søkjelyset på skulane sitt arbeid med elevane sitt psykososiale gjennom FNT 2010 og 2011. I tillegg har Fylkesmannen nytta mykje ressursar på informasjon og rådgiving i fleire saker som, i alle fall førebels, ikkje har enda som klagesaker. På bakgrunn av behov for kompetanseutvikling i avdelinga på dette området, hadde vi eit møte med SAF (Senter for Atferdsforskning v/UiS) i desember 2010. Dette møtet gjorde at vi i 2011 tok initiativ til eit kompetanseutviklingsprosjekt for alle embata i samarbeid med Udir, og dette prosjektet er no i gang, sjå lenkja nedanfor.

<http://www.fylkesmannen.no/aktkal.aspx?m=24393&amid=3536189>

Utanom desse områda gjeld fleirtalet av klagesaker skuleplassering og skuleskyss. På begge desse områda har det vore ein auke i klager frå 2010 til 2011. Det er særleg Stavanger som har mange klagesaker knytt til skuleplassering, og vi har etter initiativ frå kommunen hatt fleire møte med Stavanger om ulike tema knytte til dette, m.a. om kommunen sitt arbeid med skolestruktur og skolebruksplan, om nærskoleretten og lovforståinga og om kommunen sitt arbeid med klager på dette området. Vi har også hatt møte med Sandnes kommune og Randaberg kommune om nærskoleretten og skolestruktur. Når det gjeld skyss, deltar vi som observatørar i fylkeskommunen sitt skyssutval, som er eit samarbeidsorgan mellom fylkeskommunen og kommunane på dette feltet. Vi vurderer det som god førebygging å møte her for å gjere greie for regelverket om skyss.

I tillegg har Fylkesmannen i 2011 motteke nokre klager som gjeld mellom anna minoritetsspråklege elevar sin rett til særskilt språkopplæring, elevpermisjon, bortvising, inntak til eit 5. år i vidaregåande skole mm.

Generelt ser Fylkesmannen at enkelte kommunar har behov for meir forvaltningskompetanse. Dette viser seg til dømes ved at saker som er mangelfullt utgreidde, blir sende til klageinstansen og gir meir arbeid for Fylkesmannen.

Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne. Det blir ofta sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lengre. I 2011 vart slik melding sendt i 4 klagesaker etter opplæringslova. Dette skuldast som ofta behov for å innhente meir opplysningar i saka. Elles er sakene behandla innan fristen.

Dei siste åra har nokre medarbeidarar slutta, og nye medarbeidarar har blitt tilsette. Det tek tid å utvikle kompetansen hos nye medarbeidarar. Vi meiner likevel at vi har klart å gjennomføre ei fagleg god saksbehandling av dei innkomne klagesakene i 2011. Saksbehandlingstida har også vore innafor det forsvarlege heile året. Vi vurderer såleis måloppnninga vår på resultatområdet som god - trass i stor utskifting av medarbeidararar dei siste åra har vi klart å oppretthalde rimelig god kompetanse i avdelinga. Vi har eit klagelag som skal medverke både til gode rutinar og korrekt behandling, og dette laget utarbeider no ei kortfatta "klagehandbok" for nye medarbeidarar. I tillegg har vi "lovhalvtime" etter avdelingsmøtet vårt annankvar måndag, der særleg utfordrande saker og lovavklaringar blir drøfta. Elles hadde vi også like før årsskiftet eige temamøte for alle tilsette i avdelinga om klagebehandling.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
------------	--------------------------	---------------------------	--------	-------	-----------

Arsrapport 2011 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

Skoleplassering, § 8-1	32	10	18	4	Anna er to som blei sendt tilbake, eit oppheva og eit som fall bort.
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	149	77	72	0	Medhold her betyr oppheva og sendt tilbake til skolen for ny vurdering
Sentralt gitt skftlig eksamen	0	0	0	0	
Lokalt gitt muntlig eksamen	1	0	1	0	
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	0	0	0	0	
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	0	0	0	0	
Særskilt språkopplæring, § 2-8	5	0	4	1	Anna. 1 returnert
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	2	0	2	0	
Spesialundervisning, § 5-1	32	4	4	24	Anna: 15: oppheva 7: returnert 1: avvist 1: klagen trekt tilbake
Skyss, § 7-1	22	2	17	3	Anna: 2: oppheva 1: avvist
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	7	2	1	4	Anna: 2:oppheva 2:returnert
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	0	0	0	0	
Tegnspråkopplæring, § 2-6	0	0	0	0	
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	0	0	0	0	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	1	0	0	1	Anna: oppheva
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	0	0	0	0	
Bortvisning, § 2-10	0	0	0	0	
Annet	2	1	1	0	tildelt framadspråk og klage på avvisningsvedtak
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	0	0	0	0	
Sum	253	96	120	37	

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	3	0	1	2	Anna: 2:oppheva
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	4	0	4	0	
Sum	7	0	5	2	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	6	1	4	1	Anna: 1 returnert
Sum	6	1	4	1	

31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Vi har følgd opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden. Grunna nytt påloggingssystem har dette vore eit større arbeid enn tidligare år.

Deretter har vi hatt ein omfattande revisjon av tala, der kvar skole er blitt gjennomgått. Vi har undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege, men i tillegg hatt særleg fokus på konsistent rapportering i spesialundervisninga, opplæringa for språklege minoritetar, og kontaktlærarfunksjonen. Revisjonsrunden har avdekt ei rekke feil, men vi ser ei betring i høve til i fjor. Grundig revisjon av tala dei siste åra har truleg ført til høgre bevisstheit knytt til tala, og med det betre tal. Reviderte tal er lagde inn i GSI.

Vi har medverka til vidareutvikling av GSI ved å delta på Udir sine samlingar og ved å samarbeide med Sørvestgruppa om utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbeteringar. I innsamlingsperioden har vi fortløpande meldt inn feil og forslag til nye kontrollar.

Vi har hatt ei samling med skoleeigarane og rektorar, der vi gjekk gjennom GSI-skjemaet. Dei fleste kommunar og private skoler var representert. Trass dette har vi hatt stor pågang på telefon og e-post i innsamlingsperioden. Neste år planlegg vi å ta slike samlingar; ei i nordfylket og ei i sørfylket. Tanken med dette er å få til ein dialog om korleis skolane og kommunane kan kvalitetssikre rapporteringa.

Utval av tala for Rogaland er presenterte på nettsidene våre, og media har publisert delar av dette materialet. Tal og analysar frå GSI er nytta aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet og blir sett i samanheng med talmaterialet som er tilgjengelig i Skoleporten og i andre informasjonskilder. Analysar av GSI-tala ligg til grunn for utveljing av kommunar for tilsyn, val av skolar i tilsynet, samt i den kontinuerlege områdeovertakkinga. Vi arbeider aktivt med å vurdere indikatorar og identifisere risikofaktorar, vi og har tatt initiativ til eit samarbeid med dei andre fylka i Sørvest-regionen om områdeovertakkinga.

På oppmading frå Forvaltningsavdelinga kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen bereknar skjønnstilskott for. Det har vore litt støy knytt til dette, då nokre kommunar søker om tilskott for fleire grupper enn dei som følger Udir rundskriv 11-2005. Det er både i 2011 og tidlegare etterspurt grunnlagsdokumentasjon frå skolar kontrollert mot GSI på dette området, og i 2011 utløyste dette eit skriftleg tilsyn med ein kommune. Pålegg om å sørge for at elevane sine rettar etter § 2-5 fjerde ledd vart gitt like etter nyttår.

Vi har følgd opp og hatt oversyn med dei private skolane si rapportering. Dette var ei ny oppgåve for oss, og vi brukte mye tid på purring på kommunane. Dei private skolane virker å ha betre rutine på denne rapporteringa enn kommunane.

Det er nytta om lag 50 dagsverk til arbeidet med GSI i 2011, noko som vi vurderer som ein tilstrekkeleg ressursinnsats. Grunnen til at vi har nytta færre årsverk enn i fjor, er at tida til revisjonsarbeid er redusert på grunn av at det berre er ei publisering av tala.

Avdelinga har god statistikk-kompetanse, og det blir arbeidd mykje for å betre kvaliteten på GSI-tala og for å fremje bruken av tala internt i avdelinga og lokalt i kommunane. Kompetansen i kommunane er sårbar på dette feltet, og vi opplever at endringar i organisering og/eller bemanning gjer at rettleiingsoppgåva er krevjande for oss. Vi vurderer jamt nytten av å gjennomføre samling med kommunane opp mot behovet for rettleiing per tlf og e-post, men vi har valt å halde på årlege samlinger.

Vi meiner at ressursinnsasten vår er forsvarleg, og at samla måloppnåing for resultatområde 31.3. er god.

31.4 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleiingsoppdraget er ein stor del av det daglege arbeidet for medarbeidarane i avdelinga. Talet på førespurnader på e-post og telefon om regelverk og lovforståing frå skoleeigarar- og leiarar er høgt, og dei blir besvarte etter kvart. Det er stort spenn i behovet til dei som vender seg til oss, frå ønskje om enkelopplysningar om regelverket til behov for rettleiing i kompliserte saker som krev arbeid over tid.

Det planlagde informasjonsarbeidet er to-delt. På bakgrunn av embetsoppdrag og funn frå områdeovertakkinga arrangerer vi regelverksamlingar på utvalde lovområde:

I 2011 har avdelinga arrangert to samlingar om kapittel 5 i opplæringslova om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp. Til saman deltok omkring 250 deltakarar frå samtlege kommunar i fylket. I haust arrangerte vi Regelverksamling om kapittel 4A om grunnskoleopplæring for vaksne med 50 deltakarar, i tillegg til ei eiga samling særleg om vurdering for vaksne. Vi held fram med den årvisse samlinga for skoleeigarar- og leiarar om eksamen og elevvurdering og gjennomførte to samlingar i 2011, ei i nord og ei i sør med til saman 140 deltakarar.

På oppmoding frå kommunane arrangerte vi saman med BUF-etat og helse og sosialavdelinga her i embetet to samlingar om Regelverket knytt til barn i forsterheim. Den siste vart gjennomført no i februar 2012, med god deltaking både frå tilsette i barnevernet og i skolen, til saman mest 200 deltakarar.

Auka fokus på Regelverket, m.a. gjennom meir tilsyn, fører også til at fleire vender seg hit for å få hjelp. Både skoleeigarar og skolar har bede om innlegg og foredrag på samlingar, og vi prøver å imøtekome slike ønskje så godt vi kan. I 2011 har vi t.d. hatt fleire foredrag om elevvurdering, om tilsyn og om spesialundervisning. Sjå meir om det siste i 32.5.

Utdanningsavdelinga nyttar elles jamt dei faste møteplassane vi har med skoleeigarane, universitet og høgskolar, brukar- og fagorganisasjonar og andre (m.a. Samarbeidsrådet og Skolefagleg Forum) til å gi informasjon om nasjonale prioriteringar og om Regelverket. Vi har også deltatt og informert på møte i regi av Nafo, og arrangert samling saman med sør-vest embeta, Nafo og UDI i Bergen om minoritetspråklege sine rettar.

Vi brukar nettsida vår aktivt og legg vinn på å informere om endringar i lovverket og regeltolkingar frå departement eller direktorat. Vi har også utarbeidd informasjonsskriv om reglar knytte til eksamen og klagebehandling, med eiga utgåve for minoritetsspråklege.

Vi har valt å halde fram med den årlege utdanningskonferansen vår over to dagar. I 2011 arrangerte vi samlinga i samarbeid med KS, og ungdomstrinnsmeldinga "Motivasjon-Mestring-Muligheter" var hovudemne. Konferansen fekk tittelen "Med hjarte for læring" og hadde om lag 230 deltakarar. Vi fekk særleg mange gode tilbakemeldingar etter denne konferansen.

Vi arrangerer også til vanleg ein foreldrekonferanse kvar haust i samarbeid med KS Rogaland og Kommunalt foreldreutval i Stavanger. Konferansen vart dette året av ulike årsaker utsett til våren 2012 og blir arrangert med ei samling i nordfylket og ei i sørfylket. I desse dagar er begge samlingane fullteikna med i alt 130 + 200 deltakarar, og mange har ikkje fått plass.

Vi informerer jamt om bruk av verktøy for skoleutvikling og tilstandrapport på forespurnad frå skoleeigarar, jf. resultatområde 32.3. Kommunane som er valde ut til å få rettleiing, har fått tett oppfølging. Informasjon og instruksjonsvideo er publisert på heimesida vår. I samband med SKUP-satsinga har skoleeigarar fått informasjon på samlingar, og avdelinga har arbeidd aktivt med rekruttering av nye rettleiarar.

For å bidra til størst mogleg utbreiing av "Manifest mot mobbing" sende avdelinga ut brev til dei kommunane som ikkje hadde utarbeidd eige manifest. Dette ga god respons, og 19 kommunar har no eige manifest.

Vi tar også med at vi tok på oss oppdraget med å hjelpe utdanningsavdelinga i Hordaland som teknisk arrangør for Udir si samling for privatskolane i vår region.

Elles informerer vi systematisk om lovverk, rettleiarar og nettressursar knytt til læringsmiljø i samband med gjennomføringa av nasjonalt tilsyn på dette området. Aktuelle skolar og skoleeigarar blir informerte om nettressursen "Betre læringsmiljø" i sluttmøta. Det har elles vore informert særskilt om dette i samband med nokre krevjande klagesaker på området. I samarbeid med SAF har vi planlagd og starta gjennomføringa av kompetanseutvikling i fylkesmannsembeta om Regelverk, sakshandsaming og forskning på fagfeltet psykososialt miljø. Det meste av planleggingsarbeidet blei gjennomført i 2011, mens samlingane blir haldne vår og haust 2012 (sjå 31.2 for meir om dette).

Etter vår vurdering har måloppnåinga vår dette året vore særleg god. Vi har greidd å gjennomføre alle planlagde tiltak, og vi har handtert førespurnader fortløpande. Kommunikasjonen med målgruppene er god, og vi merkar at både skoleeigarar, skoleleiarar, lærarar og publikum har lav terskel for å ta kontakt med avdelinga. Dei gir tilbakemelding om at dei får god hjelp og rettleiing. Det blir satsa på å ha og utvikle god kompetanse på alle relevante område for avdelinga, slik at vi kan nytte eigne ressursar både i Regelverkssamlingar og i anna rettleatingsarbeid, og vi meiner at vi har greidd dette godt også i 2011.

31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Eksamens

Tre medarbeidarar har deltatt i Utdanningsdirektoratet sine eksamensmøte.

Vi har gjennomført møte om sentralt gitt eksamen både sør og nord i fylket med til saman 139 deltagarar frå 23 av 26 kommunar, inklusiv deltagarar frå private grunnskolar. Det er gjennomført sensoropplæring for 50 sensorar i matematikk og fellessensur for grunnskoleeksamen i matematikk for fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Det er gitt brukarstøtte til skoleeigarar i PAS og PGS, tildelt tilgang og brukarroller til skoleeigarar, eksamensansvarleg ved skolane og sensorar.

Vi har gitt rettleiing og hjelp med å registrere fagpersonar, med å melde på kandidatar og med å registrere resultat. Fylkesmannen sitt eksamenslag har tatt imot spørsmål, meldingar frå skolane om behov når det gjeld utviklinga av PAS og PGS og feilmeldingar som er blitt vidareformidla til Utdanningsdirektoratet.

Vi har også gjennomført ei kartlegging av rutinar for og trekk til eksamen i kommunane og fylkeskommunen, og utarbeidd ein rapport som er sendt til Utdanningsdirektoratet.

Ved tilsyn i kommunar og i fylkeskommunen er valet av tilsynsobjekt gjort m.a. på bakgrunn av resultat på nasjonale prøvar og eksamens- og standpunktakarakterar. Informasjons- og vurderingsarbeid knytt til resultat frå nasjonale prøvar og eksamens- og standpunktakarakterar blir også berørt og kommentert i tilsyn når dette er relevant.

Ressursbruk

Nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar

Fylkesmannen gjennomførte våren 2011 tilsyn med gjennomføringa av nasjonale prøver 2010 i tre kommunar, 21 skolar. Hausten 2011 blei det gitt rettleiing i gjennomføringa av prøvane i skoleleiararmøte sør og nord i fylket. Vi har gitt brukarstøtte og har følgt opp skolane i bruken av PAS og PGS. Vi har mottatt feilmeldingar og formidla desse vidare for å finne løysingar. Tidsbruken til arbeid med nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar har auka frå 2010 til 2011. Årsaka er arbeidet med tilsynet og rettleiinga om gjennomføring av nasjonale prøver i samsvar med retningslinene. Som nemnt ovanfor er resultat frå nasjonale prøvar brukt ved førebuing av tilsyn. Risikovurdering i samband med resultata av nasjonale prøvar og eventuelle val av tilsynsobjekt i samband med dette, er ført på resultatområde 31.1 Tilsyn. Dette gjeld og tidsbruken.

Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har deltatt i eksamensmøte arrangert av fylkeskommunen for å informere og rettleie om gjennomføringa av sentralt gitt eksamen

Vi har gjennomført fellessensur for vidaregåande opplæring våren 2011 i 18 ulike fagkodar med til saman 294 sensorar. Fellessensuren for hausteksamen blei gjennomført i 8 fagkodar med til saman 92 sensorar.

Talet på dei sensurerte prøvesvara og eksamensstatistikken ligg i PAS. Vi har gjennomført eksamensarbeidet i samsvar med embetsoppdraget. Fylkesmannen får god tilbakemelding på arbeidet med å koordinere eksamensgjennomføringa både frå skoleeigarar, skoleleiarar og sensorar.

Ansvaret for klagesensur i vgo vekslar kvart fjerde år mellom Fylkesmannen i Hordaland og Rogaland. Hordaland overtok i 2011, og ein medarbeidar frå Rogaland deltok då ved gjennomføringa i Bergen.

Vi vurderer måloppnåinga vår på dette resultatområdet som god. Tilbakemeldingar både frå skoleeigarar, skoleleiarar og sensorar er også at gjennomføringa av eksamen og sensur er godt ivaretatt.

Fylkesmannen i Rogaland

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		Informasjon som kjem fram ved gjennomføringa av nasjonale prøver og eksamener blir også tatt opp i møte med skoleeigarar, skoleleiarar og eksamensansvarlege både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring.

Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleiere med høy andel elever med fritak
---	--	------------------------------	--

2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	<p>5.årssteget: 5,0% av elevane i fylket var frittatt frå nasjonal prøve i lesing mot 4,7% nasjonalt. 3,3 % av elevane på dette årssteget var frittatt i rekning mot 2,9% nasjonalt. 8.årssteg: Fritaksprosenten for desse elevane var lik fritaksprosenten nasjonalt både i lesing og rekning. 9. årssteg: 3,0% av elevane i fylket var frittatt i lesing mot 2,8% av elevane på nasjonalt nivå. I rekning var 3,3% av elevane frittatt mot 2,9% nasjonalt.</p>	<p>Lesing: I Forsand kommune var 11,8% av elevane frittatt frå nasjonale prøver. I Sokndal 12,5%, i Strand 7,8% og i Time 7,9%. Rekning: Lund: 6,3% fritak og Sokndal, 24,4% fritak.</p>	<p>I små kommunar med få elevar kan prosentandelen elevar med fritak bli høg fordi enkeltelevar gir stort utslag. I andre kommunar med stor andel minoritetsspråklege elevar, er det ein stor andel elevar med fritak frå nasjonale prøver på grunn av vedtak om særskilt språkopplæring.</p>	<p>Ved tilsyn med gjennomføringa av nasjonale prøvar i 2011, jf. 31.1, var fritaksprosent både på kommune- og skolenivå utgangspunktet for val av tilsynsobjekt. Prosentandel fritak er ein av indikatorane når vi vurderer kva kommunar det skal førast tilsyn med kvart år. Elles blir det gitt rettleiing om dette på skoleeigarmøte og skoleleiararmøte kvart år. Det blir også lagt ut informasjon om reglane for fritak på Fylkesmannen si nettside.</p>
--	--	--	---	--

31.7 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen forvaltar to tilskotsordningar på grunnskoleområdet; kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring. I tillegg har Fylkesmannen kontrollloppgåver når det gjeld kap 225 post 60 Tilskot til landsliner, kap 225 post 63 Tilskot til samisk i vidaregåande opplæring, kap 225 post 67 Tilskott til opplæring i finsk i vidaregåande opplæring og kap 253 post 70 Tilskott til folkehøgskular.

Fylkesmannen har i 2011 utbetalt tilskott til grunnskoleopplæring for 234 barn og unge i asylmottak mot 303 i 2010. Desse elevane hadde 941 månadar i opplæring mot 1260 månadar i 2010; ein reduksjon på 319 månader eller om lag 25%. Det er i alt utbetalt 6,7 mill kr i tilskott mot 8,7 mill kr i 2010. Gjennomsnittleg tal på månadar i opplæring per elev ligg stabilt på litt over 4.

Fylkesmannen har gjort ein formalia- og rimelegkontroll av søkerne fra kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn liste over bebuarar i mottak frå UDI og desse er forsøkt samanlikna med søkerne. Samanlikninga er vanskeleg av di listene frå UDI ikkje er lagt til rette for slik kontroll. Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men kontroll utført i samband med søkerne ført til korreksjonar for tildeling av tilskott.

Det var i alt 4125 elevar på leirskole i 2011 mot 4958 året før. Talet på elevar som reiser på leirskole blei såleis redusert med 833 elevar eller 17 %. Tidlegare har talet elevar vore stabilt dei siste fire åra. Elevane var i 2011 organiserte i 252 grupper mot 298 året før. Det blei utbetalt 4,2 mill kr i tilskott i 2011. Av dette var 1,2 mill kr etterslep frå 2010. 7,0 % av elevane i Rogaland var på leirskole i 2011 mot 8,4 % i dei tre førre åra. Det er såleis ein reell reduksjon av elevar på leirskole med om lag 17 %.

Kommunane sine søkerne med elevlister er gjennomgått, og feil er retta før tildeling av tilskott. Det er henta inn faktura eller uttale frå nokre av leirskolane som viser at kommunen har hatt leirskoleoppdrag der. Fylkesmannen har ikkje funne grunnlag for stikkprøvekontroll.

Rogaland har seks landsliner ved tre vidaregåande skular. Fylkesmannen har samanfatta og utført kontroll med elevlistene og sendt dei vidare til Utdanningsdirektoratet.

Når det gjeld samisk og finsk i vidaregåande opplæring, har vi hatt noko rettleiing når det gjeld samisk, men ikkje hatt noko arbeid med finsk.

Fylkesmannen har kontrollert årsoppgjeret for 2010 for dei fire folkehøgskolane i Rogaland. Alle hadde levert rekneskapen innan fristen, alle følgjer rekneskapslova, alle har eigen konto for statstilskott og eigen note for inntekter frå offentlege kjelder og alle har fått revidert årsrekneskapen av registrert eller statsautorisert revisor.

Det har vore ei tydeleg utvikling i 2010 mot betydeleg svekka resultat, høgare gjeld og dermed lågare eigenkapital og noko svekka likviditet. Fortenestemarginen er no samla negativ, sjølv om to av fire skolar hadde overskot. Eigerkapitalen er redusert frå 40 % til 34 % av verdiane. Verdien av tomter, bygningar mv auka med om lag 19 %. Dette skuldast store investeringar heilt ut finansiert med auka gjeld ved ein av skolane.

Samla sett gjer utviklinga skolane meir sårbare for endringar i dei økonomiske rammevilkåra framover.

Det var sett av i alt 18 dagsverk til arbeidet på dette resultatområdet i 2010, og oppdraget er fullført på ein tilfredsstillande måte innafor desse ressursane. Arbeidet er utført av to personar med naudsynt kompetanse innafor forvaltning og økonomi. Ein person med økonomikompetanse har hatt ansvaret for tertialrapporteringa. Vi har prøvd å sjå til at reglar og retningslinjer for dei ulike ordningane er følgde, utan at vi kan seie at vi har brukt nokon særskild metodikk.

Resultatområde 32 Opgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

32.2 Kompetanseutvikling

Samarbeid om kompetanseheving og kompetansedeling i Rogaland

Kommunane i Rogaland samarbeider i fem nettverk på opplæringsfeltet; NordR, Midt 1, Midt 2, Jærnnettverket og Nettverk Dalane. Kommunane har jamleg møte i nettverka, og nyttar nettverka også til samarbeid om kompetanseheving i sine kommunar. Det enkelte nettverket har kontakt med enten Universitetet i Stavanger eller Høgskolen Stord/Haugesund gjennom 'dialogmøte'. Det er fortrinnsvis universitetet eller høgskolen som inviterer til dialogmøte. Nettverka vert også nyttta til andre former for kompetanseheving, til dømes samarbeid om satsinga 'Vurdering for læring'. Fylkesmannen har inntrykk av at samarbeidet i nettverka er godt.

Samarbeidsrådet for grunnopplæringa er ein møtestad for KS, Fylkesmannen, ein representant frå kvart kommunenettverk, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, UiS og HSH. KS er teknisk arrangør av møta i Samarbeidsrådet. Det er 4 møte i året, og saklista er fastsett i samarbeid mellom deltakarane. Møteform og -innhald blir jamleg diskutert, og det er semje om at dette skal vere eit handlekraftig forum som er nyttig for alle deltakarane. (Døme frå 2011 kan vere etablering av eit prosjekt knytt til barn med svært store samansette vanskar + barn i fosterheim: bestilling til Fylkesmannen om å halde kurs om regelverket og justering av satsar for refusjon). Samarbeidet om GNIST har hatt særleg fokus også dette året, med eigne tiltak for å styrke motivasjonen for deltaking i Kompetanse for kvalitetet og for å medverke til samarbeid om utvikling av vidareutdanningstilbod kommunane i mellom.

Skolefagleg forum har same samansetjing som Samarbeidsrådet, men her er alle skolefagleg ansvarlege i kommunane med. Fylkesmannen er teknisk arrangør, og vi har to heildagmøte pr år. Siste delen er avsett til eige møte for KS og skolefaglege ansvarlege om arbeidsgivarspørsmål.

Gnist-partnarskapet har møte same dag som møte i Samarbeidsrådet (same medlemmer + LO/NHO), og har dermed 4 møte i året. Møte i partnarskapet vert arrangert av Gnist-prosjektleiar, noko som fungerer godt. Dette er ein viktig arena blant anna for at kommunenettverka skal ha aktiv del i utviklinga og oppfølginga av den regionale handlingsplanen for Gnistarbeidet: 'RogalandsGNISTen', og ha eigarskap for denne. Det er behov for å "reindyrke" saklista til møta, slik at saker ikkje blir sett opp både i Samarbeidsrådet og GNIST.

Partnarane i GNIST har gått saman om å finansiere ei prosjektleiarstilling i Rogalandsgnisten. Dette har vore ein suksessfaktor for å halde kontinuitet og "trøkk" i dette arbeidet. Alle kommunane har betalt inn 50 øre pr innbyggjar. Fylkesmannen og dei øvrige partane har bidratt med konkrete summar (Fylkesmannen har lagt mest "i potten"). RogalandsGNISTen søkte også om og fekk tildelt RUP-midlar. Midlane går hovudsakleg til lønn, men det er også sett av litt til drift.

Etterutdanning

Samarbeidsrådet for grunnopplæringa i Rogaland har samarbeidd om regionale føringar for tildeling av etterutdanningsmidlar. Dei nasjonale føringane ligg til grunn for arbeidet, og det er sett opp sju regionale kriterium for behandling av søknader. Desse kriteria vart tatt opp i Samarbeidsrådet før søknadsperioden våren 2011, og blei vidareførte.

Fylkesmannen ser samarbeidet om dei regionale kriterium som godt og nyttig for saksbehandlinga.

Alle 26 kommunar og fylkeskommunen søkte om og fekk tilskott til etterutdanning i 2011. 7 private skoleeigarar mottok også midlar til etterutdanning. Det er to færre enn året før.

Søknadene frå dei offentlege skoleeigarane er gode. Det blir lagt vekt på prioriterte fagområde for etterutdanningsmidlar, andre nasjonale satsingsområde, kontakt med kompetansesenter av ulike slag og eigendelen til kommunane står i godt samsvar med søkt sum. I 2011 søkte alle dei offentlege skoleeigarane om tilskott til fleire relevante og gode *etterutdanningstiltak* enn det var midlar til.

Tiltaka som dei private skolane søker om, har ofte vore vidareutdanning i fagområde utanfor dei prioriterte områda. I år er dette betra. Fylkesmannen har følgt opp dei private skolane ekstra med informasjon på e-post og ved å besvare spørsmål frå dei om strategien.

Ut frå søknadspapira vurderer Fylkesmannen skoleeigarane sine etterutdanningstiltak som relevante i høve til nasjonale satsingsområde og behov i skolane. Ut frå informasjonen om kompetansesenter/ institusjonar som vert nytta, antar Fylkesmannen også at etterutdanningstiltaka er av god fagleg kvalitet.

Vidareutdanning

Det har vore stor auke i talet på deltakarar. Det kan skuldast at fleire skoleeigarar som ikke deltok i starten, no er med. Andre skoleeigarar får med fleire lærarar, men med færre studiepoeng pr. lærar. Innspel i nettverk og Samarbeidsrådet med ideutveksling og konkrete døme på samarbeid, har også medverka til auke i tal på deltakarar. Ein stor kommune som Stavanger vil gjerne ha med fleire deltakarar enn det er rom for.

Nokre skoleeigarar i Rogaland meiner framleis at strategien gir for få studiepoeng til for få lærarar, i høve til pengane som vert brukte.

Fylkesmannen får tilbakemelding om at kvaliteten på vidareutdanninga er særskilt god og nyttig.

Rapportering i REV

Fylkesmannen sende ut informasjon pr. e-post til alle skoleeigarar om rapporteringa i REV. Informasjon blei også lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Alle skoleeigarar som fekk tildelt tilskott til kompetanseutvikling i 2010, har rapport om bruk av midlar til kompetanseutvikling innan fristen. REV var i år ikkje lenger eit nytt system, så rapporteringa vart gjennomført utan store problem. Fylkesmannen har medverka til å rette opp små feil og manglar i samarbeid med kommunane.

Gnist

GNIST-arbeidet i Rogaland fungerer svært godt. Det er jamleg møte i det regionale GNIST-partnarskapet. Desse møta blir lagde same dag som møte i Samarbeidsrådet i Rogaland (sjå ovanfor). GNIST-arbeidsutvalet som har møte ein gong pr. månad.

Partnarskapen har utarbeidd ein handlingsplan for det regionale arbeidet. Både handlingsplanen og det regionale GNIST-arbeidet generelt har namnet 'RogalandsGNISTen'. RogalandsGNIST har eiga nettside og er på Facebook.

RogalandsGNISTen har etablert GNIST-kontaktar i kvar kommune. Dei har jamlege møte med hovudfokus på rekruttering til og omdømmebygging for læraryrket. Fylkesmannen deltar aktivt også her. På desse samlingane er det alltid eit fagleg emne for å heve kompetansen til GNIST-kontaktane. I år var det *Møte med media - om korleis media tenker og korleis ein kan nytte media i omdømmebygging*. (v/ Rikke Bjurstrøm)

RogalandsGNISTen har særleg hatt fokus på omdømmebygging og rekruttering. Innlegg på diverse rektorsamlingar i distriktet, artiklar i avisar, markering av lærardagen og utsending av små helsingar kan vere døme på slikt arbeid.

Fokus på vidareutdanning i kompetansestrategien var i starten noko nedtona i RogalandsGNISTen, sidan dette var eit svært kontroversielt tema i fylket. Men i 2011 har det hatt auka merksemd, særleg knytt til felles EVU-tiltak. Fylkesmannen og partane er svært nøgde med GNIST-arbeidet i fylket.

Vurdering

Samla ressursbruk i avdelinga i 2011 var omlag 20 dagsverk til samarbeidsorgana for kompetanseheving og kompetansedeling, 30 dagsverk i GNIST arbeidet og 60 dagsverk for øvrig arbeid med kompetanseutvikling 32.2, totalt ca 110 dagsverk.

På grunn av morspermisjon måtte oppgåvene med kompetansestrategien flyttast til ein annan medarbeidar i avdelinga i 2011, men vi har greidd å sikre god kompetanse i dette arbeidet, og vi konkluderer såleis med at vi har god måloppnåing på dette resultatområdet.

32.3 Skoleporten

Vi har gitt brukarstøtte og rettleiing per telefon og e-post. Ved publisering av resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga er det stor aktivitet i Skoleporten, og vi har i den perioden større pågang for rettleiing og informasjon.

Data frå Skoleporten, og frå datakjelder direkte, blir brukte systematisk i samband med tilsyn. Vi informerer også om slike data ved førespurnad frå media og andre som vil vite noko om skolemiljø og resultat.

Når nytt talmateriale ligg føre i Skoleporten, blir dette analysert og tatt inn i systemet for områdeovertakning. Analysane blir presenterte og gjort tilgjengelige for alle tilsette i avdelinga.

Samla ressursbruk for Skoleporten er 20 dagsverk. Kompetansen i arbeidet med Skoleporten er vurdert som god. Vi har nådd måla for resultatområdet, men ser at vi ikkje har full oversikt over kommunane sin bruk av Skoleporten sine ulike komponentar. Vi vurderer likevel måloppnåinga vår på området som god.

Fylkesmannen i Rogaland

1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?

Ja

Øvrige kommentarer

Vi har to personar som gir brukarstøtte og rettleiing. Begge deltok på Utdanningsdirektoratet si samling, og er begge superbrukarar.

2. Hvordan har embetet lagt til rette for at Skoleporten brukes i lokal kvalitetsvurdering?

Vi får ikkje mange spørsmål frå kommunane om Skoleporten, og har ikkje kontakta kommunane direkte for å fremje bruken av Skoleporten. Men vi ser av heimesidene til kommunane og i lokal presse, at Skoleporten er aktiv i bruk i Rogaland.

3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?

Tilstandsrapporten blir mykje brukt, det ser vi både av innsende dokument i samband med tilsyn og på nokre av kommunane sine heimesider. Publisering av tala frå dei nasjonale prøvane og resultata av elevundersøkinga får alltid mykje merksemd, både i form av spørsmål til oss, og som debatt i lokalpresse. Korleis og i kva utstrekning desse undersøkingane blir brukte konkret i kvalitetsvurdering, har vi ikkje oversyn over.

4. Benytter embetet Skoleporten i tilsynsarbeidet?

Ja

5. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:

I fjor kom vi med ønske om ei meir stabil side, særleg med tanke på å lage rapportar med eigendefinerte grupper og eksport av data med mange einingar. Dette opplever vi som langt betre no. For oss som nytta skoleporten svært mykje i områdeovervakinga, kunne vi tenkje oss ein meir fleksibel rapportgenerator. Dette gjeld både på ”mi side” (rom for å lagre avanserte eigendefinerte rapportar), og i eksportfunksjonen. Slik eksportfunksjonen er no, kan ein velje mellom altfor lite og altfor mye informasjon. Vi eksporterer mykje informasjon og bruker tid på å sortere og slette irrelevant informasjon.

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

Forsøk med fremmedspråk på 6.-7. trinn 2010-2012

Fylkesmannen har fungert som bindeledd mellom Utdanningsdirektoratet og skolar/skoleeigarar når det gjeld økonomiske midlar, rapportering og evaluering av lokal implementering. Våren 2011 rapporterte Fylkesmannen vidare til Udir om den lokale implementeringa av forsøket som ein del av undervegsevalueringa av forsøket. Vidare har Fylkesmannen deltatt på nasjonale samlingar og halde fram med å informere skoleeigarane i fylket om forsøket. Fylkesmannen kontrollerte og justerte budsjett i samarbeid med kommunane og tildelte deretter midlane frå Utdanningsdirektoratet til skoleeigarane.

Fylkesmannen og skoleeigarane er godt nøgde med gjennomføringa av forsøket.

Vurdering for læring

Fylkesmannen har vald ut skoleeigarar/skolar, funne fram til regionale ressurspersonar og fungert som bindeledd mellom Utdanningsdirektoratet og ressurspersonar/skoleeigarar når det gjeld tildeling av økonomiske midlar og innhenting av rapportar. Fylkesmannen har arrangert møte med ressurspersonar, vurdert planar for gjennomføring og deltatt på nasjonale samlingar.

Forsøk med nytt praktisk fag på ungdomstrinnet - arbeidslivsfag

Til saman 6 skolar i 4 kommunar i fylket deltar i forsøket frå og med hausten 2010. 105 elevar på 8. trinn og 99 elevar på 9. trinn har vald arbeidslivsfag ved forsøksskolane skoleåret 2011-2012. Fylkesmannen har deltatt på ei dagssamling for forsøksskolane i Oslo og har vore på eit heildagsmøte i Utdanningsdirektoratet om organisering og gjennomføring av forsøket. Våren 2011 besøkte Fylkesmannen alle skoleeigarane og skoleleiarane som deltar i forsøket for å få kjennskap til utfordringar i samband med forsøket og for å få ønske om tema og organisering av nettverksmøtet planlagt til hausten 2011. Nettverksmøtet blei gjennomført i september med til saman 19 deltakarar frå alle forsøksskolane. I tillegg deltok 2 lærarar frå yrkesfagleg studieretning i vidaregåande skole, 1 deltakar frå Ungt entreprenørskap Rogaland, 2 lærarar frå Mjølkeråen skole i Bergen, 1 deltakar frå Utdanningsdirektoratet og 1 deltakar frå Fylkesmannen. Deltakaren frå Ungt entreprenørskap formidla teori om ”Hvordan starte elevbedrift” og dei to lærarane frå Mjølkeråen skole formidla teori om ”Hvordan tilrettelegge arbeidslivsfag på 9. og 10. trinn” og ”Læreplan, vurdering og eksamen”. Deltakaren frå Utdanningsdirektoratet formidla erfaring frå forsøket så langt og den vidare plan. Fylkesmannen har fått tilbakemelding frå skoleleiarane på forsøksskolane om god organisering og gjennomføring av nettverksmøtet.

Dronning Sonjas skolepris

Det er informert på nett og med eige brev til kommunane. I år hadde vi nominert Bryne skule til prisen, men dei rakk ikkje opp.

Rettleiarkorps

Vi har rekruttert til rettleiarkorpset gjennom info til alle skoleeigarane og på nettstaden vår. Rogaland har no fire rettleiarar i korpset. Vi har også i rekrutteringsarbeidet drege nytte av at erfarne rettleiarar i korpset har stilt seg til disposisjon for innspel og spørsmål frå aktuelle nye søkerar til korpset. Vår vurdering er at fire rettleiarar frå Rogaland er i underkant av det vi burde hatt, sett i lys av eit fylke der skoleutvikling står sterkt.

Når det gjeld oppfølging av skoleeigarar og skolar som får rettleiing av korpset, har vi medverka til å ta opp denne problemstillinga med UDIR. Det har ikkje vore klart kva som ligg i oppdraget til Fylkesmannen her. Rådgivar med ansvar for dette området har følgt opp skoleeigarane ved å delta på møte som UDIR arrangerer sammen med skoleeigar og/eller rettleiarane.

Fylkesmannen har gjennomført aktivitetane i embetsoppdraget og vurderer måloppnåinga som god.

32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Svært mange av dei førespurnadene vi får pr. telefon og e-post, gjeld informasjon og rettleiing på dette resultatområdet, og vi prioriterer både å setje av tilstrekkeleg med ressursar og å gi raskt svar her.

Oppdraget er elles blitt utført gjennom følgjande tiltak:

- Tilsyn med tema spesialundervisning i ein kommune med to skolar. Fylkesmannen valde som ein del av dette tilsynet å gjennomføre eit møte med representantar frå kommunen, skolane og PP-tenesta i etterkant av tilbakemeldinga frå kommunen. Særleg fokus på oppfølgingsmøte var forståinga av bruk av og forvaltningsarbeidet knytt til alternative opplæringsarenaer.
- I 2011 har vi gjennomført to oppfølgingstilsyn:
 - 1. Fylkeskommunen - oppfølging etter nasjonalt tilsyn 2008- § 13-2. Opplæringssitusjonen, oppfølginga og ansvarsfordelinga er spesielt utfordrande for desse barna. Etter vår vurdering har det vore viktig å følgje opp dette temaet fordi forvaltinga på området var særskilt mangelfull. Resultatet av oppfølgingstilsynet er både betre regeletterleving og mykje større fokus på området.
 - 2. Ein liten kommune - oppfølging frå 2009 - kap. 5. Årsaka til oppfølgingstilsynet var manglande kompetanse på regelverk både på skole og kommunenivå. Oppfølginga har vore positiv. Rettleiing er gitt både gjennom rapport og i møte med skole- og kommunenivå. Vi er likevel bekymra for realkompetansen på kommunenivå, og ønskjer å følgje dette opp.
- Fylkesmannen hatt tilsyn med opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp i to kommunar. Ein kommune fatta ikkje enkeltvedtak for barn som mottok spesialpedagogisk hjelp, mens den andre kommunen fatta vedtak, men ikkje i tråd med krava i opplæringslova og forvaltningslova. Begge kommunane fekk avvik på at det ikkje var fatta enkeltvedtak om fritak i foreldrebetalinga for barn som mottok spesialpedagogisk hjelp.
Vi ser at med så store og vesentlege avvik, bør tilsyn med opplæringslova § 5-7 vere eit prioritert område, og det vil bli gjennomført tilsyn på dette også i 2012. I tillegg vil Fylkesmannen gje kommunane tilbod om skolering i forvaltningslova, særleg om formkrava til enkeltvedtak.
- § 5-7 har vore tema på to nettverksamlingar for barnehagertilsette
- Deltaking i ei vidareføring av prosjektet "Dei utfordrande barna"- målgruppa i prosjektet er personalet i barnehage, helsestasjon, skole, SFO og PPT. Fokus er på barn i alderen 4-8 år. Senter for atferdsforskning har vore prosjektansvarlege.
- Deltaking i arbeidet med prosjektet Haugalandsløftet - eit tverrfagleg og tverrkommunalt prosjekt om tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Spesiell oppfølging og møte med PPT, kommuneleiinga og skolar i to elevsaker i to kommunar knytt til det spesialpedagogiske området

Fylkesmannen har i 2011 hatt ei omfattande kursrekke innanfor dette resultatområdet. Nedanfor er ei oversikt over dei ulike samlingane:

- januar - Møte med skoleleiinga og PPT i Klepp kommune
- mai - Samling for tilsette i barneverntenesta
- mai - Regelverksamling i Nord-fylket
- juni - Regelverksamling i Sør-fylket
- desember - Samling for alle PPT tilsette i Nord-fylket
- desember - Samling Barn i fosterheim

Det er også halde innlegg/foredrag etter førespurnad frå ulike hald, m.a.

- Opplæringsutvalet Rogaland fylkeskommune: Om spesialundervisning i vgo og utfordingar for Rfk
- Stavanger kommune, samling i storbynettverket: Om regelverket knytt til opplæring for elevar med skolevegring
- UiS, vidareutdanning for lærarar i norsk: Om regelverket knytt til spesialundervisning og særskilt norskopplæring
- Fagleg forum for PPT i Rogaland: Om forventingar til PP-tenesta
- Skolefagleg forum: Meld. st nr 18 Læring og fellesskap - kva skjer?

Etter Fylkesmannen si vurdering har det vore stor aktivitet på dette resultatområdet i 2011, og også god

målloppnåing. Regelverkssamlingane har hatt mange deltakarar. Det har vore svært positive tilbakemeldingar på det arbeidet som er gjort på dei ulike samlingane. Behovet for informasjon om forvaltinga på dette området er framleis stort. Vi har positiv erfaring med å møte kommunane åleine; at alle dei ansvarlege på kommunenivå, på skolane og i PP-tenesta får høyre det same samtidig. Innhaldet på samlingane har i tillegg til gjennomgang av forvaltningslova og opplæringslova knytt til kap. 5, også vore ein gjennomgang av erfaringar og funn gjort i tilsyn på området. Der vi har møtt den enkelte kommune/region, har vi spesielt tatt utgangspunkt i dei utfordringane vi har sett lokalt. Vi har vore bevisste på også å formidle positive funn. Det er vidare gode tilbakemelding på at vi har møtt ansvarlege på kommune- og skolenivå i vanskelege elevsaker. Etter vår vurdering er bruken av alternative opplæringsarenaer eit tema som må få større merksemd både når det gjeld tilsyn og rettleiing. PP-tenesta er ei viktig målgruppe for vårt arbeid innanfor dette området, og det er opplevd å vere særslig låg terskel for å ta kontakt. Mange ber om rettleiing i prinsipielle saker, og vi blir etterspurde for å halde innlegg på ulike samlingar.

Etter vårt skjøn er dette eit område som føreset at vi har brei kompetanse, og solid kjennskap til sektoren og skolekvardagen må vere på plass for å kunne løyse oppdraget på ein god måte. Vi har slik kompetanse no, og vi har nemnt at vi prioriterer å setje av ressursar til dette feltet, noko vi meiner aktiviteten synleggjer. Vi meiner såleis at målloppnåinga vår er god på dette resultatområdet.

Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

33.1 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen har forvalta dei statlege tilskota etter retningslinene fra Kunnskapsdepartementet for kvar einskild tilskotsordning. Dette omfattar i hovudsak formalia- og rimelegkontroll av alle søknader og stikkprøvekontroll på nokre av søknadene. Særskilt rapportering for kvar tilskotsordning blir gitt på Kunnskapsdepartementet sine skjema for gjennomført tilskotskontroll.

Fylkesmannen konstaterer at målloppnåinga på tilskotsområdet er god. Saksmengda er kraftig redusert i forhold til 2010. Grunnen til dette er at to tilskot blei avslutta i 2010, og Fylkesmannen har berre behandla etterslep av saker frå 2010; Driftstilskot til barnehagar og Tilskot til tiltak for nykomne flytningar sine barn. Saksbehandlingstida i 2011 har i hovudsak vore innanfor ein månad. Det er gjennomført kontroll etter retningslinene for kvar einskild ordning.

Det er utbetalt følgjande beløp i dei ulike tilskottsortningane:

0231-60 Driftstilskot	6 518 686
0231-61 Investeringstilskot	17 608 575
0231-63 Språkforståing min. språklege	9 619 014
0231-64 Faste plassar midlertidige lokale	150 000

Det er utbetalt totalt omlag 34 millionar kroner til drift og investering innan barnehagefeltet i Rogaland i 2011.

Avslag

Fylkesmannen har gitt avslag på 1 søknad om driftstilskot. Avslaget var grunngitt med at det ikkje var auke i talet på barn.

Vidare er det gitt avslag på 1 søknad om investeringstilskot. Avslaget er gitt med grunngjeving i betre kapasitetsutnytting.

Det er også gitt avslag på 1 søknad om tilskot til faste plasser i midlertidige lokale. Avslaget er gitt då det ikkje var dokumentert ein konkret plan for den permanente barnehagen.

Klager

Ingen av FM sine vedtak frå 2011 er påklaga.

KD har i 2011 teke avgjerd i 1 klagesak på vedtak om investeringstilskot frå 2010. FM sitt vedtak blei stadfesta.

FM ventar framleis på avgjerd i 2 klagesaker som blei sende til KD i april 2011.

33.2 Klagesaksbehandling

Talet på klagesaker er relativt lågt, men enkelte er kompliserte og tidkrevjande. Dette gjeld framleis særleg saker etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlige tilskott, sjølv om forskriftena er ny i 2011.

Klager økonomisk likeverdig behandling

Saksbehandlingstida i saker om likeverdig behandling har vore frå 1-4 mnd. Lang saksbehandlingstid skuldast både kompleksiteten i sakene og behov for innhenting av fleire opplysningar. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lang.

Fylkesmannen har gjort vedtak i 15 saker om økonomisk likeverdig behandling i 2011, ei av desse kom inn i 2010. For resultata av sakene viser vi til tabellen. 8 av klagene gjeld same kommune og går i stor grad ut på manglande dokumentasjon. Andre tema i klagesakene er endring av tilskot ved aktivitetendringar, feil i tilskotsgrunnlaget og at avvik mellom regnskap 2010 og budsjett 2011 ikke er forklart. Mange av klagene er fremja via Private Barnehagers Landsforbund (PBL). Ei klagesak mottatt i 2011 var ikkje ferdigbehandla ved årsskiftet.

Fylkesmannen har brukt mykje tid på dei nye reglane som gjeld frå 1.1.2011, når det gjeld informasjon og rettleiing. Vi viser til res.omr. 33.3

Andre klager på barnehagefeltet

Fylkesmannen har behandla ein klage som galdt avslag på etablering av familiebarnehage, og ei sak om arealbereking i godkjenningsvedtak. Kommunens vedtak vart stadfesta i begge desse sakene. I tillegg har vi behandla ei krevjande sak om stenging av ei småbarnsavdeling i ein barnehage etter tilsyn frå kommunen. Kommunen sitt vedtak vart oppretthalde, men Fylkesmannen peika samtidig på at kommunen si behandling av saka var forvaltningsmessig svak.

(Saker om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder går fram av resultatområde 31.2.)

Måloppnåing

Talet på mottekne klagesaker når det gjeld økonomisk likeverdig behandling har auka litt frå året før. Kompleksiteten er den same som tidlegare. Vi har likevel klart å redusere saksbehandlingstida samanlikna med 2010. Sakene er framleis krevjande både i forhold til tidsbruk og innhald og inneber mykje intern drøfting og i nokre høve avklaring med departementet. Oppdraget er, som i 2010, løyst hovudsakleg av to tilsette. Sett i lys av kompleksiteten i ny forskrift om likeverdig behandling, store utfordringar i enkelte kommunar og noko uoversiktelege avklaringar frå departementet, vurderer vi måloppnninga vår som tilfredstillande.

Vi viser likevel til innspel til Udir i det siste "stormøtet" om tiltak for å styrke kompetansen på dette området samla sett, m.a gjennom klargjering av regelverket der det er råd (t.d. store/små barn, kva er ei treåring), etablering av eit fagutval (jf. forslag frå AU i haust), etablering av ein klagebase på fm-nett mtp kompetansedeling, hyppige regelverkssamlingar "i alle ledd".

Type Klage	Klager gis medhold/delvis medhold	Klager gis ikke medhold	Opphevet/returnert Sum	Sum innkommet 2010
Barnehageloven § 10	0	1	0 1	1
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	1	0 1	1
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6	0	11	4 15	1
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0 0	0
Barnehageloven § 16	0	1	0 1	0

Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Merknad					

Det er gjennomgåande få klager bortsett frå på forskrift om likeverdig behandling av ikkje kommunale barnehagar. Her er det ein auke frå 9 saker i 2010 til 15 saker i 2011.

33.3 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleiingsoppdraget er delt mellom planlagde tiltak og førespurnader utanfrå. Fylkesmannen har i 2011 hatt jamlege møte med kommunane som barnehagemynde og arrangert regelverksamlingar for kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar. Fylkesmannen nytter nettsidene aktivt til å spreie informasjon og rettleiing. Førespurnader per telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt. Det kjem spørsmål frå så vel foreldregruppa som frå kommunane, og det har vore ein auke i kontakt direkte frå foreldra i 2011.

I Rogaland samarbeider kommunane i tre nettverk på barnehageområdet. Fylkesmannen deltar i 4-6 halvdagsmøte i kvart nettverk årleg, og desse møta i nettverka er, i tillegg til informasjon via nettside, på e-post og telefon, vår viktigaste kontaktarena. Her informerer vi om nasjonale prioriteringar og om regelverket. Møta har låg terskel begge vegar, kommunane får rettleiing på eit tidlig stadium i forhold til utfordringar dei jobbar med og i høve til regelverket. Vi nemner som døme at dette mellom anna medverka til rask implementering av rettleiaren om pedagogisk bemanning. Samstundes blir Fylkesmannen jamt oppdatert om utfordringar og status i høve til oppfyllinga av rett til barnehageplass m.m.

Det er Fylkesmannen si oppfatning at nettverka er ein sentral arena for kontakt og samhandling med kommunane. Mange av kommunane i Rogaland er små, og det har vore stor utskifting av barnehagefagleg ansvarlege. Nokre av desse har dessutan mangelfull systemkompetanse. Den hyppige møtefrekvensen gjer at Fylkesmannen kan komme tidleg inn med informasjon og rettleiing.

Fylkesmannen har hatt særleg fokus på informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde og økonomisk likeverdig behandling. Det er Fylkesmannens oppfatning at god informasjon og dialog mellom kommunane som barnehagemynde og dei ikkje-kommunale barnehageeigarane er vesentleg for å sikre ei god implementering av det nye regelverket. Det er derfor arrangert felles regelverksamling om økonomisk likeverdig behandling.

Fylkesmannen konstaterer at mange av kommunane slit i høve til økonomisk likeverdig behandling. Det som skulle bli eit enklare regelverk, blir opplevd som det motsette. Kommunane har fått eit stort ansvar, og forvaltinga av tilskottssordninga krev så vel juridisk som økonomisk og barnehagefagleg kompetanse. Reglane blir opplevde som vanskeleg tilgjengelege, og vi ser at det ikkje er mogleg å praktisere reglane rett utan å ha god oversikt over departementet sine merknader og lovforarbeidet.

Få kommunar har tilgang på tilstrekkeleg kompetanse som kan nyttast på dette området. Fylkesmannen merkar frustrasjon i kommunane og eit ønskje om Fylkesmannen som rettleiar langt ut over den rollen som vi er meint å ha. Vi har prioritert denne oppgåva og avsett mykje ressursar til dette området, både ved direkte informasjon via telefon og e-post og ved at vi har utvikla ei eiga nettside om barnehagetilskottet.

Vi vil peike på at det kan vere fare for at både kommunane og barnehagane innarbeider feil praksis, fordi dei manglar oversikt over eit vanskeleg tilgjengeleg regelverk. Dei nye reglane om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling gjer ikkje denne situasjonen betre for kommunane.

Når det gjeld informasjon og rettleiing knytte til barn med særskilte behov, har Fylkesmannen deltatt i kommunane sitt nettverk for styrka barnehagetilbod. Her drøftar ein dei formelle sidene ved tildeling av spesialpedagogisk hjelpe og Fylkesmannen har hatt ei sentral rolle mellom anna ved gjennomgang av rettleiaren på det spesialpedagogiske området.

Fylkesmannen har, med utgangspunkt i rettleiaren ”Til barns beste”, arrangert to større samlingar om omsorgssvikt. Målgruppa har vore alle tilsette i barnehagane, og målsetjinga å auke kunnskapen om korleis ein oppdagar omsorgssvikt og kva ein gjer med bekymringa. Desse samlingane har fått særskilt tilbakemelding, og Fylkesmannen vil følje opp med tilsvarande tilbod i 2012. Vi vonar med det å auke meldingsfrekvensen frå barnehagane.

Den årlege barnehagekonferansen, som Fylkesmannen arrangerer i samarbeid med Universitetet i Stavanger og Utdanningsforbundet, hadde i 2011 fokus på formålsparagrafen og rammeplanen. Konferansen var særskilt godt besøkt, og vi har fått tilbakemelding om viktig auke i bevisstgjeringa av formålsparagrafen sitt danningsbegrep.

Vi viser elles til rapporteringa på resultatområde 34.2 ”Kompetanseutvikling og rekruttering”.

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga på dette resultatområdet har vore god. Embetet har brukt mykje ressursar på økonomisk likeverdig behandling, både knytt til å sikre at embetet har kompetente medarbeidare på dette feltet og knytt til direkte rettleiing til kommunane og til ikkje-kommunale barnehageeigarar. Dei kommunale nettverka fungerer godt, og vi ser aktiv deltaking i nettverka som ein tenleg arbeidsmåte for å formidle informasjon og rettleiing. Auka bruk av nettsidene har også vore prioritert, og det er vårt syn at dette har medført at vi er meir ”synlege” ute. Dette kan vere ei av årsakene til auke i kontakt frå foreldregruppa.

Vi hadde i plan for verksemda vår i 2011, planlagt samlingar som ikkje kunne gjennomførast. Vi hadde rekna med at utgreiinga frå Øie-utvalet kom før, dermed blir samlinga om NOU 2012-1 no i mars 2012. Samlinga om pedagognorma måtte også gå ut og vart erstatta av regionvise samlingar i nettverka til kommunane. Det har vore naudsaamt å prioritere nokre område ned for å kunne handtere oppgåvene knytte til økonomisk likeverdig behandling. Dette har ramma områda Likestilling og Menn i barnehagen, der vi hadde planlagt samlingar. Desse områda vil bli prioriterte i 2012. Vi meiner altså likevel at måloppnåinga vår samla sett er god også på dette resultatområdet.

33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2011 ført tilsyn med fem kommunar etter systemrevisjonsmetoden på barnehagelova sitt område. Tema for tilsyna har, som tidligare år, vore kommunen som godkjenningsmynde og kommunen sitt tilsyn med barnehagane. I tillegg er det ført tilsyn med den pedagogiske bemanninga, barnehagelova §§ 17-18.

Vi varslede også tilsyn med alle kommunane knytt til barnehagelova § 12a, rett til barnehageplass. Basert på signal frå kommunane valde Fylkesmannen å foreta ei kartlegging først. Denne viste at alle kommunane ville klare å oppfylle retten. Det varslede tilsynet på § 12a fall då bort, men Fylkesmannen har følgt dette området opp gjennom møte og dialog med kommunane. Alle barn med rett blei gitt et tilbod i Rogaland i 2011.

Det har ikkje vore nødvendig med hendingsbasert tilsyn i 2011.

Det er totalt gitt ti avvik i 2011. Det er gitt avvik på at vedtak om godkjenning ikkje er fatta i samsvar med reglane i barnehagelova og forvaltningslova. For kommunen som tilsynsmynde er det gitt avvik på at tilsynsrutinane er mangelfulle når det gjeld overordna planlegging (små kommunar med berre ein barnehage blandar eigar- og myndighetsrolla) og at tilsynet ikkje dekkjer alle krava i lova. Når det gjeld tilsyn med den pedagogiske bemanninga, fekk ein kommune avvik på at den pedagogiske bemanninga i barnehagen ikkje var i samsvar med lova, medan ein annan ikkje fatta vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet i samsvar med krava i lova.

Utover dette har fylkesmannen hatt tilsyn med opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp i to kommunar. Dette er omtalt under resultatområde 31.1.

På barnehagefeltet har tilsynet gitt oss eit innblikk i kommunen si systemtenking og forvaltningspraksis på området.

Fylkesmannen konstaterer gjennom tilsynet, både etter barnehagelova og opplæringslova § 5-7, at fleire av kommunane fattar vedtak i strid med forvaltningslova sine regler om enkeltvedtak. Nokre kommunar fattar ikkje vedtak i det heile, medan andre fattar vedtak utan at dei formelle reglane for vedtaket er ivaretatt. Når det gjeld tilsyn etter opplæringslova § 5-7, fekk begge kommunane avvik på at det ikkje var fatta vedtak i forhold til fritak for foreldrebetaling.

Kommunane er valde mellom anna på bakgrunn av den kjennskapen vi har til kommunane gjennom kontakt i nettverk og samlingar, særleg i høve til kompetansen i kommunaleddet. Mange av kommunane i Rogaland er små og har mangefull barnehagefagleg kompetanse i administrasjonen. Det har også vore stor utskifting av dei barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. I tillegg har vi i utvalet av tilsynskommunar valt å leggje ei viss vekt på å ha med både store og små kommunar, og sjå til at alle kommunane på sikt blir omfatta av Fylkesmannen sine tilsyn. Det er dessutan tatt omsyn til samordning med anna tilsyn frå Fylkesmannen.

Arsrapport 2011 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

Vi har fått melding frå tilsynskommunane om at avvik på kommunen si godkjenning av barnehagar vil bli lukka ved at kommunane etablerer nye rutinar for å sikre saksutgreiing i tråd med regelverket. Generelt er det få nye godkjenningar i Rogaland då sektoren nå i stor grad er fullt utbygd.

Avvik i samband med tilsyn med barnehagane er lukka ved at kommunen utarbeider plan og rutinar som sikrar at kommunen har eit tilsyn i tråd med regelverket.

Avvik knytte til enkeltvedtak er retta opp ved at kommunane har utarbeidd mal for nye vedtaksbrev, samt at det er fatta vedtak der desse mangla.

Manglande pedagogisk bemanning i barnehagen er retta opp ved å tilsette fleire førskolelærare, ev innvilge dispensasjon, i samsvar med regelverket, der dette ikkje har lukkast. To av kommunane har frist til 01.03.12 med å melde korleis avvik vil bli lukka og desse tilsyna er følgjelig ikkje avslutta.

Vi har på bakgrunn av den innsikten tilsyna har gitt, sett det nødvendig å auke kunnskapen om dei formelle krava til sakshandsaming. Fylkesmannen vil i 2012 tilby ei skoleringsrekke mellom anna med ein grundig gjennomgang av forvaltningslova, retta direkte mot dei barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. I tillegg er lov og lovforståing tema på alle møte med kommunane. I Rogaland samarbeider kommunane i tre regionar på barnehageområdet, og Fylkesmannen deltar på 5-6 møte med kvar region årleg.

Interne utfordringar knytte til relativt høg turn-over i avdelinga dei siste par åra, har også følgjer for måloppnåinga vår på dette området. Det har vore nødvendig å satse på kompetanseutvikling, og våren 2011 vart det gjennomført eit internt opplegg i tre delar, der alle, også tilsette på barnehageområdet, deltok i del 1 og 2 (1. Kvifor tilsyn? 2. Metodehandboka - kva inneber den? 3. Tilsynsleiarrolla), og alle tilsynsleiarane også i del 3. Samla brukte kvar enkelt tre dagsverk inkl førebuing.

Så reknar vi med at kompetansebygginga må halde fram, og det er eit mål at vi skal møte kommunane så likt som råd og med same ordbruk både på barnehagefeltet og på grunnopplæringsfeltet. Her er vi i gang med å utvikle malar og rutinar for å kunne vere betre samordna.

Samla sett har vi etter vårt skjønn hatt ei god måloppnåing på tilsynsfeltet også i 2011.

FMRO

Tilsynsobjekt:	Time kommune
Tema/myndighetskrav:	Lov om barnehager §§ 10 og 16
Avvik/funn:	Avvik 1 Time kommune sine pålegg etter tilsyn med barnehagane er ikkje fatta i vedtaks form.
Frist for lukking av avvik:	01.06.2011
Pålegg:	Nei
Merknad:	Merknad 1: Time kommune sine rapportar etter tilsyn er for tilbakehaldne med å gi merknader, eventuelt også avvik, ved funn i barnehagane. Pålegg om retting bør også konkretiserast betre i rapportane. Merknad 2: Tilsynsrapportar og godkjenningsvedtak er ikkje underskrivne i samsvar med delegeringsreglement.
Ressursbruk:	32 dagsverk
Kommentar:	

FMRO

Tilsynsobjekt:	Sokndal kommune
Tema/myndighetskrav:	Lov om barnehager §§ 10, 11, 16
Avvik/funn:	Avvik 1: Sokndal kommune dokumenterer ikke de utredninger og vurderinger som kreves i henhold til Lov om Barnehager, når godkjenningsvedtak flettes. Avvik 2: Sokndal kommunens rutiner for tilsyn er ikke fullt ut egnet til

	å sikre at barnehagene drives i samsvar med krav i Lov om Barnehager.
Frist for lukking av avvik:	01.09.2011
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	35 dager
Kommentar:	

FMRO

Tilsynsobjekt:	Utsira kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§ 10, 16, 17, 18
Avvik/funn:	Avvik 1: Utsira kommune fatter ikke vedtak om godkjennning av barnehager etter reglene i barnehageloven. Avvik 2: Utsira kommune utøver ikke tilsyn med barnehagen i henhold til barnehageloven. Avvik 3: Utsira kommunes bemanning i barnehagen er ikke i henhold til barnehageloven.
Frist for lukking av avvik:	01.03.2012
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	38 dagsverk
Kommentar:	

FMRO

Tilsynsobjekt:	Forsand kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§ 10, 16, 17, 18
Avvik/funn:	Avvik 1: Forsand kommune fattar ikkje vedtak om godkjennning av barnehagar etter reglene i barnehagelova. Avvik 2: Forsand kommune utøvar ikkje tilsyn med barnehagen i samsvar med reglane i barnehagelova. Avvik 3: Forsand kommune si handtering av dispensasjon frå utdanningskravet er ikkje i samsvar med Barnehagelova
Frist for lukking av avvik:	01.03.2012
Pålegg:	Nei
Merknad:	Merknad Forsand kommune sitt delegasjonsreglement, kvalitetssystem og sjekkliste over ansvarsområde er ikkje eintydige og gir ikkje ei klar beskriving av ansvarsforholda.
Ressursbruk:	28 dagsverk
Kommentar:	

FMRO

Tilsynsobjekt:	Haugesund kommune
Tema/myndighetskrav:	Barnehageloven §§10, 11, 16, 17, 18
Avvik/funn:	Avvik 1 Haugesund kommune sikrer ikke at pedagogisk bemanning i barnehagene er i samsvar med reglene i barnehageloven. Vedtak om dispensasjon

	fra utdanningskravet er ikke i samsvar med reglene i barnehageloven, jf. forvaltningsloven.
Frist for lukking av avvik:	01.03.2012
Pålegg:	Nei
Merknad:	Merknad 1: Haugesund kommunes vedtak om godkjenning av barnehager, fattet med utgangspunkt i rutiner før høsten 2011, er ikke i samsvar med reglene i barnehageloven. Merknad 2: Haugesund kommune har ikke, før innføringen av nye rutinene høsten 2011, et system for tilsyn av barnehagene i samsvar med reglene i barnehageloven
Ressursbruk:	30 dagsverk
Kommentar:	Haugesund kommunes rutiner for godkjenning (barnehagelovens §§ 10,11) og for tilsyn med barnehagene (barnehagelovens § 16) er så nye at det ikke foreligger dokumentert praksis på hvordan rutinene fungerer. Fylkesmannen legger som forutsetning at Haugesund kommune følger de nye rutinene og har med utgangspunkt i det konkludert med å gi merknad, og ikke avvik, på områdene godkjenning (barnehagelovens §§ 10,11) og tilsyn (barnehagelovens § 16).

33.5 Kontroll av årsmeldinger og årsregnskap

Fylkesmannen har kontrollert og godkjend årsmeldingane per 15.12.10 fra alle barnehagane innan fristen 18.02.11. Fylkesmannen har purra kommunar som ikkje hadde godkjend årsmeldingar innan kommunane sin frist for godkjenning 21.01.11. 4 sakbehandlarar har kontrollert årsmeldingane. Innrapporterte data er sett i forhold til årsmeldingane frå året før og vedtak om godkjenning etter barnehagelova. I dei fleste årsmeldingane som blei avviste, var det feil i årsmeldinga punkt 8, Opplysningar om stillingar og personale, og punkt 3, Barnehagens organisering. Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå, særleg i forhold til utfylling av punkt 8 og 3. Den faglege rettleiinga i BASIL er ikkje klar på alle punkt, og nokre spørsmål har blitt retta til SSB. Fylkesmannen har fått greie svar, og formidla desse vidare. Det er viktig at nye avklaringar frå SSB blir innarbeidde i den faglege rettleiinga i BASIL, slik at kvaliteten på innrapporterte data frå barnehagane blir ennå betre. Det er brukt 37 dagsverk til dette arbeidet i 2011.

Fylkesmannen har purra kommunar der ikkje alle barnehagane har innlevert årsrekneskap innan fristen. Kommunane har i sin tur purra barnehagane om det same. Nokre kommunar har peika på at fristen for innlevering av årsrekneskapsskjemaet er alt for tidleg i forhold til fristen for innlevering av barnehagen sin ordinære årsrekneskap. For fleire barnehagar er ikkje tala frå årsrekneskapen klare på det tidspunkt dei skal rapportere i BASIL. Bortsett frå dette har det vore svært lite spørsmål og rettleiing på området. Det er brukt ein dag til dette arbeidet i 2011.

Vi meiner måloppnåinga vår er god.

Resultatområde 34 Opgaver for økt kvalitet i barnehagen

34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Kompetanseutvikling og rekruttering

Fylkesmannen arbeider med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren gjennom tiltak knytte til kompetansestrategien, kompetansemidla og kvalitetsmidla. Målsettingane og forventningane til kommunane vart vektlagde på saksbehandlarsamling med kommunane, sjå resultatområde 33.3.

Rogaland mottok kr 3 065 000 i kompetansemidlar i 2011, og kr 565 000 var øyremerkte midlar over kap 231 post 21 for å betre kompetansen i fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering for personalet i barnehagen. 12 kommunar søkte om øyremerka midlar for å betre kompetansen i fleirkulturell pedagogikk, og Fylkesmannen tildelte kr 538 000 til 8 kommunar med tema:

- Eigersund kommune: Synleggjering av språkleg og kulturelt mangfald
- Time kommune: Mange språk side om side
- Vindafjord kommune: Samvær og språkstimulering
- Gjesdal kommune: Utarbeiding av verktøy for språkkartlegging
- Sandnes kommune: Dialog og medvirkning
- Stavanger kommune (6 barnehager): Korleis skape ein god fleirkulturell barnehage for dei yngste
- Tysvær kommune: Bøker som eit språkstimerende tiltak
- Klepp kommune: Språkleg og kulturell pedagogikk

Dei siste åra har det vore stor arbeidsinnvandring i fylket, og mange kommunar rapporterer at familiane ønskjer barnehageplass. Dette aukar behovet for tospråkleg kompetanse i barnehagane, og mange strevar med det pedagogiske innhaldet. Rike språkmiljø medverkar positivt i språkutviklinga, og barnehagene har behov for tospråklege pedagogar.

Alle dei 26 kommunane i Rogaland søkte om kompetansemidlar, og tildelinga vart gjort etter søknad med framlagt kompetanseplan for 2011. Midla vart tildelte etter fordelingsnøkkelen etter talet på barnehagar og barn i barnehagane i kommunen. Frå tiltaksplanane ser vi at dei prioriterte områda i strategiplanen frå KD er godt ivaretatt. Alle barnehagane i kommunane har deltatt i kompetansehevingstiltak, og alle yrkesgruppene i barnehagen har deltatt på eit eller fleire tiltak. Også ikkje-kommunale barnehagar vert inviterte til å delta på nokre av kompetansehevingstiltaka som kommunane arrangerer.

For rekneskap og rapportering for bruk av kompetansemidla over kap 231 post 21 og 63 viser vi til eiga rapportering.

Kvalitetsutvikling i barnehagen

Rogaland mottok kr 1 394 000 over kap. 231 Barnehagar post 21 Spesielle driftsutgifter (kvalitetsmidlar). Midla er i stor grad nytta til nettverk og samlingar med kommunane, eigne prosjekt, konferansar og interkommunale prosjekt i kommunane. Midla blei også i år nytta til å arrangere kurs i samarbeid med NAFO (ressursheftet), og til å stimulere til arbeid med nasjonale strategiar og satsingsområde, sjå resultatområde 34.3. Etter vår vurdering er kvalitetsmidla svært viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i sektoren.

Barnehagekonferansen 2011 vart arrangert 26 mai og hadde hovudtittelen "*Danning i barnehagens hverdag!*" Danningsbegrepet var nytt i formålsparagrafen, og konferansen var med på å presisere endringar i i lov og rammeplan. Konferansen er årleg, og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UiS og Utdanningsforbundet i Rogaland. Det var 380 deltagarar på konferansen, og tilbakemeldingane var svært gode.

Fylkesmannen initierte prosjektet *Dei utfordrande barna* i perioden 2005-2007 med 4 kommunar saman med Senter for atferdsforskning (SAF). Prosjektet er nå inne i sin tredje periode. I alt har ti kommunar no vore med, og Fylkesmannen bidrar med 200 000 kr til gjennomføring. Prosjektet får svært gode tilbakemeldingar fra kommunane. Sjå elles 32.5.

Som ledd i nasjonal satsing har Fylkesmannen lyst ut kr 170 000 for å styrke barnehagen sitt læringsmiljø med sikte på å fremje likestilling mellom gutter og jenter. 5 kommunar søkte om midlar og 4 kommunar fekk tildelt til saman kr 170 000.

- Strand kommune: Læringsmiljø i barnehagen
- Karmøy kommune: Jenter med rett til like muligheter
- Tysvær kommune: Jenter og gutter, like forutsetninger
- Hå kommune: Likestilling i barnehagen

Temaet likestilling og kjønn har vore drøfta i kommunenettverka, men vi ønskjer å auke fokus på dette arbeidet og har no i 2012 sett ned eit likestillingsteam som skal sjå på moglege aktivitetar som fremjer likestilling og likeverd i barnehagen med utgangspunkt i Handlingsplan for likestilling 2014.

I samband med Kunnskapsdepartementet sitt Manifest mot mobbing 2011-2014 tildelte Fylkesmannen kr 350 000 til prosjektarbeid for å styrke innsatsen mot mobbing i barnehagesektoren. Både kommunale og ikkje-kommunale barnehager blei oppfordra til å søkje. 14 kommunar søkte om øyremerka midlar til å styrke innsatsen mot mobbing og 7 kommunar fekk tildeling med tema:

- Finnøy kommune: Det er mitt val
- Sokndal kommune: Skolering for ufaglærte i barnehagene
- Randaberg kommune: Foreldre som ressurspersonar
- Private bhg i Sandnes kommune: Sosialkompetanse
- Eigersund kommune: Kursrekke i samarbeid med SAF
- Sauda kommune: Sammen for inkudering
- Forsand barnehage: Førebyggjande arbeid mot mobbing

Fokus på retten til eit oppvekst- og læringsmiljø fritt for mobbing er aukande, og det er viktig å fortsette arbeidet på dette området. Saman med foreldregruppene må det arbeidast både med sosial kompetanse og innsasts mot mobbing.

Fylkesmannen fekk i løpet av juni 2011 ekstra tildeling av midlar til kompetansetiltak på barnehagesektoren. Kompetansemidla på kr 906 000,- blei fordelt etter nøkkeltal slik vi hadde gjort tidligare. Rapporteringa frå kommunane viser at dei jobbar i forhold til nasjonale føringar, men at mangel på førskolelærarar og fråvær av anna kvalifisert personell gjer at jobben blir svært utfordrande.

I samarbeid med UiS-pluss har vi utarbeidd ein emneplan for kompetanseheving av assistentar, og studiet starta opp i des 2011 med 30 studentar frå Sandnes kommune, Sola kommune, Time kommune og Hå kommune. Det er jamn fordeling av kommunale og ikkje-kommunale deltakarar. Restmidla frå utviklingsmidlane 2011 har gjort det mogleg å delfinansiere 30 nye studieplassar, og desse vil starte opp i løpet av hausten 2012. Totalt vil vi ha 60 studentar i perioden 2011-2013. Studiet er svært populært, og kommunane har store foventningar til at KD skal bevilge friske midlar i 2012 slik at fleire kan delta på denne kompetansehevinga.

KD har tildelt 28 000 kr for å spreie informasjon om rettleiing av nyutdanna. I samarbeid med UiS arrangerte Fylkesmannen ei samling for barnehagefagleg ansvarleg der vi informerte om ordninga og hadde erfaringsutveksling frå 3 kommunar som hadde starta opp med ordninga.

Rekruttering

Fylkesmannen har saman med den lokale rekrutteringsgruppa gjennomført tiltak i tråd med KD sin handlingsplan for rekruttering. Det er m.a. utarbeidd materiale til reklame og informasjon om yrket. 40 bussar i Stavangerområdet hadde informasjon om studiet i vekene 12 og 13. 50 busskur i nærleiken av dei vidaregåande skulanane hadde reklame om studiet i veke 14. Det blei også delt ut informasjonsbrosjyrar om studiet til dei kommunane som var interesserte. Vi har også vore på utdanningsmesse der vi gav ut informasjon om både studiet og yrket. Det er vidare utarbeidd ein brosjyre om korleis ein kan bli førskolelærar og kva som skal til for å kvalifisere seg til opptak for dei som alt arbeider i barnehage. I kontakt med Stavanger Aftenblad avtalte vi å delta med profilering førskolelæreryrket i avis, og dei arrangerte nettmøte etter avisoppslaget. Elles arrangerte vi våren 2010 samling for det nasjonale nettverket for dei som deltar i KD sitt rekrutteringsprosjekt.

Barnehagane i Rogaland opplever at det særstakleg vanskeleg å rekruttere førskolelærarar. Dette skuldast fleire faktorar. Mellom anna fører ein stram arbeidsmarknad og høge lønningar i fylket til at mange førskolelærerarar ikkje jobber i barnehagane. Førskolelæreryrket er ikkje så godt kjent blant ungdommar, og dette fører til vanskar med å rekruttere dei unge til utdanninga.

Det er ein svak auke talet på studentar som jobbar i barnehagen som assistentar. Dette er spesielt merkbart på deltidstudiet. Har var det nedgang på 0,7% i hele landet, mens det var oppgang på 0,5% på UiS og heile 11% på HSH på ordinær linje. Likevel har ikke talet på dispensasjonar gått ned. For få førskolelærarar av dei som er i andre jobbar, ønskjer å gå tilbake til barnehagen. Menn søker framleis ikkje førskolelærerutdanninga i særleg grad.

Fylkesmannen drøftar rekruttering jamt i møte med kommunane, og dei rapporterer at det er stort fokus på å skaffe nok førskolelærarar. Vi viser elles til vurdering av rekrutteringsarbeidet formidla i samlinga med KD i juni i 2011.

Fylkesmannen meiner at måloppnåinga vår er god på dette resultatområdet, sjølv om det er mange og store utfordringer på feltet. Rogaland manglar over 500 førskolelærarar, og dette vil prege sektoren i lang tid. Mange kommunar slit med mangelen, og det er viktig at Fylkesmannen kan hjelpe til både med tilbod om

skolering av tilsette i barnehagane og tildele midlar til kompetanseheving på spesielle område.

34.3 Andre satsingsområder

Fylkesmannen stimulerer til tiltak innan nasjonale strategiar og satsingar ved å gi informasjon på heimesidene, i nettverk med dei barnehagefaglege ansvarlege i kommunane og i samlingar med barnehageeigarar. Vi viser til resultatområde 33.3 for nærmere omtale av dette.

Fylkesmannen har fast samarbeid med Universitetet i Stavanger (UiS), og kvart år arrangerer vi ein barnehagekonferanse i samarbeid med UiS og Utdanningsforbundet. I tillegg har Fylkesmannen samarbeidd med UiS om å utvikle eit kompetansehevingstilbod til assistentgruppa, sjå også resultatområde 34.2.

Vi har også i 2011 stimulert til ulike utviklingsprosjekt, og har tildelt kr 720 000 i prosjektmidlar til desse områda:

- *Likestillingsarbeid*
- *Arbeid mot mobbing*
- *Dei utfordrande barna*
- *Samarbeid barnehage-barnevern*

Handlingsplan for likestilling.

Fylkesmannen har brukt nettverksmøta med kommunane (sjå 33.3) også på dette området. Likestillingsarbeid er ei lovpålagt oppgåve, og vi har informert og prøvd å skape auka bevisstgjering i kommunane. Fleire kommunar har hatt fokus på menn i barnehagen og korleis talet på mannleg tilsette kan aukast. På barnehagenivå har fokuset i større grad vore på å leggje til rette for at gutter og jenter skal ha likeverdig rom for utvikling. Når det gjeld områda etnisitet, religion og funksjonsnedsetting, har vi i større grad hatt fokus på dette i samanheng med Manifest mot mobbing. Som ledd i den nasjonal satsinga har Fylkesmannen lyst ut kroner 170 000 til likestilingsarbeid innan barnehagesektoren. 5 kommunar søkte om midlar, og 4 kommunar fekk tildeling:

- Strand kommune: *Læringsmiljø i barnehagen*
- Karmøy kommune: *Jenter med rett til like muligheter*
- Tysvær kommune: *Jenter og gutter, like forutsetninger*
- Hå kommune: *Likestilling i barnehagen*

Manifest mot mobbing.

Fylkesmannen har via nettverka (sjå 33.3) informert kommunane om Manifest mot mobbing og fått oversikt over dei kommunane som har signert.

I samband med dei øyremerka midlane knytte til Kunnskapsdepartementet sitt Manifest mot mobbing 2011-2014, tildelte Fylkesmannen kroner 350 000 til prosjektarbeid for å styrke innsatsen mot mobbing i barnehagesektoren. Både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar blei oppfordra til å søkje. 14 kommunar søkte og 7 kommunar blei tildelt midlar til desse tiltaka:

- Finnøy kommune: *Det er mitt val*
- Sokndal kommune: *Skolering for ufaglærte i barnehagene*
- Randaberg kommune: *Foreldre som ressurspersonar*
- Private barnehagar i Sandnes kommune: *Sosialkompetanse*
- Eigersund kommune: *Kursrekke i samarbeid med Senter for Adferdsforskning*
- Sauda kommune: *Sammen for inkludering*
- Forsand barnehage: *Førebyggjande arbeid mot mobbing*

Dei utfordrande barna

Fylkesmannen i Rogaland har også i 2011 støtta prosjektet ”Dei utfordrande barna”, med kroner 200 000. Prosjektet starta i mai 2010 og vil fortsette til februar 2012 (sjå 32.5).

Samarbeid barnehage-barnevern

Fylkesmannen har med utgangspunkt i rettleiaren ”Til barns beste”, arrangert to større samlingar med målsetninga å auke kunnskapen om korleis ein oppdagar omsorgssvikt og kva ein gjer med bekymringa. Omlag 400 tilsette frå kommunale og ikkje-kommunale barnehagar deltok, og tilbakemeldinga har vore særslig godt. Fylkesmannen vil følje opp med tilsvarande tilbod i 2012. Vi vonar med det å auke meldingsfrekvensen frå barnehagane.

Ståstedsanalysen

"Ståstedsanalysen" er eit refleksjons- og prosessverktøy for fellesvurdering av barnehagen sin praksis. Den tar utgangspunkt i barnehagelova og rammeplanen. Fylkesmannen har i samarbeid med tilsette i ein barnehage gjennomført "Ståstedsanalysen" og vurdert verktøyet med tanke på støtte og rettleiing for andre som ønskjer å bruke dette tilbodet.

Samla sett meiner vi måloppnåinga er god også når det gjeld rettleiing og informasjon om sentralt initierte tiltak i nasjonale handlingsplanar og på særskilte satsingsområde.

Vi er likevel ikkje heilt nögde med innsatsen vår for å samordne innsatsen og tiltaka.

Som nent ovanfor har vi i 2011 prioritert arbeidet knytt til økonomisk likeverdig handsaming (sjå 33.3), og dette har medført mindre innsats på andre område.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 3 112 759,43	kr 0,00
31.4 Informasjon og veiledning	kr 1 825 341,65	kr 0,00
31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 224 459,32	kr 11 622 270,93
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 969 314,47	kr 1 162,45
32.2 Kompetanseutvikling	kr 72 374,47	kr 178 852,72
32.3 Skoleporten	kr 24 768,45	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 130 022,04	kr 39 376,76
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 198 940,26	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 217 731,79	kr 0,00
33.3 Informasjon og veil. bh	kr 0,00	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 737 110,26	kr 0,00
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 497 915,79	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 23 425,25	kr 349 901,07
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 8 034 163,00	kr 12 191 563,00

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Årsrapport 2011 for Fylkesmannens tilsyn med barnevernet sendes til Statens Helsetilsyn innen 1.mars 2012

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Årsrapport 2011 for Fylkesmannens tilsyn med barnevernet sendes til Statens Helsetilsyn innen 1.mars 2012

41.2 Planlagt tilsyn

Rapporterert i egen rapport til Statens Helsetilsyn 20.01.2012

41.3 Klagesaker

Sjå eigen rapport til Statens Helsetilsyn

Årsrapport 2011 for Fylkesmannens tilsyn med barnevernet sendes til Statens Helsetilsyn innen 1.mars 2012

41.9 Andre oppdrag

Det har ikke vore vedtak om ileggelse av mulkt grunna fristbrot i Rogaland i 2011.

Rapport om fristbrot vert lagt inn i den særskilte årsrapporteringa som vert sent

Statens helsetilsyn innan 01.03.2012

Fylkesmannen i Rogaland prioriterer ikke utenom dette i år å lage ei eiga Helse- sosial og barnevernsmelding.

Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (Nav)

Fylkesmannen har handsama 270 klagesaker etter lova, ei auke på nærmere 20% fra 2010. 260 av sakene vart stadfesta, 5 vart omgjorde og 5 oppheva. Saksbehandlingstid og fordeling framgår av eiga rapportering til Statens Helsetilsyn pr 20.01.2012

Fylkesmannen har gitt skriftleg innspel til direktoratet sitt arbeid med rundskrivet til lova.

Som ein del av introduksjonsopplæringa i Nav-kontora, har nyttilsette fått opplæring i lova. 47 tilsette har fått slik opplæring

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

Sjå punkta under

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen har behandla to saker som tilsyn etter sosialtenestelova i Nav.

74.2 Planlagt tilsyn

Rapportert i egen rapport til Statens Helsetilsyn 20.01.2012

74.9 Andre oppdrag

Sendt i eigne rapporteringar til Statens Helsetilsyn

Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

Sjå punkta under

81.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen har behandla tre saker etter sosialtenestelova.

I tillegg kjem saker som omfattar kommunehelsetenenestelova og sosialtenestelova.

81.2 Planlagt tilsyn

Rapportert i egen rapport til Statens Helsetilsyn 20.01.2012

81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen behandla 77 klagesaker i 2011, og dette er ein auke på 10% frå året før. Dei fleste sakene har ei sakshandsamingstid mellom 4-6 md. og meir enn 6 mnd. Grunna vakans i fleiresakshandsamarstillingar og behov for tid til å bygga opp kompetanse hos nye medarbeidarar, har me i 2011 ikkje klart krava til saksbehandlingstid

61 saker blei stadfesta, 9 saker blei endra, 2 blei oppheva og 5 avvist.

81.9 Andre oppdrag

I 2011 har Fylkesmannen opplevd ei omfattande auke i saksmengd og aktivitet forøvrig på dette feltet.

A) Saksbehandling Vi har motteke 127 vedtak med heimel i § 4A-5 tredje ledd bokstav b og c, og 6913 einskildmeldingar etter § 4A-5 tredje ledd bokstav a. 93 vedtak blei overprøvd av Fylkesmannen, 3 av desse blei ikkje godkjende. Fylkesmannen har utarbeidd nye vedtaksmalar som kommunene kan nytta i arbeidet sitt. Desse kan lastast ned frå nettsida vår. Vedtaka omfatter ei heil rekke vilkår som kommunen må dokumentere, og som Fylkesmannen skal overprøve. Dette fordrer både juridisk og helse- og sosialfagleg kompetanse. På grunn av auka tilfang av saker og omfattande vedtak, er saksbehandlingstida hos Fylkesmannen lang. At spesialisthelsetenesta også bruker lang tid på å gje si faglege uttale og vurdering av saka, er også med på å forseinka saksbehandlingsprosessen. Fylkesmannen har regelmessige treffpunkt med spesialisthelsetenesta.

B) Råd og rettleiing Det er mykje aktivitet knytt til saksfeltet når det gjeld rådgjeving og rettleiing, både ovafor kommunar generelt, einskilde bufellesskap og spesialisthelsetenesta. Dette vert gjennomført på fleire måtar, m.a. gjennom hyppig telefonkontakt, avklaringsmøte og fellessamlingar.

C) Utadretta verksemde Fylkesmannen har i 2011 hatt særleg fokus på kompetanseheving i kommunane i tråd med oppdraget frå m.a. Helsetilsynet. I samband med dette har vi utarbeidd eit eige kursmateriell på kap 4A som omfattar eit 3 timers basiskurs (19 kurs til saman), samt eit 3 timers saksbehandlarkurs (13 kurs til saman). Saksbehandlarane har også alltid delteke på basiskursa. Det har vore omlag 500 deltakarar på desse kurssamlingene.

D) Tilsyn Fylkesmannen har gjennomført 8 anmeldte stedlige tilsyn i 2011, og 2 har vore uanmelde. Vi har utvikla og nytta ein ny tilsynsmetodikk i tråd med føringer frå Statens helsetilsyn. Antalet stedlige tilsyn er redusert i 2011 samanligna med 2010. Dette heng saman med ny, meir omfattande og tidkrevjande metodikk ved bruk av skriftleg melding, intervju, dokumentgjennomgang, rapportskriving og ev. vidare oppfølgingskontakt med kommunen. Det arbeidsmessige meirarbeidet vert likevel oppveid av at funna vert meir "treffsikre" ved at opplysningsane vi får i tilsynet er tydelegare, meir konkrete og verifiserbare. Rapporten frå tilsynet har høgare kvalitet, og tilbakemeldingane til kommunen vert tydelegare og meir konkretiserte.

E) Rutine- og prosedyrearbeid Fylkesmannen har utarbeidd nye malar som kommunane kan nytta seg av når dei skal skriva vedtak eller nytta einskildmeldingar. I tillegg har vi utarbeidd nye vedtaksmaler som Fylkesmannen nytta når vedtak skal overprøvast. Det er likeins utarbeidd og godkjend ei rekke interne prosedyrer på saksfeltet i 2011.

F) Oppsummering av erfaringar Kursverksemda i 2011 meiner vi har gjeve auka kunnskap og medvet hos kommunale tenesteytarar på dette fagfeltet. Resultatet har ført til høgare medvet om kor grensene skal gå for tvang- og maktbruk, og at det kan være ein hovudårsak til den store auken i både vedtak og einskildmeldingar. Det er altså ikkje eit signal om at ein nyttar meir tvang og makt enn tidlegare, men eit resultat av meir kunnskap og medvet om kor grensene går. Erfaringar frå landsomfattande systemrevisjoner på kap 4A-praksis i kommunane i 2006 og 2007, viste ei monaleg mengd avvik i nær sagt alle kommunar som blei omfatta av tilsynet. Vi meiner kurs og kompetanseheving i kommunane i stor grad vil bidra til å avdekka uhjemla tvangsbruk, og vil difor vera eit nyttig supplement til tilsyn.

Det vert gjeve dispensasjon frå utdanningskrevet i eit stort fleirtal av Fylkesmannen sine overprøvde vedtak. Dette ser altså fortsatt ut til å være meir regel enn unnatak. Dette er særleg utfordrande når det gjeld vedtak der Fylkesmannen har påpeika det same gjentekne gonger, og der problematikken ofte er fagleg og etisk komplisert å handtera. Auka formalkompetanse på dette fagfeltet er difor ei stor utfordring. Det er vårt inntrykk at mange kommunar erkjenner problemet og ser utfordringa, men maktar ikkje å løysa problemet. Andre målgrupper synes å vera meir fagleg utfordrande å arbeida med, og at tenester for utviklingshemma generelt synes å ha relativt låg status.

Når saksmengda på kap 4A har auka monaleg i 2011, tyder det også auka arbeidsbelastning på spesialisthelsetenesta. Vi kan ikkje sjå at ressursane her har auka, noko som igjen fører til at tilgongen til bistand frå spesialisthelsetenesta ikkje er god nok. Så lenge kompetanseunderskuddet er betydeleg i kommunane, vil det vera særleg viktig at spesialisthelsetenesta har nok ressursar og kompetanse til å utføra lovpålagde oppgaver i forhold til kap 4A.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

Alt i alt betydelig økning i antall saker.

Fylkesmannen strever med å klare krav til saksbehandlingstid/mediantid. Antall restanser har økt i 2011

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Helsetilsynet i Rogaland behandla 181 saker i 2011. Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida var 185 dagar.

Dette er en betydelig økning i antall behandlede saker sammenlignet med året før (Helsetilsynet i Rogaland behandla 119 tilsynsaker i 2010. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid var 193 dagar.)

Det kom inn 212 saker og pr 31.12.2011 var restansen 107 saker.

82.2 Planlagt tilsyn

Rapportert i egen rapport til Statens Helsetilsyn 20.01.2012

82.3 Klagesaker

Det kom inn 158 saker i 2011. 85 av desse er klage på rett til sjukeketransport. For sjuketransport var gjennomsnittlig saksbehandlingtid 61 dagar, medan det var 88 dagar for rett til nødvendig helsehjelp.

Det var pr 31.12.2011 ein restanse på 61 saker .

Vedtak etter pasrl. 4A: 146 motatte vedtak.

Klager etter kap 4A: 1

82.9 Andre oppdrag

Meldinger etter spesialisthelsetjenesteloven § 3-3

Antall meldinger fra Stavanger universitetssykehus er i hovedsak det samme som i fjor. Ledelsen ved sykehuset vurderer at det er en underrapportering av meldinger og har stort fokus på dette. Det har skjedd en betydelig forbedring de siste årene når det gjelder kvaliteten på det som rappoerteres, og det generelle inntrykket er at meldingene i større grad brukes for å sikre tjenestetilbudet.

Håndtering av varsel fra helseinstitusjon om innleggelse med hjemmel i sosialtjenesteloven §§ 6-2, 6-2a og evt. 6-3

Fylkesmannen (Helsetilsynet i Rogaland) mottok i 2011 9 meldingar på dette saksområdet. Tre av desse var med

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Se egen årsrapport til Statens helsetilsyn med frist 1. mars 2012

Resultatområde 42 Familierett

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

42.1 Ekteskapsloven

Fylkesmannen gav 1038 løyve til skilsmisse og 916 løyve til separasjon i 2011.

Fylkesmannen behandla 1 sak om løyve å gifte seg før fylla 18 år.

Fylkesmannen behandla 1 sak om prøving av ekteskapsvilkår.

Alle områda krev mykje rettleiing over telefon.

42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen behandla i 2011 124 saker etter anerkjenningslova. I tillegg behandla vi 14 saker som gjaldt skiftefritak aleine.

Fylkesmannen behandler disse sakene så fort det lar seg gjøre, då det ofte er tidspress grunna at den eine parten har begrensa opphaldsløyve i Noreg. Vi har mykje kommunikasjon med partane i disse sakene, både telefonar, e-post og frammøte på kontoret. Det kan ta tid å skaffe rett dokumentasjon.

42.3 Barneloven

Fylkesmannen fekk i 2011 inn totalt 4 saker til behandling etter barnelova. 3 saker gjaldt foreldreansvar, fast bustad og samvær. 1 saker gjaldt reisekostnadars.

Det er fortsatt mye veiledning over telefon på disse sakene

42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen gir dagleg råd og rettleiing til enkeltpersonar om reglane innafor familieretten. Vi ser at vi dekkjer eit viktig behov ved denne verksamda. Mange som tek kontakt med oss har snakka med andre offentlege etatar først, men desse har ikkje hatt den nødvendige oversikta over feltet til å gi hensiktsmessig rettleiing. Til dels gir vi også rettleiing til andre offentlege etatar.

Rettleiinga utgjer den klart mest ressurskrevjande delen av arbeidet med barnelova.

Resultatområde 43 Krisetiltak

Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 kartlagt krisesentertilbodet i fylket. Kartlegginga har vist at kommunane i sørfylket er knytt til Stavanger krisesenter som Stavanger kommune driv som eit kommunalt tiltak med samarbeidsavtaler med 17 andre kommunar. I nordfylket er kommunane knytt til Krisenter Vest IKS som er eit interkommunalt selskap. Ein kommune, Kvitsøy, har ikkje knytt til noeko krisesenter, men baserer seg på legevakt, psykososialt kriseteam og bakvakttelefon.

Resultatområde 44 Familievern

Det blei ikkje ført tilsyn med familievernkontor i 2011. Det blei gjeve ei attest til familiemeklar.

Resultatområde 45 Barn og unge

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

Fylkesmannen har daglig telefonkontakt med ansatte i barneverntjenesten i kommunene og gir råd og veiledning, samt tolkning av lov og forskriftsbestemmelser. Fylkesmannen har også hyppig kontakt med ansatte i barneverninstitasjoner, fagteam og fosterhjemstjenestene i Bufetat og gir råd, veiledning og lovtolking.

Det er avholdt samling for barnevernlederne i kommunene med tema: Forsvarlige barneverntjenester - hva er det? Barnevernpantelets rapport og rapport fra arbeidsgruppe fosterhjem ble presentert. Regiondirektøren i Bufetat, region vest presenterte kvalitetsutviklingsprogrammet i regionen, sentrale funn fra tilsynet i 2012 ble gjennomgått samt endringene i rettighetsforskriften.

Det avholdes møter med Bufetat regelmessig, både med regionsledelsen og områdeledere/fagteamledere.

45.2 Fritak for taushetsplikt

Fylkesmannen behandla i 2011, 72 søknader om fritak for teieplikt. Vi har ikkje skilt desse i høve til heimelen for teieplikta. Mange søknadar gjeld fleire personar frå ulike delar av forvaltninga, slik at dette ville være upraktisk. Vi kan likevel seie at majoriteten av søknadane gjeld teieplikt etter barnevernlova, ev i kombinasjon med andre heimler.

Fylkesmannen bruker mykje ressursar på å få tak i manglande opplysningar i søknader og å rettleie ulike instansar i reglane om teieplikt.

45.3 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

Fylkesmannen i Rogaland fikk i 2011 en fullmakt på kr 50 000 til arbeid mot kjønnslemlestelse.

Fylkesmannen i Rogaland har sammen med Statens Barnehus i Stavanger gjennomført et kurs i kompetanseheving - (Handlingsplanens punkt 16) med 27 deltakere

Dagskurset henvendte seg til personell som er involvert i Statens Barnehus. Kurset ble gjennomført med foredrag av Chiku Ali samt utdeling av innkjøpt faglitteratur.

45.4 Biologisk opphav

I 2011 var det 30 adopterte som søkte Fylkesmannen om å få opplysningar om biologiske foreldre.

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Det er tildelt 32 stillinger til kommunene i Rogaland, totale kostnader var 19 318 000 kr. Av disse midlene gikk 14 970 000 kr til finansiering av stillingene og 4 342 400 til kompetansetiltak.

Midlene til administrasjon er bruk ved at tre ansatte har delt oppgaven med å informere kommunene om tilskuddsordningen, behandle søknadene og tildele midler. De samme ansatte har gitt veiledning og fulgt opp kommunene.

Resultatområde 46 Universell utforming

6 pilotkommunar er knytt til fylkeskommunen sitt pilotfylkearbeid og Fylkesmannen tek del i dette arbeidet, mellom anna tilrettelegging og avvikling av to nettverksmøte med desse kommunane. I tillegg har Fylkesmannen delteke i planlegging og avvikling av 3-dagars nasjonal konferanse som vart halden i Rogaland, og delteke i nasjonale samlingar i Molde og Haugesund.

Fylkesmannen deltek også i arbeidsgruppa til ressurskommunane Klepp og Time der ein m.a. har tilbod til alle kommunane i fylket om kompetanseheving gjennom undervisning og synfaring av gjennomførte prosjekt. Gruppa har også arrangert 3 frokostmøte der aktuelle problemstillingar innan uu er løfta fram og diskutert.

Fem personar i fylket er kvalifisert for å gje opplæring i kompetanse-programmet K5 og Fylkesmannen har teke del i arbeidet med eigen strategi for å nå ut til alle kommunane med dette opplæringstilbodet ila 2012.

Plangruppa er eit forum i embetet der universell utforming vert drøfta og kor ein følgjer med på at universell utforming er inne i kommunale planer. Universell utforming er også nært knytt opp til folkehelsearbeidet for å utnytte synergiane som ligg her. Nettsidene til Fylkesmannen vert nytta til informasjon om universell utforming .

Det er ikkje laga ein intern handlingsplan i embetet, men i samband med bygging av nytt Statens hus i 2011, fekk universell utforming stor merksemd. Det vart skipa ei eiga arbeidsgruppe for sikring av universell utforming i nytt statens hus, og i dette arbeidet vart også funksjonshemma sine brukarorganisasjonar trekt med.

Resultatområde 47 Innvandring og integrering

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

47.1 Statsborgerseremonier

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMRO	2	19
Sum	2	

47.2 Bosetting av flyktninger

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen behandla seks klager på vedtak etter introduksjonslova i 2011. To saker galdt avslag på utvida deltaking jf. introlova § 5, begge vedtaka er stadfesta av Fylkesmannen. To saker galdt avslag på deltaking etter § 2, der blei eit vedtak omgjort etter klage og eit stadfest. Ein klage galdt avslag på deltaking etter §3, denne blei avvist av Fylkesmannen då kommunen si avgjerd om ikkje å tilby i slike saker ikkje er eit enkeltvedtak. Ein klage galdt varig stans av introduksjonsprogram med heimel i Introl. § 7, og vedtaket blei stadfesta av Fylkesmannen.

På grunn av skifte i bemanninga vart det dessverre nødvendig å sende førebels forvaltningsmelding om lang saksbehansldingstid i fire av sakene. Det vart prioritert å behandle sakene raskt så snart ny medarbeidar var på plass.

Fylkesmannen har i tillegg til den konkrete sakshandsaminga hatt noko rettleiing av kommunar og enkeltpersonar på telefon.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Fylkesmannen skal gi ei kortfatta oppsummering av tilskotsforvaltinga og arbeidet med etterutdanning.

Fylkesmannen forvalta i 2011 121,3 mill kr til dei fire ulike tilskotsordningane på området. Det er ein auke på 13,3% frå året før. Resultattilskot auka med heile 45,7%, og talet på norskprøver med tilskot er meir enn fordobla frå 2009. Persontilskot auka totalt med 21,4%. Auken var sterkest for tilskot år 2-5 (+25,4%). Dette kan forklarast med at tilstrøyminga av nye innvandrarar med vedtak no er lågare, medan auken frå tidlegare år no slår ut i seinare års tilskot. 6,3 mill kr til overgangsordninga fall bort i 2011 fordi ordninga vart avslutta i 2010. Bortfall av overgangsordninga har før til ei forenkling i tilskotsforvaltinga. Det var 37 fleire personar i mottak i 2011 som utløyste tilskot til norskopplæring. Talet personar i 2011 er om lag halvdelen av talet i toppåret 2009.

Samarbeidet med VOX om etterutdanning for lærarar og leiarar i norskopplæringa var ny i 2011. Tidlegare hadde Integrasjons- og mangfoldsdirektoratet ansvaret for dette i samarbeid med Fylkesmannen. Frå 2011 står VOX som fagleg ansvarleg og Fylkesmannen som praktisk ansvarleg for etterutdanninga. Tildeling av statlege middel gjer det mogleg å tilby etterutdanning utan deltakaravgift for den enkelte. Etterutdanninga i 2011 var særleg knytt til 2-dagarskurs hausten 2011. Dagane var planlagde i god tid og i samarbeid med einingane i vaksenopplæringa i fylket. Det var planlagd med 200 deltakarar, og det møtte 166 deltakarar. Oppslutninga i Rogaland var høgare enn i fleire andre fylke. Samarbeidet er evaluert av deltakarane, og det var mykje god tilbakemelding om kurset, både fagleg og praktisk. Samarbeidet mellom VOX og fylkesmennene er evaluert i eiga samling, og det er gjort visse endringar med tanke på det framtidige samarbeidet. I tillegg arrangerte VOX regionale leiarsamlingar for norskopplæringa der Fylkesmennene møtte.

Det er brukt 21 dagar til forvalting og rettleiing om tilskotsordningane og 13 dagar til samarbeidet med VOX om etterutdanning av leiarar og lærarar i norskopplæringa. Arbeidet med etterutdanninga har krevd meir arbeid enn planlagd, medan enklare tilskotsordningar har redusert arbeidet med norskt tilskot. Vi meiner arbeidet på dette området er tilfredsstillande utført innafor desse ressursane.

Resultatområde 48 Likestilling

Helse- og sosialavdelinga

Omsorgstenestene

Menn i omsorgsyrke er eit eige delprosjekt under Omsorgsplan 2015. Rogaland har hatt/har fleire delprosjekt som skal Eit anna fokusområde er prosjekt I all kontakt ut mot tenestene vert likestellingsperspektivet halde fram.

Helse- og omsorgstenestene generelt.

Ny rettleiar om bruk av tolk i tenestene er persentert for koommunar og helseforetak.

Utdanningsavdelinga

Barnehagefeltet

Det er etter søknad tildelt i alt 170 000 kr til lokalt likestillingsarbeid i barnehagane, både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Prosjekta har som målsetting å utvikle læringsmiljø som fremjer likestilling mellom jenter og gutter.

Vi deltar i faste nettverksmøte med kommunane, og her har vi drøfta likestillingspolitikk i kommunane i lys av barnehagelova, rammeplanen og likestillingsfremjande strategiar. Vi har vidare drøfta kor bevisste kommunane er om at likestillingsarbeid er lovpålagt, og om dei eventuelt har ein plan for dette arbeidet. Vi nemner også at det er

orientert om Manifest mot mobbing og sett opp eit oversyn over dei kommunane som har signert manifestet.

Vi har av ulike årsaker ikkje hatt kapasitet til å jobbe som planlagt med likestillingsområdet i 2011. I 2012 vil dette få sterkare fokus, og vi har no ved årsskiftet etablert eit likestillingsteam med representantar frå fem kommunar, UiS og Fylkesmannen som skal jobbe vidare med området.

Grunnopplæringa

I områdeovertakkinga blir det rutinemessig undersøkt om det er kjønnforskjellar i analysane av læringsresultat (nasjonale prøvar, eksamensresultat og grunnskolepoeng). Det same gjeld analysar av elevundersøkinga. Her er det særskilt søkjelys på rapportering om mobbing, noko som inneber å kontrollere spørsmåla om elevane har opplevd trakassering eller urettferdig behandling på grunn av kjønn, etnisitet, religion, funksjonshemmning og seksuell orientering. Men det er erkjent at det må takast etterhald om reliabilitet – det er rekna med at det førekjem useriøse svar på området, særleg frå gutter på 10. trinn. I tillegg gjer reglar om personvern det vanskeleg å få oversyn i nokre kommunar/skolar.

Tilsynsarbeidet har også eit likestillingsperspektiv, m.a. er det gjennomført både tilsyn og rettleiing etter § 2-8 i opplæringslova om særskilt språkopplæring. Dette er viktig for å sikre at elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn får oppfylt dei rettane dei har etter lova og leggje til rette for at dei kan delta på lik linje med andre i skole, arbeidsliv og samfunnet elles. Også tilsyn og rettleiing etter kap 5 i opplæringslova om spesialundervisning inneber søkjelys på likestilling, men her er det kjønnsdimensjonen som er sentral (to tredelar av dei so får spesialundervisning, er gutter). Så tar vi med eit døme på at likestillingsutfordringar også kjem fram i situasjonar der vi sjølv ikke etterlyser dette spesielt: I samtale med foreldrerepresentantane ved ein skole i det nasjonale tilsynet (skolen sitt arbeid med det psykososiale miljøet), svarte foreldra m.a. dette på spørsmålet ”Korleis vurderer de det psykososiale miljøet på skulen”: ”*Homofile elevar tør å stå fram om dette på skolen. Men det kan vere vanskeleg for elevar med andre livssyn. Toleransen er lågare her, og det kan opplevast krenkjande for dei elevane det gjeld. Dette har vore lite diskutert, og det er no tatt opp i FAU.*”

Elles er likestilling tema i ulike samanhengar i informasjons- og rettleiingsarbeid, både i direkte møte med sektoren og gjennom oppslag på nettsida vår. Så må det erkjennast at det ikkje er gjennomført eigne informasjonstiltak særskilt retta mot likestillingsfeltet i 2011.

Vaksenopplæring

I 2011 har avdelinga deltatt i arbeid med å lage langsiktige prioriteringar og planar for vaksenopplæringa i fylket (vidaregåande opplæring), m.a. saman med VOFO og fylkeskommunen. Eit hovudmål er å medverke til at fleire tilsette i offentleg og privat sektor og arbeidssøkjarar oppnår yrkes- eller studiekompetanse. Eitt av delmåla er å medverke til at minoritetsspråklege får eit tilrettelagt tilbod innanfor helsearbeidarfaget i samarbeid med NAV. I dette arbeidet har vi også poengt kjønnsdimensjonen, m.a. ved tiltak for å rekruttere fleire menn til helsesektoren.

Til slutt nemner vi at avdelinga også i 2011 har hatt oppgåver knytte til rekruttering til førskolelærarutdanning og lærarutdanning, m.a. gjennom relativt stor aktivitet i Rogalandsgnisten, den regionale partnarskapen av GNIST. I dette arbeidet er sjølv sagt likestilling ei viktig side.

Embetet har ikkje hatt eigne konferansar/møter med fokus på likestilling i 2011, men me har planlagt korleis vi ønskjer dette viktige område ivaretatt og me har bestemt at Fylkesmannen skal arrangera ein eigen konferanse om likestilling kvart anna år, første gong i 2012.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 2 210 018,77	kr 716,55
42 Familierett	kr 776 314,07	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 331 710,98	kr 308 705,76
47 Integring	kr 599 919,21	kr 0,00

Andre oppgaver under BLD	kr 62 902,20	kr 0,00
Sum:	kr 3 980 865,00	kr 309 422,00

Justis- og politidepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

51.2 Vergemålsloven

Fylkesmannen har desisert overformynderia sine rekneskap. Det kjem i tillegg inn ein del saker/klager som ikkje ender med enkeltvedtak, men vert avslutta med informasjon og rettleiing. Dette året har vi også gjeve uttale i to høyringar.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMRO	17	0
Sum	17	0

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Fylkesmannen behandla i 2011 1 407 fritt rettsrådsaker og i tillegg 274 saker frå kontrollkommisjonen og andre fri sakførselsaker.

Fylkesmannen betalte i 2011 ut kr 13 146 743,- i fri rettshjelp

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Fylkesmannen har ein FylkesROS frå 2008. Vi har ein plan for korleis vi skal følgje den opp, men dette er ikkje gjort. Dette blei også trekt fram i tilsyn fra DSB i 2010. Årsaka er interne prioriteringar sett i samband med kva ressursar me rår over.

Vi har to årlege møte i fylkesberedskapsrådet. I tillegg kaller vi inn ifm. evt. særlege hendingar. Temaene varierer, men risikoforhold i samband med viktige samfunnsfunksjonar er alltid med.

I 2011 har vi laga TemaROS knytt til Klimaendringar og -tilpassing i Rogaland. Denne TemaROSEN er ein del av FylkesROS.

53.2 Samfunnsplanlegging

- Det har ikkje vore oppstartsmøter i samband med kommuneplanlegging 2011, men Fylkesmannen er medlem av Regional planforum (etablert i oktober 2010), kor samfunnstryggleik var tema i ein kommuneplan.

- Reguleringsplanarbeid er eit omfattande arbeid i Rogaland. Embetet samarbeider difor med Miljøvernavdelingen og fylkeskommunen når det gjeld plangjennomgang. Dei skal mellom anna vurdere ROS-analysane til planane, og beredskapslaget skal kontaktast ved tvil. I dei planane vi har kvalitetsikra har vi sett ei gradvis utvikling i positiv retning, men det var likevel store manglar i mange planar. Dette er årsaka til at vi 2011 har starta med å gå meir aktivt inn i reguleringsplanane for å sjå på kvaliteten av ROS-analysen og har kome med fleire motsegn enn før. Vi har auka fokus på rettleiing til saksbehandlere hos fylkeskommune, kommunane og internt i embetet.
- Dersom samfunnstryggleik ikkje er tilstrekkeleg tatt omsyn til i arealplanlegginga blir det lagd ned motsegn. Samstundes får dei tilbud om rettleiing. Rettleiaren 'Retningslinjer for fylkesmannens bruk av innsigelse' er i aktiv bruk.
- Samfunnstryggleik tas omsyn til i regionalplanar . Fylkesmannen er med i arbeidsgrupper for dei viktigaste store utbyggingsplanane så langt kapasiteten vår rekk. Alle regionale planar blir kontrollert med omsyn til samfunnstryggleik.
- FM og Rogaland fylkeskommune arrangerte ein 2- dagars samling om ROS-analysar og konsekvensutredning etter PBL for kommunale planmedarbeidarar (ca 100 personer deltok).

53.5 Planlegging innen kraftforsyning, flom- og skredfare

Fylkesmannen arbeider kontinuerlig med å få oversikt over tilgjengelege og oppdaterte kartdata av interesse for samfunnstryggleik og arealplanlegging, samt å synliggjøre desse i tråd med SiGVe prosjektet. Dette gjelder også flaum og skredutsatte område.

Fylkesmannen går også gjennom kommunale energi- og klimaplanar med fokus på samfunnstryggleik. Kimatilpassing bør etter vårt syn vere ein naturleg del av kommunale energi og klimaplanar, men vi registerer at dette tema som regel saknast i planprogram/planforslag til kommune(del)planar. Vi har ekstra fokus på at dette blir tatt med i det kommunale og regionale planarbeidet.

Det er samarbeid med NVE når det gjelder motsegn i samband med flaum og skredfare.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Fylkesmannen har revidert eigen beredskapsplan. Vi har jamvel ikkje tilpassa beredskapsplanen gjennomføring av tiltak i Sivilt beredskapssystem (SBS)

Vi har vore på 7 beredskapstilsyn i kommunar som er meir enn minimumskravet om ein fjerdedal av kommunane.

Fylkeskommunen har ikkje tatt nokon initiativ til aktivitetar ifm transportberedskap i 2011.

Når det gjeld skjermingsverdige objekt har vi berre delteke på eit møte i regi av Rogaland politidistrikt om moglege terrormål og svart på eit brev frå Haugaland og Sunnhordland politidistrikt om det same. Slike terrormål gjeld litt fleire objekt enn det som er skjermingsverdige objekt.

Fylkesmannen har ikkje samarbeida med regionale statlege etatar for å etablere eit heilsakeleg planverk på regionalt nivå unntatt at det har vore ein stor felles øving i regi av NVE om kraftforsyningssvik, ekomsvikt og stengde vegar pga. uver.

54.2 Øvelser

Fylkesmannen deltok i øving om CMX-11

Vi har hatt intern øving for eigen kriseorganisasjon.

Fylkesmannen har vore med i planlegginga av og gjennomføringen av ein stor fullskalaøving på gassrøyrleidning frå Kårstø i Tysvær kommune.

Fylkesmannen har gjennomført havneberedskapsøving i samarbeid med Kystverket.

Fylkesmannen har delteke i planegginga og gjennomføring av regional øving i samarbeid med NVE.

Når det gjeld kommuneøvingar var Tysvær kommune sentralt med ifm. øvinga på Kårstø. Vi hadde eit særleg fokus på kommunen si krisehandtering og samhandlling mot verksemd. Haugesund og Karmøy kommune var også med som observatørar.

I NVE øvinga var Sauda, Suldal, Stavanger og Sandnes med.

I tillegg har fylkesmannen øvd Strand kommunen på vassforsyningssvikt i lag med IVAR (interkommunalt vann-, avløp og reovasjon i Sør-Rogaland) og Mattilsynet.

Vi har jamvel ikkje klart kravet om at ein fjerdedel av kommunane (6-7) skal ha øving. Vi har øvd fire; Stavanger, Sauda, Strand og Tysvær.

54.6 Regional samordning

Vi har hatt nødvendige møter i fylkesberedskapsrådet og ABU. Det har vore to møter i fylkesberedskapsrådet og en samling om radon og stråling i regi av Statens Strålevern der ABU var inviterte.

Frivillige organisasjoner er med i fylkesberedskapsrådet.

Fylkesmannen har tatt initiativ til å få på plass ein skogbrannovervaking frå fly, men utan noko resultat.

Fylkesmannen har løyst forventningane som er til oss om fritaksordninga og vi følger opp vårt ansvar som klareringsmynde.

Det har ikkje vore totalforsvarssamarbeid i 2011 bortsett frå at forsvaret detlok i fylkesberedskapsrådet og dei blir invitert med på det årlig møte vi har med kommunale beredskapskontaktar.

54.8 Felles digitalt nødnett

Forebels er denne prosessen ikkje kome til Rogaland

54.9 Atomberedskap og strålevern

Fylkesmannen har informert kommunane om radon og ikkje ioniserende stråling gjennom eget seminar med forelesarar frå Statens Strålevern.

Atomberedskap har vore tema i fylkesberedskapsrådmøte (etter hendingane i Japan) og i det årlege møte med kommunale beredskapskontaktar.

Fylkesmannen har ikkje hatt atomberedskap som tema på beredskapstilsyn. Det er ikkje heimel for dette i sivilbeskyttelsesloven men i lov og helsemessig og sosial beredskap som Fylkeslegen er satt til å følgje opp.

Vi har ikkje oppdatert vår atomberedskapsplan i 2011.

54.10 Beredskap innen kraftforsyning

Kraftforsyningstryggleik har vore tema i fylkesberedskapsrådet og i særleg øving i 2011.

Det har vore fleire møte med KDS og kommunane om dette temaet vinteren 2010-2011.

Kraftforsyningssvikt er tema i beredskapstilsyna. Kommunale beredskapsplanar skal inneholde tiltak for korleis

kommunene skal handtere dette lokalt.

Vi deltar når dameigarar legg fram dambrotsbølgjebereringar men det har ikkje vore nokon i 2011.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Organisering for krisehåndtering

Den interne beredskapsstaben har fått opplering i CIM.

Vi fører tilsyn med kommunale beredskapsplanar, 7 stk. pr. år.

Vårt krypterte samband har vore operativt siden oktober 2011, etter at nytt sambandsutstyr blei satt inn.

Plan for kryptohåndtering er send NSM

55.2 Krisehåndtering

Vi har vidarevarsla kommunar og relevante etatar om varsler som er send fylkesmannen på varslingskanal. Det har vore 10 meldingar eller varser fra NVE. To tidevannsvarsler fra Vervarslinga på Vestlandet og eit varsel om ekstremver (Berit) frå met.no. I tillegg har det kome ein mengde informasjon frå Statens Strålevern etter stomulukka i Japan og ein mykje viktig informasjon etter 22.07 hendinga

Vi har hatt innføringskurs for 18 av 26 kommunar i CIM.

Situasjonsrapportar blir send DSB kvar veke og når det har vore særlege hendingar.

55.3 Evaluering

Det har ikkje vore hendigar regionalt i 2011 som har gjort det nødvendig å ha særlege evalueringar.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 26 695,73	kr 61 430,00
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 29 649,46	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 245 469,49	kr 444 668,94
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 27 070,77	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 1 933 528,13	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 954 231,21	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 414 724,74	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 198 594,10	kr 0,00
Sum:	kr 4 829 963,00	kr 506 098,00

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen har valt ein modell der samordning er eit linjeansvar. Det inneber at leiinga gjennom utvikling av rutinar og drøfting av enkeltsaker må ta ansvar for at nødvendig samordning skjer, samstundes som kvar enkelt medarbeidar utøver sin del av samordningsjobben i tilknyting til sitt faglege arbeid.

Arbeidet med kommuneøkonomi, tilsyn og kommuneplanlegging har klart samordningspreg, fordi fleire avdelingar er involverte. Ved tildeling av skjønstillskot prøver vi å ta omsyn til om det er kommunar som har særlege utgiftsbehov, for på den måten å sikra at dei kan løysa oppgåvene sine. Det er ei eiga stilling som plankoordinator og det er oppretta ei plangruppe for samordning av plansaker. Vidare er det etablert eit tilsynslag med tilsynskoordinator for samordning av tilsynsarbeidet. Vi viser elles til det som står om desse områda under andre punkt. Vårt inntrykk er at dette fungerer tilfredsstillande.

Fylkesmannen har dei seinare åra sendt ut eit "Oppgåvebrev" (tilsvarer "forventningsbrev") til kommunane midt i året . Tilbakemeldingar tyder på at kommunane ser dette brevet som nyttig, det blir m.a. brukt i politikaropplæring og liknande. Frå 2011 er dette opplegget nettbasert og vi brukar då nemninga "[Styringssignal for kommunane 2011-2012](#)".

Fylkesmannen arrangerer også kvart år eit møte for politisk og administrativ leiing i alle kommunane i fylket. Her deltek Fylkesmannen sin leiargruppe og utvalde sakshandsamarar. Dette møtet er ein viktig arena for samordning og dialog.

61.2 Omstiling og fornying i kommunene

Fylkesmannen har prøvt å videreføra arbeidet med omstilling og fornying i kommunane. Vi har m.a. eigne nettsider for dette temaet (under Fylkesmannen.no/Rogaland/ kommunal styring). Vi arrangerer også KOSTRA-samling for kommunane om våren, i fjor som "KOSTRA- og økonomiseminar" med ca 70 deltakarar.

Viktigaste aktiviteten på dette området har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse omstillings-prosjekt i kommunane og oppfølging av desse. 10 kommunar fekk i alt kr 2 778 000 til 11 prosjekt. 7 av desse prosjekta var samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar. Fordelinga ligg på [nettsidene våre](#). Det er også lagt ut rapportar m.v for [gjennomførte prosjekt](#). Vi er nøyne med at prosjekta har klart fokus på tenesteutvikling, særleg "tunge" tenester, i tråd med retningslinjene frå dep. Fagavdelingane blir involvert i søknader som vedrører deira saksfelt.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Ansvaret for overordna koordinering og utvikling innan tilsynsområdet hos fylkesmannen i Rogaland blei i 2007 lagt til forvaltningsavdelinga. Det blei utnemnd ein tilsynskoordinator med naudsynte fullmakter og ressursar. Tilsynskoordinatoren koordinerer arbeidet i eit tverrfagleg tilsynslag der alle fagavdelingane er representerte. Seinsommaren 2011 var det skifte i tilsynskoordinator.

I 2011 gjennomførte tilsynslaget/tilsynskoordinator mellom anna:

- Faste møte i tilsynslaget, minst ein gong i månaden. Møta fungerer som arena for utveksling av erfaringar og samordning av praksis.
- Samordning av val av kommunar for planlagde tilsyn frå Helsetilsynet og Fylkesmannen sine fagavdelingar.
- Utarbeiding av informasjon om planlagde kommuneretta tilsyn frå Fylkesmannen, Helsetilsynet i fylket, Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Statens kartverk i 2011. Denne blei sendt til kommunane/fylkeskommunen med kopi til andre tilsynsetatar og kommunerevisjonsorgan. Oversikta er og lagt på nettet.
- Utarbeiding av ny tilsynskalender med dato, tema og kontaktperson for Fylkesmannen og Helsetilsynet sine tilsyn. I denne kalenderen blir også rapportane lagt ut. Ein søker då bakover i tid.
- Utarbeiding av nytt menypunkt "Tilsyn" på fylkesmannen sine sider. Her er både praktisk informasjon om Fylkesmannen/Helsetilsynet sine tilsyn samla, men også informasjon om samordningsrolla med relevante lenker.
- Gjennomført eitt kontaktmøte med Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Statens Kartverk, men har også kontakt per telefon utanom. Fleire gonger minna aktuelle statlege tilsynsorgan om plikta til å varsle Fylkesmannen om pålegg som kan få vesentleg verknad for kommunane.

- Får no kopi av tilsynsrapportar frå Arbeidstilsynet med rapportar som inneber pålegg ovafor kommunane. Fylkesmannen har tatt desse til etterretning, og har til no ikkje hatt nokon dialog om dette med kommune/tilsynsorgan.

Tilsynslaget har brukt mykje ressursar på arbeidet med tilsynsnettsida og tilsynskalenderen. Vi oppfordrar igjen til at arbeidet med informasjon på nettsidene blir samordna sentralt for å få ei enda betre løysing og for å spare ressursar.

Vi har kome eit godt stykke på vei når det gjeld samordning med Mattilsynet. Fleire av tilsyna deira blei lagde ut i oversikta som blei sendt til alle kommunane tidleg på året. Det same er ikkje mogleg med Arbeidstilsynet. Dei har ein annan arbeidsmåte som gjer at vi ikkje kan gi ut tilsvarande informasjon tidleg på året. Mellom anna vel dei ut tilsynsobjekta gjennom heile året. Mange personar er dessutan involverte i tilsyna, og vi kan derfor ikkje vite om alle er like godt kjende med plikta til å varsle Fylkesmannen. At fleire er klar over dette viser kopiane vi får om varsel om pålegg.

Vi ser og at den strenge styringa og manglande samordninga av dei ulike tilsynsverksemndene på sentralt hald, gjer det vanskeleg å få til ei god samordning på lokalt nivå. Vi ønskjer oss derfor ei sterkare samordning sentralt som er ein føresetnad for at vi skal kunne gjere ein god jobb lokalt.

Vi etterlyser at departementet legg til rette for erfaringsutveksling mellom fylkesmennene og formidling av gode eksempel på samordningsrutinar. Slik vi ser det er dette nødvendig for at vi skal kunne gjere ein betre jobb. Mellom anna ønskjer vi ein diskusjon om kva som ligg i omgrepene "vesentlege verknader".

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

Vi viser til det som står under punkta nedanfor.

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven

Vi går kvart år gjennom alle kommunale budsjett/økonomiplanar og rekneskap med sikte på å avklara om det er kommunar som skal inn (evt. ut) av ROBEK (Register over kommunar underlagt betinga kontroll). Mellom 2007 og 2010 var ingen kommunar i registeret. Haugesund blei meld inn i 2010 pga manglande inndecking av underskot. Rekneskapen for 2010 ga ikkje grunnlag for utmelding i 2011, men det blei ikkje meld inn nye kommunar i 2011. Vi har i 2011 i tråd med dette gjennomført lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan for Haugesund og vidare godkjent eitt vedtak om låneopptak og to vedtak om langsiktige leigetilhøve/ langsiktige forpliktingar.

Kommunale garantivedtak skal sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 5 vedtak om å stilla kommunal garanti. Alle vedtaka blei godkjende. I fleire tilfelle måtte ytterlegare opplysningar innhentast før godkjenning. Vi godkjende også 8 lånevedtak frå interkommunale selskap. Også her har det i ein del tilfelle vore nødvendig avklaringar, først og fremst knytt til selskapsavtalar/fullmakter frå deltakarkommunane

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Etter lovendringane frå 2001 har vi lagt hovudvekta av arbeidet på dette feltet på informasjon og rettleiing, slik som føresetnaden var. Vi har hatt få kommunar i ROBEK og har som mål å førebyggja at dei kjem dit.

Den økonomiske statusen for kommunane i fylket har stort sett vore betre enn landet, med ei viss svekking i 2010, men utviklinga i 2011 har truleg vore meir positiv, m.a sidan skatteinngangen var bra. Stor folketilvekst gir økonomiske utfordringar.

I samarbeid med KS og NKK lokalt arrangerer vi årleg to samlingar på dette feltet, eit KOSTRA-seminar, i 2011 KOSTRA- og økonomiseminar, i mars/april, og ein kommuneøkonomidag i slutten av mai der hovudtema er kommuneproposisjonen, men der også andre relevante tema blir tatt opp. Vi legg ned mykje arbeid i desse samlingane, men det har vore bra oppmøte, særleg på den første, vi får positive tilbakemeldingar og legg også vekt på møteplassfunksjonen desse samlingane har.

Vi prøver å ha ei viss oppfølging av einskildkommunar også om dei ikkje er i ROBEK, hovudsakleg kommunar som kan vera i ”faresona”. Vi prøver å ha oppfølging og dialog særleg med desse kommunane gjennom året gjennom brev skriftleg tilbakemelding på budsjett/økonomiplan av meir rettleiande art, gjennom møte eller annan kontakt.

Kvar år utarbeider vi ein rapport om kommuneøkonomien i fylket basert på rekneskapstal frå KOSTRA frå dei føregåande åra, med presentasjon av statistikk og gjennomgang av status og utviklingstrekk, og formidlar denne til kommunane.

Vi prøver å gjera aktuelt stoff tilgjengeleg [via nettsidene](#) i så stor grad som råd, informasjon om kommuneøkonomi, kommuneopplegget (kommuneproposisjonen og statsbudsjettet), lysark frå føredrag, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstildeling m.v. 21 artiklar blei lagt ut på sida for Kommuneøkonomi i 2011.

Når det gjeld oppfølging av ny finansforskrift viser vi til brev frå oss av 29.3.11. Det er framleis ein kommune som ikkje har vedtatt nytt finansreglement (dei alle fleste vedtok dette innan fristen). Vi har dette under observasjon.

Vi har også i 2011 prøvt å følgja opp KOSTRA-rapporteringa i kommunane. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket relativt godt an på dette punktet. Vi har som ein viktig strategi for å sikra datakvaliteten å ta data i bruk på flest mogleg område. Vi legg ut ein del tabellar med fylkesoversikter, både på grunnlag av førebelse tal og dei endelige, poenget med dei første er m.a. kvalitetssikring ved å gjera tal meir synlege før fristen for retting. Det årlege KOSTRA-seminaret held vi av denne grunn i perioden mellom første publisering 15. mars og fristen for retting. Det blir også lagt ut oppslagstabellar for samanlikning av kommunar. Gjennom eit internt statistikknettverk arbeider vi for å auka bruken internt. Vidare svarar vi på ein del kontoplanspørsmål.

Vi har i 2011 fordelt resten av skjønsramma for 2011 kr 3 678 000, av dette kr 2 778 000 til omstillingsprosjekt og kr 900 000 som restskjøn til Haugesund. Av ramma for 2012 på 71,4 mill kr blei kr 58 176 000 fordelt i fjor, medan resten blir fordelt i år til språkdeling (januar) og omstillingsprosjekt/restskjøn (juni).

Hovudomsyna ved fordelinga har vore kompensasjon for omlegging av arbeidsgjevaravgift, kommunar med særleg høge utgifter ressurskrevjande tenester, kommunar med særleg høge utgifter psykiatri/rus i høve til kommunestorleik, språkdeling og skyss helse. Vi er her også nøye med å ikkje gi signal om bruken av midla i større grad enn det som har dekning i departementets retningslinjer (jf prosjektskjøn), sidan dette i utgangspunktet er frie midlar og dei nemnde omsyna er dermed meint å utfylla kriteria i inntektssystemet og ikkje innebera former for øyremarking, jf prinsippa elles.

Det er også fordelt 5,3 mill kr til 9 kommunar for psykososial oppfølging etter hendingane 22. juli

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

63.1 Kommunalrett

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMRO	3	2	1	2	2	0	0	0
Sum	3	2	1	2	2	0		

63.2 Valg

Fylkesmannen gjennomførte valgseminar den 5. mai med 64 deltakrar frå dei fleste kommunane, og hadde vegleiring, blant anna på søndagen før valldagen og på valldagen til 21.00 om kvelden. Ein har og ein eiga nettside;

www.valRogaland.no, med eit eige valkart. Det er stort sett juridiske spørsmål ein får til avklaring, flest frå kommunane, men og nokre frå parti. Mange ønskjer nokon å drøfte komplekse spørsmål med for å bli trygge på det dei gjer.

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Fylkesmannen har behandla 14 klager på avslag på krav om innsyn etter offentleglova, jf. offl. § 32. I tillegg nokre sakar som ennå ikkje er avslutta med enkeltvedtak.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

65.1 Kommuneinndeling

Har ikkje motteke nokre saker på området i 2011.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Vertskommunemodellen er ikkje nytta i fylket,

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

66.1 Byggesaker

Det kom inn totalt 394 klager i byggesaker etter plan- og

bygningslova i 2011. Fylkesmannen behandla 586 byggesaker. Klager blei tekne til følgje i 207 av sakene, dvs. ca. 35 %.

Ved utgangen av 2011 var restansen på 251 byggesaker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på byggesakene var 8 månader for året under eitt. Dette er vesentleg lengre tid enn departementet si målsetting på 3 mnd.

Det ble set inn ekstra ressurser for å redusere saksbehandlingstida på byggesaker. 1. halvår blei saksbehandlingstida på byggesaker redusert frå ca. 9 mnd til ca. 5 mnd. Byggesaker frå andre fylke (settjesaker) og klager på reguleringsplaner blei nedprioritert. Det blei satt inn ekstra ressurser på å behandle dei nedprioriterte sakene 2. halvår noe som ført til ei mindre auke i saksbehandlingstida på vanlege byggesaker til 6 mnd. i desember. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på setje- og reguleringssakene har vore ca. 12 mnd. Det blei totalt behandla 158 settjesaker (byggesaker) frå Hordaland og Vest-Agder. Disse sakene inngår i statistikken ovenfor og dreier seg i det vesentlige om dispensasjonssaker i strandsona. Bemanninga innanfor saksfelte klage i byggesaker, klage på reguleringsplaner, ekspropriasjonssaker, klager etter matrikkellova, veglova og eigarseksjonslova blei redusert med to årsverk i løpet av 2011 og utgjorde ved slutten av året 5,6 årsverk.

Vi har deltatt i førebuing av 2 rettssaker.

Vi har ikkje arrangert kurs for kommunane i 2011. Vi har hatt fem deltagare på landskonferansen i plan og bygningsrett og to deltagare på kurs om naturmangfoldsloven.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Det er gitt eit løyve til ekspropriasjon etter oreligningslova og eit samtykke til førehandstiltreding. Det er behandla

to klagesaker. Eitt vedtak blei opphevd og eitt blei stadfesta. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid ca. 3 mnd.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0	0		
Sum	0	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0			
Sum	0	0		

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 1 049 179,42 kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 4 461 416,77 kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 400 382,28 kr 0,00
Sum:	kr 5 910 978,00 kr 0,00

Arbeidsdepartementet

Resultatområde 73 Sosiale tjenester

Sjå punkta under

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Fylkesmannen har handsama 270 klagesaker etter lova, ei auke på nærmere 20% frå 2010. 260 av sakene vart stadfesta, 5 vart omgjorde og 5 oppheva. Saksbehandlingstid og fordeling framgår av eiga rapportering til Statens Helsetilsyn pr 20.01.2012

Fylkesmannen har gitt skriftleg innspel til direktoratet sitt arbeid med rundskrivet til lova.

Som ein del av introduksjonsopplæringa i Nav-kontora, har nyttilsette fått opplæring i lova. 47 tilsette har fått slik opplæring

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling

I samarbeid med Nav fylke har Fylkesmannen hatt felles halvårlege leiarsamlingar. Dette er ein god måte å etablere nettverk, å sikra einskapleg informasjon, å vedlihehalde og tilføre kompetanse.

Fylkesmannen har initiert - og deltek på - faglege interkommunale nettverk på sosialtjenesteområdet. Dei 10 minste kommunane har laga eige nettverk med økonomisk støtte frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen har laga ein samarbeidsavtale med Nav-direktøren og er i ferd med å finna nye samarbeidsformar med Rådmannsutvalet og KS.

Kommunar og Nav-kontor er blitt oppmoda til å søkja kompetansetilskott på ulike satsingsområde innanfor dei sosiale tenestene, og det er tildelt tilskott på omlag kr 530 000,-

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Sjå eiga rapportering, i tertialrapportar til AV-dir.

73.4 Utenrettlig økonomisk rådgivning

Dette året har Fylkesmannen gjennomført både grunnkurs og vidaregåande kurs med tilsaman 91 deltakrar.

Nettverk for gjeldsrådgjevarar/økonomiske rådgjevarar er godt etablert og samlast halvårleg. Omlag 30 deltek på samlingane, og dei fleste kommunane er representerte.

I 2011 starta Finnøy og Rennesøy eit interkommunalt prosjekt på området med felles gjeldsrådgjevar. Arbeids-og velferdsdirektoratet har gitt tilskott til stillinga. I samband med prosjektet er det og tatt initiativ til å starta eit eige nettverk for småkommunane.

73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen bistår Arbeids - og velferdsdirektoratet med å forvalte øyremerka tilskot til bustadsosialt arbeid. I 2011 blei 4,5 mill fordelt på 11 kommunar. Det blei informert om ordninga på nettsider og i eige seminar der kommunane blei invitert.

Fylkesmannen har i samarbeid med Husbanken, region vest fulgt opp og rettleia kommunar som tek i mot tilskot. Dette for å sikre forankring, framdrift og kvalitet samt vidareføring. Ordninga er sett i samanheng med tilskot til kommunalt rusarbeid, tilskot til barnefattigdom, KVP og sastingar på psykisk helsefeltet.

I 2011 har Fylkesmannen og Husbankens regionskontor gjennomført ein bustadsosialkonferanse (7.4.11), og to kommunettverk (8.4 og 2.11.11)

Målet har vore å auke den faglege kompetansen for tilsette i kommunane som arbeider med bustadsosialt arbeid. Tema var: Samhandling spesialisthelseteneste og kommune på det bustadsosiale området, kommunen sitt ansvar for å busette og følge opp vanskelegstilte på bustadmarknaden, framskaffing av bustader, oppfølging i bustad, kartlegging og brukermedverknad. 200 deltok.

I ei rapportering til Arbeids - og Velferdsdirektoratet kring faglege utfordringar på det bustadsosiale området peiker Fylkesmannen på utfordringar knytta til framskaffing av bustader og eit vanskeleg leiemarked, særleg for personar med rus - og psykiske lidinger. Det har i Rogaland vore ei auke i bruk av hospits dei to siste åra ,og det er framleis eit behov for meir tilgjengelege tenester inn i bustad samt auka kompetanse.

73.6 Barn og unge

Fylkesmannen forvaltar tiskott til barnefattigdom. I 2011 fekk ni kommunar tilskot, tre av dei for å lage handlingsplan mot fattigdom.

I samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet inviterte Fylkesmannen til konferanse om utarbeiding av handlingsplan og forankring av arbeidet med utsette born og unge og familiane deira. Ni kommunar deltok på konferansen.

Nav si meldeplikt til barneverntenesta har vore tema på Nav-leiarsamling.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.	
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 0,00	kr 748 570,67
73.9 Andre oppgaver Sosialtjeneste (rest 73)	kr 11 707,25	kr 120 956,30
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 633 060,57	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 2 196,00	kr 0,00
Sum:	kr 646 963,00	kr 869 526,00

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester

Sjå rapportering under Arbeidsdepartementet

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

Sjå punkta under.

75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Fylkesmannen har i 2011 hatt noko kontakt med ansvarleg for koordinerande eining tilknytta Helse Vest HF, men har ikkje kunna prioritere å delta i regelmessige samlingar. Fylkesmannen vert likevel orientert ved å få referat frå møte og informasjon om ymse forhold som er knytt til feltet.

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Ingen spesielle tiltak i 2011

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Fylkesmannen i Rogaland har og i 2011 gjeve bistand til Helsedirektoratet når det gjeld oppfølging av personar under 50 år med nedsett funksjonsevne som bur i alders og sjukeheimar. I alt 9 kommunar har Fylkesmannen vore i kontakt med i dette arbeidet, mot 10 i 2010.

I oversikten for 2011 kom det fram at 3 personar i undersøkinga hadde ynskje om å flytte, men ingen flytteplan. Vidare at 2 av 3 mangla individuell plan. Helsedirektoratet tok kontakt med Fylkesmannen den 8.9.11 og bad om det ble teken kontakt med heimkommunane til dei 3, for å følgje opp planlegginga av flytting for dei involverte.

Helsedirektoratet ynskja informasjon om konkrete planar og eventuelt kvifor flytting ikkje var aktuelt, til tross for at personane hadde uttrykt ønske om anna bustad.

Den 16.09.11 skrev Fylkesmannen difor til den aktuelle heimkommunen, for å få utfyllande svar.

Den 28.09.11 fekk Fylkesmannen svar som me formidla til Helsedirektoratet. Heimkommunen til dei 3 hadde innvilge dei bustad i bufellesskap. Vidare hadde dei byrja å utarbeide individuell plan for dei 2 som mangla det.

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

Eit av dei store satsingsområda for Fylkesmannen i Rogaland i 2011 i samband med samhandlingsreforma. Sjå punkta under

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten

Førebuing til samhandlingsreforma har vore ei dominerande oppgåve for Fylkesmannen i 2011. Vi har hatt eit omfattande rådgjevingsarbeid ut mot kommunar og helseforetak i førebuinga til reformen og innføringa av nye helselover:

Av større aktivitetar kan nemnast:

1. og 2/9: Møte om avtalar og rettslege forhold. Målgrupper kommunane, helseføretaka

4/10: Innlegg i nettverksmøte om § 5 i ny folkehelselov. Målgruppe folkehelsekoordinatorar, frivillige organisasjonar

6/10: Innlegg om barselomsorg i eit samhandlingsperspektiv. Målgruppe jordmødre, helsesøstre, helseføretaket

6. og 31/10: Innlegg om ny helse-sosiallov Målgrupper rådmenn, ordførarar, pleie-omsorgssektor, KS, helseføretak, brukarutval

20/10: Samhandlingsreforma og konsekvensar for NAV sitt arbeid. Målgruppe NAV-leiarar

11/11: Innlegg i helsesøsterforum med vekt på §§ 3-2, 3-3 i ny HO-lov, samt pbl og ny folkehelselov. Målgruppe: Leiande helsesøstre i Sør-Rogaland

29/11: Innlegg i nettverkssamling om nye lovar og forskrifter relatert til planlegging og kommunen sitt ansvar. Målgruppe Frisk i friluft-kommunar

5/12: Ny helse-omsorgslov og konsekvensar for rus/psykiatrifeltet. Målgrupper Fonna-kommunane.

15/12: Innlegg om nye lovar. Målgruppe rådmenn og ordførarar

76.2 Individuell plan

Fylkesmannen har regelmessig kontakt med ei rekke kommunar, mellom anna når det gjeld psykisk helsearbeid, på rusområdet og innan tenester for psykisk utviklingshemma. På desse områda har også fokus vore på bruk av individuell plan.

Individuell plan vertn også etterspurd i klage- og tilsynssaker der dette er relevant

Det er ymse erfaringar med korleis individuell plan er implementert som et verksamt verktøy i kommunane. Nokre har ein plan som fungerar etter føremålet, medan andre anten ikkje har ein plan eller har ein "sovande" plan som ligg i ei skuff.

76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Da vi ikke vil utarbeide felles barnevern-, helse-, og sosialmelding for 2011, har vi valgt å rapportere hvordan vi har bistått helse- og omsorgstjenestene i kommunene og i helseforetakene med råd og veiledning om kontinuerlig forbedring og implementering av gode styringssystemer under dette punktet.

Vi har gjennomført slik rådgivning og veiledning i forbindelse med samtlige tilsyn som er gjennomført inneværende og spesielt gjennom vårt Spredningsprosjekt/Clusterkommuneprosjekt.

Spredningsprosjektet er vårt prosjekt for metodeutvikling, for å forsøke å få til økt lærингseffekt av tilsyn og er gjort mulig gjennom Statens helstilsyns eldresatsing som pågår til og med 2012. Spredningsprosjektet er

gjennomført i tilknytning til to systemrevisjoner mot kommuner i 2011. Temaene for tilsynene har vært rehabiliteringstilbudet til eldre i sykehjem våren 2011 og tvungen helsehjelp etter pasientrettighetsloven kapittel 4A høsten 2011. Vi gjennomførte også i 2010 et spredningsprosjeikt og begge med rehabiliteringstilbudet til eldre i sykehjem hvor 4 kommuner deltok(5 var invitert).

I spredningsprosjektet knyttet opp til rehabiliteringstilsynet deltok Strand kommune, Finnøy kommune, Forsand kommune og Hjelmeland kommune. En kommune til var invitert og hadde takket ja til å delta, men ble forhindret fra å delta.

Det andre Spredningsprosjekt med tilsynstemaet tvungen helsehjelp etter pasientrettighetsloven kap 4A ble gjennomført med deltakere fra Sandnes kommune, Sola kommune, Gjesdal kommune Time kommune, Hå kommune og Klepp kommune.

KS har også i 2011 deltatt ved begge Spredningsprosjektene. I forbindelse med Spredningsprosjektet med tilsynstemaet tvungen helsehjelp etter pasientrettighetsloven kapittel 4A har KS etter avsluttet spredningsprosjekt invitert deltakerne til en oppfølgingsaktivitet om etisk kompetanseheving og vi har bidratt med tilskuddsmidler for å finansiere denne oppfølgingsaktiviteten.

Vi har også presentert våre erfaringer med Spredningsprosjektet i møte for rådmannsutvalget i fylket i august 2011 og på Nordisk tilsynskonferanse i mai 2011.

Våre mål med Spredningsprosjektet er bl.a:

- øke forståelsen for krav til tjenesteyting og internkontroll (risikoforhold, rapportering, stikkprøver/egenkontroll)
- gi kommunene en praktisk erfaring med aktiv internkontroll
- kvalitetsheving av tjenester i kommuner som ikke omfattes av det aktuelle tilsynet
- erfaringsoverføring mellom kommuner mht til både feil og ”god praksis”
- utnytte grupper av kommuner som en arena for generell kvalitetsutvikling i helse og omsorgstjenestene
- bygge opp en relasjon mellom Fylkesmannen og Kommunenes Sentralforbund (KS), for spredning av tilsynserfaringer i cluster-kommune-nettverk allerede etablert av KS i fylket

Aktiviteten i forbindelse med Spredningsprosjekt:

- Vi har i tilknytning til en vaslet systemrevisjon forespurt rådmann/kommunaldirektør i tilsynskommunen og omkringliggende kommuner om å delta i prosjektet.

- Det avholdet et åpningsmøte for prosjektet hvor kommunen får presentere seg(organisering) og sitt pågående kvalitetsarbeid, vi holder deretter et innlegg og gjennomgår internkontrollplikten kommunene har og eksempler på hvordan kommunen kan imøtekommе kravenen til styring og kontroll. Vi gjennomgår deretter temaet for tilsynet og hvilke styrings og kontroll forventningen som påhviler kommunen for å imøtekommе regelverkskravene innenfor tilsynsteamet. Vi viser videre hvilke avvik og underbyggende funn som er gjort ved tilsvarende tilsyn i andre kommune.

- Mellomperioden:

Vi gjennomfører systemrevisjonen i den kommunen som er utvalgt og varslet om dette. De øvrige kommunen gjennomfører i denne mellomperioden et internt kvalitetsarbeid for å bringe på det rene om de etterlever styrings og kontrollkravene i internkontrollforskriften innefor aktuelt tilsynstema.

- Avslutningsmøte for prosjektet:

Deltakerkommunen presenterer i plenum og enkeltvis hva de har gjort av funn og gjennomført/planlagt av forbedringsarbeide/aktiviteteter og tilsynskommunen presenterer hvilke funn og avvik som er avdekket under systemrevisjonen. Fellesutfordringen kommunen har gjort blir deretter diskutert i plenum slik at kommunen kan utveksle erfaringer og dele forbedringsforslag.

Vår videre oppfordring til kommunen er at relasjonene dette prosjektet har gitt kan brukes som nettverk for videre kvalitetesarbeid.

Vår vurdering av virkningen av Spredningsprosjektet baserer seg på kommunens presentasjon i avslutningsmøtene av arbeidet de har gjennomført i mellomperioden og planene som legges frem for videreføringen av arbeidet. Videre gir evalueringen kommunen sender oss etter avsluttet prosjekt også svært klare holdepunkter for at ønsket vårt om økt styring- og internkontrollforståelse og spredning av tilsynserfaringer oppnås. Evalueringen gir også tilbakemeldinger om at kvalitetssamarbeid mellom kommunen stimuleres og forbedres.

Vårt håp og foreløpige vurdering er at vi ved å gi deltakerkommune en slik støttende tilnærming til

kvalitetsforbedring i tilknyttet til et valgt tilsynstema, samtidig som kommune selv har ansvaret for å gjennomføre egenvalgte aktiviteter for å finne ut hvilke områder relatert til tilsynsteamet de har svakheter innefor eller behov for ytterligere forbedringsarbeid innefor, gir kommunen en mulighet for kvalitetsforbedring som de svært gjerne benytter og også finner konstruktiv og nyttig. Det at kommunen presentere arbeidet de har gjort ovenfor de andre deltakerkommunene og får høre om tilsynskommunens erfaringer, fremmer også relasjoner og styrker muligheten for fremtidig samarbeid mellom kommune innefor aktuelt tjenesteområde.

Vi opplever at Spredningsprosjektets blir møtt av kommunen med stort engasjement og en positivitet som gir håp om at vi kan oppnå ønskede kvalitetsforbedringen gjennom tilsynene ved bruk av en litt endret tilnærming til kommunen.

76.5 Felles digitalt nødnett

Fylkesmannen i Rogaland har ikke hatt oppgåver på dette området i 2011. Vi har holdt oss orientert om situasjonen på området nasjonalt.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

Sjå punkta under

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Tiltak som er iverksatt i embetet og tiltak rettet mot kommunene:

Fylkesmannen i Rogaland sitter som fast medlem i Hovedredningssentralen for sør-norge sin kollektive redningsledelse, og er gjennom dette involvert både i øvelser og større hendelser, ikke bare i vårt fylke, men i hele sør-norge. (HRS-sør dekker omlag 90% av alle redningsoppdrag i Norge) . Den kollektive redningsledelsen møtes fast 4-6 ganger i året.

Øvelser og kurs:

05.04.2011 : Konferanse i Stavanger i samarbeid med statens strålevern om radon og elektromagnetisk stråling

21.10.2011 Fylkesmannen arrangerte i samarbeid med NVE beredskapsøvelse som involverte kommuner og helseforetak der temaet var sammenbrudd i støm- og telefoninettene.

Hendelser:

Terroranslagene mot regjeringskvartalet og på Utøya.

Fylkesmannen hadde i 2011 et omfattende arbeid rettet mot kommuner, mot helseforetak, mot rammede og pårørende og mot den generelle befolkning etter terroranslagene 22.07.2011.

Kort oppsummert ble følgende tiltak iverksatt:

Rapportering til Helsedirektoratet via beredskapslinja

Rådgivning overfor alle kommuner som hadde rammede etter 22.07, for å sikre at psykososialt oppfølgingsarbeid ble iverksatt og at ny veileder ble implementert.

Rådgivning overfor helseforetakene i fylket, for å sikre lav terskel for hjelp i spesialisthelsetjenesten for rammede og pårørende som måtte ha behov for dette

Løpende følge-med-aktiviteter overfor kommuner og helseforetak

Sammen med RVTS gjennomføring av samlinger for faglig kompetansebygging hos personell i de kommunale kriseteamene i rammede kommuner.

Deltakelse ved etablering av lokal støttegruppe 19.11.2011, og etter dette løpende dialog med støttegruppen for å styrke følge-med-rollen

Tildeling av skjønnstilskudd, tilsammen kr 5,3 mill til kommuner i Rogaland som hadde utgifter i forbindelse med oppfølgingsansvaret for rammede etter 22.07

Opplysningsvirksomhet via media og nett-oppslag til den generelle befolkning om psykososial krisehjelp.

Rapportere til Helsedirektoratet når alle kommuner i eget fylke bekrefter å ha etablert et system for elektronisk kommunikasjon med fastlegene av beredskapshensyn

Ikke noe å rapportere her

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO		
Sum	0	

77.3 Særfradrag

Det er handsama 123 klager frå skattytarar etter oversending frå skattemyndighetene. Gjennomsnittlig saksbehandlingstid var 90 dagar. Det er også oversend 23 saker til Helsedirektoratet. Dette er klager på vedtak hjå OSS.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	123	90
Sum	123	

77.4 Førerkortsaker

Det har vore ein dramatisk auke av antal førarkortsaker i 2011, 140% auke frå året før! Dette saksfeltet "stel" no betydeleg med ressursar, ikkje minst legeårsverk frå dei andre saksområda hos Fylkesmannen etter oppdrag frå HOD

Av totalt 4996 saker utgjer søknader om dispensasjoner 3053 saker. Tiltrådning om inndragning av førarkort utgjer 740 av sakene. Saksbehandlingstida har i 2011 variert frå 2 til 6 veker, når all naudsynt dokumentasjon er motteken. I mange av sakene er det naudsynt å innhenta meir dokumentasjon, og dette fører til lengre saksbehandlingstid i desse sakene.

Sjå elles særskilt rapportering til Helsedirektoratet
Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	4996	30
Sum	4996	

77.5 Pasientjournaler

Fylkesmannen mottok i 2011 en pasientjournal fra lege som avvikla verksemda og en fra en rusinstitusjon/poliklinikk som vart avvikla.

Fylkesmannen har behandla 6 saker om opplysninger i pasientjournal som Fylkesmannen har til oppbevaring.
Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMRO	8

77.6 Rett til trygderefusjon

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje behandla saker fra NAV på dette saksområdet i 2011.

77.7 Felles barnevern, sosial og helsemelding

Fylkesmannen i Rogaland har vald ikke å prioritere utarbeiding av ei eiga Helse- sosial- og barnevernsmelding for 2011.

Grunnen er den betydeleg auka mengda enkeltsaker innan HOD sine oppdragsområde, m.a ein 140% auke av førarkortsakeene siste året.

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

Helsetilsynet i Rogaland mottok i 2011 totalt 146 vedtak om bruk av tvang etter lov om pasientrettar kapittel 4A. Statistikkdata er oversendt Statens helsetilsyn.

Vi ser at vi ikkje har motteke vedtak frå alle kommunar i Rogaland og at vi har motteke få vedtak frå enkelte kommunar. Etter alt å døme er talet på innkomne vedtak noko lågare enn den faktiske tvangen som blir utførd. Vi har likevel ikkje hatt ressursar til å sjå nærmare på dette i inneverande år.

I 2011 kom det inn ein klage på vedtak om bruk av tvang etter lov om pasientrettar kapittel 4A. Denne saka blei avgjort ved dom i Stavanger tingrett.

Vi har i 2011 valt å stilla opp og delta på arrangement vi er blitt invitert til. Vi har, grunna mangel på ressursar, ikkje hatt eigeninitierte kurs/opplæringsaktivitet.

Arrangement vi har deltatt på:

- Fagdag om pasrl. kap. 4A for kommunar i nord-Rogaland og Ryfylke
- Innlegg på Landskonferanse 2011 - pasientsikkerhet for den gamle pasient
- Fagdag om pasrl. kap. 4A i Sola kommune
- Innlegg på Erfaringskonferanse Demensplan 2015
- Fagdag om pasrl. kap. 4A for Klepp og Time kommune

Pasrl. 4A var i 2011 gjenstand for landsomfattande tilsyn. I samband med dette gjennomførde vi eit spredningsprosjekt, der 5 omkringliggjande kommunar til tilsynskommunen blei invitert til å delta på to kursdagar med revisjon, internkontroll og pasrl. 4A som tema.

77.9 Petroleum - Rogaland

Helsekrav: Vi har handsama av 242 søknader om dispensasjon frå helsekrav for personar i petroleumsverksemda. Vi har gitt mye rettleiing knytt til overgangen til den nye helsekravforskrifta, som kom 01.01.2011. Vi har starta arbeidet med å lage skjema til bruk i sertifiseringsarbeidet. Vi har tatt del i arbeidet som tek i sikte å lage ei ny rettleiing for sertifisering av offshoredykkarar.

Godkjenning av legar: Vi har godkjent 47 offshoredykkerlegar. Av dei er 8 i utlandet. Vi har godkjent 103 legar til å gi helseerklæring for personar i petroleumsverksemda.

Samtykke: Vi har gitt Petroleumstilsynet uttalelser til 85 samtykkesøknader.

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Sjå punkta under

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Tiltak i samband med innføring av nye helselover:

1. og 2/9: Møte om avtalar og rettslege forhold. Målgrupper kommunane, helseføretaka

4/10: Innlegg i nettverksmøte om § 5 i ny folkehelselov. Målgruppe folkehelsekoordinatorar, frivillige organisasjonar

6/10: Innlegg om barselomsorg i eit samhandlingsperspektiv. Målgruppe jordmødre, helsesøstre, helseføretaket

6. og 31/10: Innlegg om ny helse-sosiallov Målgrupper rådmenn, ordførarar, pleie-omsorgssektor, KS, helseføretak, brukarutval

20/10: Samhandlingsreforma og konsekvensar for NAV sitt arbeid. Målgruppe NAV-leiarar

11/11: Innlegg i helsesøsterforum med vekt på §§ 3-2, 3-3 i ny HO-lov, samt pbl og ny folkehelselov. Målgruppe: Leiande helsesøstre i Sør-Rogaland

29/11: Innlegg i nettverkssamling om nye lovar og forskrifter relatert til planlegging og kommunen sitt ansvar. Målgruppe Frisk i friluft-kommunar

5/12: Ny helse-omsorgslov og konsekvensar for rus/psykiatrifeltet. Målgrupper Fonna-kommunane.

15/12: Innlegg om nye lovar. Målgruppe rådmenn og ordførarar

Nye verktøy i samband med oversikt over helsetilstand og utfordringar:

Det er gjort kjend i nyhetsbrev og samlingar at nye databasar er under utvikling. Fylkesmannen har delteke i diskusjonar med fylkeskommunen om relevante parametre for deira kartleggingsarbeid i samband med ny regional plan for folkehelse. Vidare er det sørga for innlegg i nettverkssamling med eksempel på bruk av, og erfaring med, kommunal levekårsundersøking.

Planarbeid: Plankoordinator har oversyn over status for rullering av kommune- og regionale planar. Folkehelse og universell utforming er tema i oppstartsmøte med kommunane, og blir også vurdert og kommentert i alle høyringar. Vi ser at folkehelse og universell utforming er tema i samlede planar. Det er særleg fokus på rekreasjonsområde, trafikksikring og gang-sykkelvegar nær buområde, skular og barnehagar, samt samanhengande grøntstrukturar, gjerne over kommunegrensene. Fleire kommunar enn tidlegare syner til Kommune-barometeret/Kommuneprofiler som grunnlagsdata i planarbeidet. Frå HS-avdelinga er det gitt uttale til 2 planprogram, 6 kommuneplanar, 7 klima-energiplanar og 3 regionale planprogram. Regionalt planforum starta i oktober. HS-avdelinga deltek ikkje her, men er med i intern plangruppe hos Fylkesmannen og drøftingsmøte om uttale til ulike planar. Fylkesmannen har hatt eige møte med folkehelsegruppa i Stavanger kommune i høve Helse i plan. Tips-og momentlista frå Helsedirektoratet er gjort kjent i ulike møte og på nett.

Regionalt partnarskap: Det har vore 8 arbeidsmøte og 2 heildagssamlingar i partnarskapet i tillegg til jamnleg uformell kontakt. Vidare har det vore informasjonsmøte om partnarskapsordninga med 5 nye kommunar. I alt er nå 16 av 26 kommunar med, 4 er "på vent". Økonomi spelar ei rolle, då ein ikkje ser for seg å kunne oppretthalde noverande støtte til kommunane. Det vil i så fall vere til skade for satsinga, då tilbakemeldingar tyder på at økonomisk støtte er avgjerande for mange kommunar. HF Helse Vest kom med i partnarskapet i 2011, likeså turistforeingane i Haugesund og Stavanger. Det tek tid å få alle kommunane med i partnarskap for folkehelse.

Auka aktivitet i folkehelsearbeidet. Det er ulik aktivitet i partnarskapskommunane, men generelt kan ein seie at omsynet til folkehelse har større merksemnd no enn tidlegare år, og det er ein auke i tiltak for å legge til rette for til dømes fysisk aktivitet. Det er vanskeleg for oss å seie om dette er ein konkret følge av økonomisk styrking gjennom dei frie midla, eller om det like mykje skuldast ei generelt auka merksemnd kring folkehelse. Vi veit at i mindre kommunar har det vore vanskeleg å "få tak i" dei frie midla. For å gjere det lettare for kommunane har vi vist til summane som var tildelte i 2010.

Av konkrete tiltak ser vi at store kommunar som Stavanger og Sandnes har etablert tilbod til personar med overvekt, Stavanger også til barn/unge. Treningskontaktordninga er vel etablert i dei fire kommunane som sokner til Jæren dps, og i dps'et sjølv. Dei same kommunane har også etablert Aktiv på dagtid, som har god oppslutnad og arbeider også mellom anna med interkommunal ordning for frisklivssentral.

Embeter	Antall	Gjennomsnittelig saker saksbehandlingstid
FMRO		
Sum	0	

83.2 Miljørettet helsevern

Utkast til ny folkehelselov med mellom anna kapitlet om miljøretta helsevern har vore diskutert i møter med kommuneoverlegar i samfunnsmedisinsk forum fleire gonger i 2011.

Det er i 2011 behandla 7 ulike saker innan miljøretta helsevern. Sakene fordeler seg innan følgjande fagområde:

Støy frå ballbingar, støy frå bedrifter, redsle for miljøgifter frå industriføretak, brot på tobakkskadeloven på serveringsstader. Det er og gitt uttale i fleire plansaker.

Ein av dei sakene som Fylkesmannen behandla ei rekke gonger deis siste åra, fekk si endelige avslutning med domen i Høgsterett ("Hall Toll-saken"). Kommunen si og Fylkesmannen si lovtolking viste seg å vere riktig.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Generelt: Fylkesmannen nytter partnarskapssamlingar, nettverksmøte og nettsida til informasjon om helsefremjande tiltak. Dessutan er møter med einskildkommunar godt egnar til slik opplysning i tillegg til at einskildpersonar henvender seg til oss for informasjon.

Ernæring: Fylkesmannen har vore med å retablere ressursgruppe for å fremje sunnare kantinetilbod i vg skole. Tannhelsetenesta leier gruppa. Nasjonalforeningen for folkehelsen har arrangert Bra mat-kurs med god oppslutnad, og fleire kommunar tilbyr Bra mat-kurs til sine innbyggjarar. Fiskeprellkursa held fram i regi av fylkeskommunen. Her tek ein også opp dei reviderte retningslinene for kosthald i barnehagar og skular.

Fysisk aktivitet: I 2012 reknar vi med å få dei siste fire kommunane med i nettverket Frisk i friluft som har særleg merksemd på tilrettelegging av rekreasjonsområde samt aktivitetstilbod for alle aldersgrupper. Dalane-regionen arbeider godt med tilbod til skular og barnehagar gjennom friluftsrådet, og har laga eigne aktivitetspermar til bruk for det pedagogiske personellet. Nokre kommunar går saman om tiltak eller arrangement over kommunegrensene. Fylkesmannen deltek i planlegging og avvikling av to faste nettverksamlingar i året for erfaringsdeling og fagleg påfyll.

Fysisk aktivitet er alltid vektlagt når vi har møte med einskildkommunar i samband med rekruttering til partnarskapet, samt i uttale til kommuneplanar. Her et det og naturleg å nemne tiltak retta særskilt mot eldre, og peike på samanhengen mellom folkehelsearbeid/Samhandlingsreforma og oppfølging av Omsorgsplan 2015. Fleire kommunar har hatt stor merksemd på kartlegging og universell tilrettelegging av turstiar.

Tobakk Lokallag av Astma-allergi-forbundet fekk støtte til markering av Verdas tobakksfrie dag. Ein ungdomsskule fekk tilskot til sitt røykfriarbeid. Skulehelsetenesta er oppmoda om å støtte opp om FRI-programmet, likeså folkehelsekoordinatorane, men rekrutteringsarbeid til FRI går tregt.

Røykeslutt: Kursleiarkurs hausten 2011 måtte utsetjast grunna vanskar med å få kurshaldar til det aktuelle tidspunktet. Vi konstaterer at det er vanskeleg å halde på utdanna kursleiarar som vil tilby kurs i den åpne marknaden. Ei kartlegging syner at røykeslutttilbod finnst i fleire bedrifter, men at marknaden vert "metta" der ein har stabil arbeidsstokk. - Fylkesmannen mottekk omlag 15 førspurnader i året om hjelp til røykeslutt.

Tilskot bedre seksuell helse: I samssvar med retningslinene er midlar tildelt studenthelsestasjonen Stavanger universitet og helsestasjonane i Eigersund, Haugesund, Rennesøy, Sandnes, Sokndal, Stavanger og Time kommunar. Tildeling er gitt til opplysningsføremål/rådgjeving og kompetanseheving.

Etablering og drift av frisklivssentralar: Rettleiarene er gjort kjent via nett og i møte, samt eigen temadag 9/6 om etablering og drift av fls. Så langt er det etablert fls berre i Hå kommune. Denne fls'en har tilbod om røykeavvenning i tillegg til treningsgrupper av ulike slag. Ei kartlegging syner at fleire kommunar vurderer å etablere fls, nokre som eit interkommunalt samarbeid. I kartlegginga kom det og fram at fleire kommunar har oppfølgingsordningar for risikopasientar, men ikkje organisert på ein slik måte at dei fell inn under fls-definisjonen. I samband med eit EU-prosjekt har Finnøy kommune etablert ei nettbasert oppfølging av personar

som ønskjer livsstilsendring. Alle har tilbod om individuell samtale i forkant av ikt-oppfølginga. Fylkesmannen og fylkeskommunen er med i arbeidsgruppe som planlegg tre dagars nasjonal fls-konferanse i Rogaland i 2012.

83.6 Smittevern

Fylkesmannen har i 2011 mottat og behandlet 19 varsler om tilfeller av eller utbrudd av smittsom sykdom fra kommunehelsetjenesten i Rogaland og fra installasjoner på norsk kontinentalsokkel.

Smittevern har vært tema ved de faste møtene med kommuneleger i fylket.

Det er ikke gjennomført en egen smittevernkonferanse i Rogaland i 2011.

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 gjennomført faste møter med kommunelegene med tema om allmennlegetjenester, inkludert fastlegeordningen. Følgende temaer har vært drøftet: kommunelegefunksjonen (herunder LSU), miljørettet helsevern, smittevern, beredskap, helseovervåking, kvalitetsutvikling, samhandling med andre aktører, beredskap, legevakt, psykisk helsearbeid, livsstilsveiledning, rusarbeid og sosial ulikhet.

Fylkesmannen har fulgt med på fastlegeordningen i fylket, gitt råd til kommunehelsetjenesten og gjort vurderinger i saker der kommunene søker Nasjonalt Råd om nye fastlegehjemler. Det er ingen kommuner som har søkt om suspensjon fra fastlegeordningen

Veiledningsgruppe i samfunnsmedisin er i drift med ca 10 kandidater

84.2 Turnustjeneste

Turnustenesta – praktisk og pedagogisk oppfølging av nyutdanna helsepersonell.

I dag har 3 helsepersonellgrupper plikt til å gjennomføre turnustenesta før dei kan få autorisasjon: legar, fysioterapeuter og kiropraktorar.

Fylkesmannen har frå 2008 hatt 33 turnusplassar for leger i kommunane. Talet på turnuslegar i februar og i august varierar sterkt. Det betyr at kommunar som har blitt pålagt å ta turnuslege, risikerer å ikkje få turnuslege i februar, mens det i august vil kunne vere fleire turnuslegar som ikkje får plass. Vi prøver å sikre at utkantkommunane får turnuslege kvart halvår, men vi lukkast ikkje kvar gang. Det skaper frustrasjon og misnøye hos kommunane og hos turnuslegane.

Talet på turnusslegar i februar 2011 var 32 og i august 33. Rogaland har arrangert eigne kurs for turnusleger, turnusfysioterapeutar og turnuskiropraktorar i offentleg helsearbeid og samhandling i helsetenesta (2 i 2011), og oppslutninga om desse kursa er svært høg.

Dei to grupperettleiarane har jamt kontakt med turnuslegane og har samlingar 3 gonger i kvart halvår for turnuslegane som er i kommunane.

Kvart halvår har vi halde kurs i legevaktsmedisin og akuttmedisin, dvs for begge kulla. Desse kursa arrangerast i samarbeid med SUS (Stavanger universitetssjukehus) og SAFER (Stavanger Acute medicine Foundation for Education and Research).

Vi har samlingar med turnuslegerettleiarane i kommunane også i år, og det er svært nyttig. Vi har merka at

rettleiringa overfor turnuslegane har blitt betre, men enkelte av rettleiarane møter ikkje. Det er sendt ut brev til ein turnusstad med konkret påpeiking av sviktande rutinar.

Den planlagde omlegginga av turnustenesta for legar har skapt ein del frustrasjon og misnøye i kommunane sidan informasjonen har vore mangelfull.

Det er god kontakt og samarbeid mellom den som har koordineringsansvaret for turnuslegar på Stavanger universitetssjukehus og grupperettleiarane hos fylkesmannen. Tilsvarande ordning har vi ikkje makta å få til med Helse Fonna/Haugesund sjukehus, fordi dei ikkje har ein person som har fagleg oppfølgingsansvar for turnuslegane.

I 2011 har det vore samling for rettleiarar for turnusfysioterapeutar, slik det har vore årleg sidan 2006. Talet på turnusfysioterapeutar i kommunane i Rogaland er nå 11 kvart halvår. Det ble i 2011 gitt pålegg til Helse Fonna om å ta i mot like mange turnusfysioterapeutar som tidlegare.

84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester

Sjå rapportering til Statens Helsetilsyn

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen har i 2011 hatt møte med den ein av kommunane i fylket som har fengsel/soningsinstitusjon. Oppfølgingsmøte vart halde saman med spesialisthelsetenesta, for å bidra at skriftleg avtale kom på plass. Dette vil bli fylgt opp som ein naturleg del av implementeringa av samhandlingsreforma.

Vi har dessutan ført tilsyn med 2 kommunar i 2011, der temaet var tenestetilbod etter løslating frå soning, herunder individuell plan

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsökere, flyktninger, familiegenforente og direktebosatte overføringsflyktninger

Inngår i Fylkesmannens generelle områdeovervåkingsarbeid, dessuten generell rådgivning til kommunehelsetjenesten.

Vi har ikke utført noen spesifikk kartlegging i 2011.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Fylkesmannen i Rogaland har gjennom internett og kontakt med kommunar og helseforetak ellers bidratt til å implementere veileder om bruk av tolk i helse- og omsorgstjenestene, som ble utgitt høsten 2011.

Vi har i vår generelle kontakt med helse- og omsorgstjenestene gitt veiledning til kommuner for å sikre god tilgang til likeverdige helse- og omsorgstjenester for for personer med innvandrerbakgrunn som trenger språklig og kulturell tilrettelegging.

Gjennom vår generelle områdeovervåkning og i forbindelse med enkeltsaker er dette også et område som vi har oppmerksomhet på.

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

Fylkesmannen har ikkje opplysningar om kor mange kommunar som har ein handlingsplan mot vald i nære relasjoner

Kommunane i Rogaland samarbeider om eit felles valdtekstmottak i sør-fylket som ligg inn under Stavanger legevakt. og et i nord-fylket som ligger under Helse Fonna- Haugesund. Alle kommunane i fylket har med dette tilgang på valdtekstmottak.

Frå 01.01.2010 fikk kommunane pålagde å ha eit krisesentertilbod til både kvinner, menn og barn. Fylkesmannen skal ha tilsyn med kommunane si oppfylgjing av sin plikt på dette området. Fylkesmannen har difor kartlagt tilbodet i Rogaland.

Kartleggjinga har vist at kommunane i sørfylket er knytt til Stavanger krisesenter som Stavanger kommune driv som eit kommunalt tiltak med samarbeidsavtaler med 17 andre kommunar. I nordfylket er kommunane knytt til Krisesenter Vest IKS som er eit interkommunalt selskap.

Ein kommune Kvitsøy er ikkje knytt opp mot noko krisesenter, men baserer seg på lege, psykososialt kriseteam og bakvakttelefon.

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Faglige retningslinjer for forebygging, utreding og behandling av overvekt og fedme er gjort kjent på nettsiden. Dei nemnde retningslinene i oppdragsbrevet er gjort kjent tidlegare år, likeså informasjon om ammekyndig helsestasjon.

Kapasitet i helsestasjon-skulehelsetenesta: Her har vi berre Kostra-tall å halde oss til. I uttale til kommuneplanar blir det påpeikt at kommunen må sikre tilstrekkeleg bemanning i helsestasjons- skolehelsetenesta i takt med forventa auke i barnetal, fordi dette er ei viktig teneste i førebyggande og helsefremjande arbeid.

84.9 Svangerskapsomsorgen

Vi har ikke opplysninger som gir grunnlag for å vurdere om jordmordekningen i rogalandskommunene er tilstrekkelig. KOSTRA-tall viser tildels store variasjoner mellom kommunenes dimensjonering av jordmortjenesten. Noen forskjeller skyldes trolig at det er etablert kommunal følgetjeneste.

84.10 Kjønnslemllestelse

Fylkesmannen i Rogaland fikk i 2011 en fullmakt på kr 50 000 til arbeid mot kjønnslemllestelse.

Fylkesmannen i Rogaland har sammen med Statens Barnehus i Stavanger gjennomført et kurs i kompetanseheving - (Handlingsplanens punkt 16) med 27 deltagere.

Dagskurset henvendte seg til personell som er involvert i Statens Barnehus. Kurset ble gjennomført med foredrag av Chiku Ali samt utdeling av innkjøpt faglitteratur.

84.11 Tannhelse

Representantar for tannhelsetenesta deltek fast i møte i partnarskap for folkehelse. Fleire kommunar har trekt tannpleiar inn i folkehelsearbeidet sitt. Tenesta har også sine eigne tiltak retta mot barn/unge og eldre. Tannhelsetenesta driftar no regional gruppe for betre kosthald, (tidl. Ressursgruppe ernæring), og har hovudfokus på betre kantiner i vg skole. Forsøk på å innføre førebyggingsprogrammet Tanntastisk i samanheng med FRI har ikkje ført fram.

Rettleiar om oral helse og informasjon om rett også til tannhelseteneste for personar med rusproblem er gjort kjent gjennom rusarbeidet. Det er ikkje gjennomført eigne tiltak for å fremje samarbeid kommunar-offentleg tannhelseteneste i 2011. Fylkesmannen i Rogaland har behandla omlag 20 saker etter PRL 4A , der det har vore naudsynt med narkose for å gjere tannbehandling.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

Sjå punkta under

85.1 Abortloven

Fylkesmannen har ivaretake dette arbeidet i samsvar med oppdraget

Ingen avvik.

85.2 Sterilisering

Sakene er behandla i samsvar med oppdraget.

Fylkesmannen i Rogaland mottok 4 begjæringer om sterilisering i 2011, 2 av disse var feilsendt. I dei to sakene som vert behandla i nemnda, var det behov for innhenting av fleire opplysningar/dokumentasjon i begge sakene. Den eine saka blei ferdigbehandla i 2011, og begjæringa blei avslått. Den andre saka blei først ferdig behandla i januar 2012, og begjæringa ble innvilga.

85.3 Lov om transplantasjon

Fylkesmannen har ikkje hatt saker i 2011 på dette saksområdet

Antall saker

Embeter	Antall
FMRO	0
Sum	0

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

I 2010 var det en del ekstra arbeid på grunn av uklarheter rundt regelverket som utløp 1.mai 2011. I den forbindelse har det også vært en del ekstra arbeid i 2011 da det har vært behov for ekstra veiledning på grunn av ny forlengelse av tillatelsen i påvente av ny narkotikaforskrift..

Det er også behov for veiledning av både pasienter og leger når det gjelder bruk av sentralstimulerende medikamenter for pasienter med rusmiddelmisbruk.

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	751	2
Sum	751	

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Fylkesmannen har behandla ei sak på dette saksområdet.

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMRO	1	8
Sum	1	

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke saker i 2011 på dette saksområdet.

85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Fylkesmannen har ikkje hatt saker i 2011 på dette saksområdet

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

Se underpunktene

86.1 Omsorgsplan 2015

Arbeidet med Omsorgsplan 2015 hos Fylkesmannen i Rogaland er organisert som eit prosjekt, der alle delplanane er ivaretatt. Det daglege arbeidet vert leia av ein prosjektleiar, og styringsgruppa vert leia av fylkesmannen. Styringsgruppa skal ha to møter i året, og desse er gjennomført etter oppsett plan i 2011.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 mellom anna gjennomført følgjande aktivitetar for å bidra til å setta framtidas omsorgsutfordringar på dagsorden i kommunane og gjea delplanar, strategiar og tiltak i Omsorgsplan 2015 kjend i fylket:

- Fylkesmannen i Rogaland ga i 2010 økonomisk stønad til eit forskingsprosjekt ved IRIS (International Research Institute of Stavanger), der ein kartla utfordingane med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren i Helse Stavanger-området. Fylkesmannen deltok både i 2010 og 2011 i fleire møter i ressursgruppa for prosjektet. Rapporten frå prosjektet vart presentert for kommunane, helseføretak med fleire på eit seminar 6. juni 2011. Rapporten gjer mellom anna prognosar for etterspurnad og tilbod av helsepersonell i den regionale arbeidsmarknaden, og skisserar moglege strategiar for å løyse utfordingane. Rapporten bør vera eit godt utgangspunkt for kompetanseplanlegging i kommunane.
- Fylkesmannen i Rogaland samarbeidar tett med KS i Rogaland om gjennomføring av fleire av tiltaka i Omsorgsplan 2015.
- Midlar knytt til Omsorgsplan 2015 har vert nytta strategisk, og Fylkesmannen har støttat tiltak som bidreg til å nå måla i Omsorgsplan 2015 generelt og i Demensplan 2015 spesielt.
- Helse- og omsorgstenesta var hovudtema på Fylkesmannen sitt årlege Kostra-seminar som vart halde for kommunane 7. april. Ein representant frå KS viste døme på korleis ein kan nytta Kostra-/Iplos-data i kommunal planlegging.
- Fylkesmannen sin nettstad har gjennom året vert nytta aktivt for å informera om strategiar og tiltak i Omsorgsplan 2015.
- Fylkesmannen i Rogaland samarbeider tett med Utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester og andre lokale kompetansemiljø i fylket, for å bidra til kunnskapsutvikling i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Fleire forskings- og utviklingsprosjekt som tidlegare er starta opp, er vidareførd, og nye utviklingsprosjekt er starta opp i 2011 med økonomisk stønad frå Fylkesmannen.
- Fylkesmannen i Rogaland har jamnlege møte med instituttleiar og andre tilsette ved Institutt for helsefag ved Universitetet i Stavanger, mellom anna for å sikra at nasjonale føringer og tilsynserfaringar er kjent.

86.2 Demensplan 2015

Fylkesmannen i Rogaland har tett og jamnleg kontakt med fleire kompetansemiljø og andre aktørar i fylket om satsingsområda i Demensplan 2015. Midlar knytt til Omsorgsplan 2015 har i 2011 i hovudsak vore nytta til tiltak knytt til Demensplan 2015. Dette gjeld mellom anna tilskot til ulike typar nettverk på demensområdet, Nasjonalforeningen sin pårørandeskule, ABC-oppfølging, prosjekt om demens i heimetenesta, etisk kompetanseheving på demensområdet og demensplankonferanse. Me har og hatt stort fokus på at midlar frå Kompetanseløftet 2015 skal bidra til kompetanseheving innan geriatri og demens.

Den 1. november arrangerte Fylkesmannen erfaringskonetransen om Demensplan 2015 for kommunane og andre. Me hadde då førelesarar frå Helsedirektoratet, Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse, lokale kompetansemiljø og kommunar. Tema var mellom anna demensteam, dagtilbod, pårørandeskular, bruk av tvang, lindrande omsorg for personar med demens og Demensomsorgens ABC. Resultata frå den nasjonale kartlegginga av tenestetilbodet til personar med demens vart lagt fram, satsingsområda for resten av planperioden vart skissert, og lokale døme på gode løysningar vart presentert. 22 av dei 26 kommunane i Rogaland deltok på konferansen, saman med representantar frå spesialisthelsetenesta og frivillige organisasjonar.

Fylkesmannen sin nettstad er nytta aktivt for å spreie informasjon om føringerne i Demensplan 2015. Me har jamleg lagt ut informasjon frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse, mellom anna handbøker, rapportar, utredningsverktøy og liknande. Me nyttar elles alle møteplassar med kommunane for å spreie informasjon, mellom anna på Husbanken sin sjukeheimsfagdag for kommunane i september.

Fleire kompetansemiljø i fylket driv, mellom anna i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland, utstrakt

opplæringsverksem med innføring av nye arbeidsmåtar i demensomsorga. Dette gjeld mellom anna opplæring knytt til pasientrettigheitslova kapittel 4A, Dementia Care Mapping, Marte Meo og anna miljøterapi. Ressurspersonar bidreg og med føredrag på Nasjonalforeningen for folkehelsen sin pårørandeskule, og driv og med anna pårørandearbeid.

I 2011 har me gjennomført to tilsyn med tenester til heimebuande personar med demens. Kommunane har i samband med tilsyna fått informasjon om tilbod dei kan nytta seg av knytt til Demensplan 2015, så som deltaking i ulike nettverk og Demensomsorgens ABC. Fylkesmannen har i 2011 gitt økonomisk stønad til eit prosjekt i regi av utviklingssenteret for heimetenester i Stavanger, der målet er å forbetre tenestene til heimebuande personar med demenssjukdom.

Fylkesmannen gjennomførte vinteren 2010-2011 den nasjonale kartlegginga av tenestetilboden til personar med demens. Det vart innhenta svar frå alle dei 26 kommunane i Rogaland. Helsedirektoratet presenterte kartleggingsresultata på fylkesnivå på demensplankonferansen i november. I desember presenterte Fylkesmannen resultata på kommunenivå i ein artikkel på Fylkesmannen sin nettstad. Artikkelen ga og oversyn over aktuelle publikasjonar knytt til Demensplan 2015 og ulike tilskot kommunane kan søka på. E-post som gjorde merksam på artikkelen vart send til alle kommunane i fylket.

Demensomsorgens ABC:

Det er generelt stor aktivitet i fylket når det gjeld Demensomsorgens ABC. Fylkesmannen i Rogaland gjev stønad til innkjøp av studiepermars til alle tilsette i kommunane som deltek i ABC-opplæringa. Fylkesmannen gjev og framleis økonomisk stønad til eksterne kompetansemiljø som driv aktiv rekruttering og arrangerar oppstartskonferansar og samlingar undervegs. Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling ved SUS følgjer opp kommunane i Helse Stavanger-området, medan Bjørgene omsorgs- og utviklingssenter i Haugesund følgjer opp kommunane i Helse Fonna-området. Ressurspersonane arbeider i tett kontakt med Fylkesmannen og Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse, og eit samarbeidsmøte mellom desse aktørane vart halde i mars. Fylkesmannen deltok og på kompetansesenteret sin ABC-samling på Gardermoen i oktober.

Så langt Fylkesmannen kjenner til, er det no berre ein kommune i Rogaland som ikkje er i gong med studieopplegget. Denne kommunen planlegg oppstart tidleg i 2012. Dei lokale kontaktpersonane melder at det per desember 2011 er seld nærmere 2000 permars av undervisningsopplegget i Rogaland, av ca 11 000 permars på landsbasis. I Stavanger kommune er mellom anna alle sjukeheimane i gong med opplæringsverktøyet.

Sjølv om talet på deltakarar i Rogaland totalt sett er høgt, er det i nokre kommunar svært få deltakarar. Til no er fleirtalet av deltakarane tilsett i sjukeheimar. Potensialet til å få i gong fleire studiegrupper, spesielt i heimetenesta, bør difor vera til stades, og arbeidet med dette held fram i 2012.

Dagtilbod til personar med demens:

15 av kommunane i Rogaland har no oppretta tilrettelagde dagtilbod for personar med demens. Det er nok likevel framleis slik at berre ein liten del av heimebuande med demenssjukdom har eit reelt tilbod om tilrettelagde aktivitetar på dagtid. Dagtilbod vert lett salderingspost der det er trøng kommuneøkonomi, då dette tilboden ikkje oppfattast som lovpålagd sjølv om aktivisering og tilsyn på dagtid kan sjåast som naudsynt helsehjelp for ein del tenestemottakarar.

Dei 18 kommunane i Helse Stavanger-området har tilbod om å delta i nettverket om tilrettelagde dagtilbod for personar med demens Nettverket starta opp i 2008 med stønad frå Fylkesmannen. Oppmøtet i nettverket er godt. Bjørgene omsorgs- og utviklingssenter driv og, saman med Helse Fonna, eit betydeleg nettverksarbeid på demensområdet overfor dei 8 kommunane i nord-fylket.

Av utfordringar deltakarane i nettverka dreg fram om arbeidet med dagtilbod , kan me nemne:

- Fleire brukarar burde fått tenestetilboden på eit tidlegare tidspunkt. Mange dagsenterbrukarar er så dårlege at dei treng 1:1-oppfølging, noko som gjev mindre tid til dei andre brukarane og kan gå ut over sosiale aktivitetar.
- Det er ofte ikkje eit tilbod klart i kommunen for dagsenterbrukarar som er for dårlege til å ha vidare nytte av dagtilboden.
- Prinsippet om ”smått er godt” blir ikkje alltid fulgt opp, og ein ser at dagsenter kan ha så mange som 22 plassar.
- Det er vanskeleg å følgja opp pårørande når dagsenteret har 30- 60 ulike brukarar kvar veke.
- Spesielt for yngre dagsenterbrukarar er namnet på tenestetilboden viktig. Å gå på klubb er for eksempel meir

akseptert enn å gå på dagsenter.

- For dei som bur aleine er det særstakt viktig at dagsenteret syter for god ernæring.
- Transport er viktig, men kan være utfordrande, spesielt ved skifte av sjåfør.

Demensutredning:

Kommunane i Rogaland gjør no eit viktig arbeid med å organisera demensutredninga, og talet på demensteam/demenskoordinatorar har auka kraftig dei siste åra. Den nasjonale kartlegginga syner at det no finst demensteam i 15 kommunar i Rogaland, og at fire av kommunane som ikkje har demensteam har ein demenskoordinator. Dette inneber at 73 % av kommunane i Rogaland har demensteam/demenskoordinator, mens det i 2007 berre fanst i 19 % av Rogalandskommunane.

Kommunane vert ved alle høve oppmoda om å nytta utredningsverktøyet frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse, og dette vert og fylgd opp i samband med tilsyn. Dei 18 kommunane i Helse Stavanger-området har tilbod om å delta i eit nettverk om utredning av demens, som er støtta av Fylkesmannen. Bjørgene omsorgs- og utviklingssenter i Haugesund kommune har også eit prosjekt om oppbygning av hukommelsesteam, med støtte frå Fylkesmannen. Fleire kommunar i nord-fylket ser til dette prosjektet når dei organiserer sine demensteam.

86.3 Kompetanseløftet 2015

Alle kommunane i Rogaland har peika ut ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2015, som Fylkesmannen i Rogaland held jamleg kontakt med. Før påske vart det sendt ut skriftleg informasjon til alle kommunar i Rogaland om at kommunane kunne søka om tilskot frå Kompetanseløftet 2015. Samarbeid med KS i Rogaland gjer at KS bidreg til å gjera søknadsfrist på Kompetanseløftet kjend for kommunane. Me har i Rogaland og avtala at kommunar som ønskjer råd om utarbeiding av kompetanseplanar, kan visast vidare til KS.

Fylkesmannen arrangerte den 4. mars ei samling for ansvarlege leiarar og kontaktpersonar for Kompetanseløftet i kommunane. KS bidrog med føredrag om kompetanseplanlegging og strategisk kompetansesyrling. Det vart elles informert om vilkår for tilskot, kompetansekrava i sosialtenestelova kap 4A og andre aktuell tilskotsordningar for kommunane.

Fylkesmannen i Rogaland deltok på tilskotsforvaltningskurs i Helsedirektoratet i januar, og Fylkesmannen sin sakshandsamingsrutine for Kompetanseløftet 2015 for 2011 vart utarbeida i tråd med nye retningsliner for tilskotsforvaltning frå Helsedirektoratet.

Når det gjeld bekymringa for kapasiteten på vidareutdanningar for høgskuleutdanna personell i Rogaland, syner med til FAD-rapporten for 2010.

Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 gitt tilskot på totalt kroner 6 157 400,- på Kompetanseløftet 2015. Alle kommunar som har søkt om tilskot har fått tildelt midlar. Sju av dei 26 kommunane i Rogaland søkte ikkje om tilskot.

Kvalifisering av personell:

Kvalifisering av personell er eit prioritert tiltak, og midlar frå Kompetanseløftet er i hovudsak nytta til dette tiltaket. Hovudtyngda av søkerne frå kommunane i Rogaland gjeld kvalifisering av personell som allereie er tilsett i kommunen. Fylkesmannen har i tråd med nasjonale føringer eit spesielt fokus på demens og eldremørsorg.

I 2011 hadde Helsedirektoratet og eit spesielt fokus på kvalifisering for å fylle kompetansekrava i sosialtenestelova kap 4A. Av søkerne har Kvalifiseringa for Kompetanseløftet kjem det ikkje fram i kva verksemder den tilsette arbeidar, men berre kva utdanning det søker om tilskot til. Fylkesmannen i Rogaland har difor ikkje oversyn over kor mykje av midla som har gått til tilsette i verksemder som nytter tvang og makt etter sosialtenestelova kap 4A. Stavanger kommune har fått midlar frå Kompetanseløftet til intern opplæring på området.

Desentraliserte høgskulestudiar:

Fylkesmannen i Rogaland har som tidlegare år tildelt tilskot til Universitetet i Stavanger for å utvikla ei nettbasert sjukepleiarutdanning. Deltidsstudiet går over fire år. Første kull med studentar starta opp hausten 2009, og det tas opp 30 studentar kvart år.

Demensomsorgsens ABC og Eldreomsorgens ABC

Det er stor aktivitet på området i Rogaland. Kommunane får kr 450,- i tilskot til innkjøp av permar for kvar deltar, med midlar frå Kompetanseløftet 2015. For fleire detaljar om ABC-satsinga, sjå rapportering på Demensplan 2015.

For detaljert rapport om Kompetanseløftet 2015, syner me til eigen rapport direkte til Helsedirektoratet.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Fylkesmannen i Rogaland deltok i februar på felles samarbeidsmøte med Husbanken og fylkesmannsembeta i region vest. Utover dette har me jamleg telefonkontakt med Husbanken Region vest, og me gjev råd om utbyggingsprosjekt når Husbanken ber om det. Nettstaden til Fylkesmannen i Rogaland vert nytta til å informera om tilskotsordninga.

Talet på søknadar om investeringstilskot frå kommunane i Rogaland er for tida ikkje særhøgt. Dette kan skuldast at det ved oppstart av tilskotsordninga vart gitt tilskot til mange prosjekt i Rogaland. Seinare har fleire kommunar utsett byggeprosjekt som tidlegare vart planlagd starta i 2011-2012. Kommunane oppgjer grunnar for dette som stramme kommunebudsjett og problem med å finna eigna tomteareal i ein region med mykje folk og mykje landbruksjord.

Fylkesmannen i Rogaland vil igjen nemne at erfaringa så langt er at ikkje alt som vert bygd/planlagd er like godt tilrettelagd for personar med demens. Dette gjeld ikkje berre bustadar som skal nyttast av andre grupper enn eldre/personar med demens. Bekymringa går på at det vert bygd i fleire etasjar utan at avdelingar for personar med demens vert lagd på bakkeplan, at det ikkje finns direkte utgang til uteområde eller at uteområda er lite tilrettelagde for personar med demens, samt at plassering i trafikkfarlege område kan føra til auka bruk at tvang fordi det ofte kan verta naudsynt med innelåsing av personar med demens.

Kravet om at bustadar skal vera tilrettelagde for personar med demens og ha tilrettelagd uteareal er mellom anna tatt opp med kommunane på Husbanken sin sjukeheimsfagdag i september og på Fylkesmannen sin demenskonferanse i november. Omsynet til utforming av bustadane og plassering av sjukeheimar og omsorgsbustader i forhold til trafikk og moglegheit for tilrettelagd uteareal, er og trekt fram i samband med høyringar til kommuneplanar.

Omsorgs-/velferdsteknologi:

I løpet av 2011 har det skjedd mykje i Rogaland når det gjeld utvikling av omsorgs-/ velferdsteknologi. Fleire lokale aktørar har i fellesskap tatt mål av seg til å verta ein føregangsregion på området, og planen er mellom anna å dra nytte av erfaringar frå oljeindustrien. Lyse Altibox har inngått eit samarbeid med Universitetet i Stavanger, Stavanger universitetssjukehus, IRIS, fleire kommunar og andre aktørar, og Fylkesmannen deltok i mars på dialogmøte med aktuelle aktørar i regi av Greater Stavanger. Prosjektet Safer@home er no starta opp, det testast ut velferdsteknologi i både nye og gamle bustader i kommunane Stavanger og Randaberg, og Lyse har laga ein demonstrasjonsbustad for velferdsteknologi i sine lokale. Universitetet i Stavanger planlegg og kurs/studie i omsorgsteknologi.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Heile Helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland arbeider kontinuerleg med problemstillingar knytt til kvalitetsforbetring og internkontroll i helse- og omsorgstenesta i kommunane, og me gir jamleg råd til kommunane om temaet. Fylkesmannen i Rogaland har og jamlege møter med Institutt for helsefag ved Universitetet i Stavanger, der tema mellom anna er område der tilsynserfaringar syner systematisk svikt i kommunane.

Ein representant frå Fylkesmannen i Rogaland har hatt føredrag for tillitsvalde i Norsk sykepleierforbund, Rogaland, om endringar i sjukepleienesta som følgje av Samhandlingsreforma.

Me har i 2011 ikkje halde eige IPLOS-seminar for kommunane grunna ny helse- og omsorgslov. Fylkesmannen arrangerer årleg Kostra-seminar for kommunane, og hovudtema på seminaret i april var korleis ein ved hjelp av IPLOS-data kan vurdera samanhengen mellom tenestetilbod og ressursbruk, og samanlikna ressursbruk til eldre og yngre tenestemottakarar i lys av kartlagd behov for hjelp.

Ti kommunar i Rogaland var ved nyttår med i prosjektet Samarbeid om etisk kompetanseheving. På Fylkesmannen sin nettstad ligg det informasjon om satsinga, og ein representant frå KS har i 2011 halde føredrag om satsinga for dei tilsette i Fylkesmannen si Helse- og sosialavdeling. Fylkesmannen har elles et nært samarbeid med KS om prosjektet.

I 2011 gjennomførde Fylkesmannen/Helsetilsynet i Rogaland, i samarbeid med KS Rogaland, eit prosjekt for å auka læringseffekten av tilsyn. Nabokommunar til tilsynsobjektet vart invitert med for å læra om internkontroll knytt til tilsynstema. Prosjektet er gjennomført i samband med tre tilsyn, og der temaet for eit av tilsyna var bruk av tvang etter pasientrettigheitslova kap 4A. Fem nabokommunar vart då invitert med i prosjektet. I etterkant av prosjektet om PRL kap 4A gjer KS ekstra tilbod til alle dei seks kommunane. Metodane frå ”Etisk kompetansehevingsprosjektet” vert nytta knytt til problemstillingar om tvungen somatisk helsehjelp. Oppfølginga frå KS skjer i nært samarbeid med Fylkesmannen og er finansiert av Fylkesmannen.

”Nasjonale faglige retningslinjer for forebygging og behandling av underernæring” har vert trekt fram i fleire konferansar og samlingar for kommunane i 2011. Retningslinene er og omtala i føredrag for tillitsvalde i Norsk sykepleierforbund i Rogaland.

86.6 Utviklingssentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling

Fylkesmannen i Rogaland samarbeider tett med dei tre utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester, og sit i dei to styringsråda for sentra. Alle sentra arbeidar aktivt med satsingsområda i Omsorgsplan 2015, og dei driv med forsknings-/fagutviklingsarbeid, undervisnings- og nettverksarbeid. Fylkesmannen har i 2011 bidrige med råd og tilskot for å støtta opp om arbeidet.

I helseregion vest er det oppetta eit nettverk for utviklingssentra, Senter for omsorgsforskning vest og fylkesmannsembeta. Nettverket har to møter i året. Det er avtala at som eit minimum skal Fylkesmannen frå det fylket der samlinga haldast, vera tilstades. Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 deltatt på ei slik nettverkssamling.

Fylkesmannen i Rogaland har spreidd informasjon til kommunane i Rogaland om moglegheita til å søke om tilskot til prosjekt om lindrande behandling. Informasjon om dette vart mellom anna lagt ut på Fylkesmannen sin nettstad i februar. Fylkesmannen i Rogaland ga i vår råd per telefon til Fylkesmannen i Hordaland om foredling av tilskotsmidlar til kommunane i Rogaland.

Fylkesmannen si vurdering er at kommunane i Rogaland er godt i gang med å spreie kunnskap om lindrande omsorg og forbetra tenestetilbodet på området.

I 2010 gjekk utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester i Stavanger saman med fleire kommunar om å starta opp eit palliasjonsprosjekt. I dag er både Helse Stavanger og alle dei 18 kommunane i nedslagsfeltet med i prosjektet. Målet med prosjektet er å heva kompetansen om palliasjon, implementera individuell plan og andre kartleggingsverktøy i tenestene, og å styrka interkommunalt samarbeid. Prosjektet har eigen nettstad:
<http://www.isipalliasjon.no/>

Bjørgene utviklingssenter i Haugesund kommune har og starta opp eit prosjekt om lindrande behandling. Prosjektet inngår i Helsetorgmodellen, noko som inneber at prosjektet gjennomførast i samarbeid med Helse Fonna og Høgskolen Stord Haugesund. Dei 7 andre kommunane i nord-fylket får tilbod om å delta på kurs og liknande knytt til prosjektet.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Fylkesmannen driv omfattande, løpende rådgjeving overfor kommunane for å sikra auka forvaltningskompetanse. I samband med ny HO-lov vart det på slutten av året utarbeidd eit dagskurs om dei forvaltningskrava som ny lov settb til kommunen. Målgruppa er kommunale leiarar og sakshandsamarar for helse- og omsorgstenesta. Temaet for kurset vert nye forvaltningsreglar som følger av ny lov.

"Verdighetsforskriften" vert eit viktig deltema.

Sv strategiske årsaker er januar 2012 valt som gjennomføringsmånad for desse dagskursa, som eit startskot for ny HO-lov.

Fylkesmannen i Rogaland har eit eige område om IPLOS på nettstaden til Fylkesmannen. Her er mellom anna oppdatert informasjon frå Helsedirektoratet, lenkjer til diverse skjema, rutinar, kontaktpersonar i Helsedirektoratet og kommunane i fylket.

Det er gitt råd og rettleiing til kommunar på førespurnad. I møte med kommunane har IPLOS vore tatt opp der det har vore naturleg, det vere seg rådgjeving eller andre møter. Tilsynsrøynsle syner også at kommunane ikkje er like flinke til å bruke IPLOS som indikator på at det er naudsynt med ytterligare kartlegging, til dømes ved demenssjukdom. Fylkesmannen har og etterspurd IPLOS-registreringar i klagesakshandsaming der det har vært naudsynt. Det må diverre gjerast i mange saker.

86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn

Førebyggjande og helsefremjande tiltak for eldre vert påpeikt i møte med kommunar, i høyringar til kommuneplanar eller i samband med universell utforming. Konkret kjenner vi til at for 2012 planlegg ein kommune treningskontaktopplæring av eldre for at desse så skal ha andre eldre som "kundar".

Rundskriva "Aktiv omsorg" og "Rett til egen tros- og livssynsutøvelse" er og i 2011 delt ut og omtalt på fleire samlingar for kommunane, mellom anna på demensplankonferansen i november. Rundskriva er også gjort kjent på Fylkesmannen sin nettstad. Rundskrivet om retten til tros- og livssynsutøving var utgangspunkt for eit dagsseminar som Fylkesmannen med fleire arrangerte i 2010. I 2011 er det difor ikkje gjennomført noko eige arrangement om dette temaet.

Nasjonalforeningen er med i partnarskap for folkehelse og har gjennom det orientert kommunane om ulike tiltak retta mot eldre, mellom anna treningstilbodet 60+, retta mot aldersgruppa 60 år og oppover. Nasjonalforeningen har også motteke midlar til pårørendarbeid knytt til demensomsorga.

Eigenmeistring – sjå omsorgsteknologi punkt 86.4.

Utviklingssentra for sjukeheimar og heimetenester i Stavanger kommune har starta opp prosjekt der dei gjemmomfører førebyggjande heimebesøk til eldre. Fylkesmannen ga i 2010 tilskot til eit liknande prosjektet i Haugesund. Prosjektet inngår i Helsetorgmodellen, det vil seie at prosjektet blir gjennomført i nært samarbeid med Helse Fonna og Høgskolen Stord Haugesund. Prosjektet omfatta også Bokn kommune.

I fleire kommunar er ein i gang med prosjekt der eldre deltek i treningsopplegg for å førebygga fallulukker. Dette var også eitt av temaene i ein regional folkehelsekonferanse i regi av Klepp kommune, der livskvalitet for eldre var sett på dagsorden.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming

I 2011 har Fylkesmannen opplevd ei omfattande auke i saksmengd og aktivitet forøvrig på dette feltet.

A) Saksbehandling Vi har motteke 127 vedtak med heimel i § 4A-5 tredje ledd b og c, og 6913 einskildmeldingar etter § 4A-5 tredje ledd bokstav a. 93 vedtak blei overprøvd av Fylkesmannen, 3 av desse blei ikkje godkjende. Fylkesmannen har utarbeidd nye vedtaksmalar som kommunene kan nytta i arbeidet sitt. Desse kan lastast ned frå nettsida vår. Vedtaka omfatter ei heil rekke vilkår som kommunen må dokumentere, og som Fylkesmannen skal overprøve. Dette fordrer både juridisk og helse- og sosialfagleg kompetanse. På grunn av auka tilfang av saker og omfattande vedtak, er saksbehandlingstida hos Fylkesmannen lang. At spesialisthelsetenesta også bruker lang tid på å gje si faglege uttale og vurdering av saka, er også med på å forseinka saksbehandlingsprosessen. Fylkesmannen har regelmessige treffpunkt med spesialisthelsetenesta.

B) Råd og rettleiing Det er mykje aktivitet knytt til saksfeltet når det gjeld rådgjeving og rettleiing, både ovafor kommunar generelt, einskilde bufellesskap og spesialisthelsetenesta. Dette vert gjennomført på fleire måtar, m.a. gjennom hyppig telefonkontakt, avklaringsmøte og fellessamlinger.

C) Utdretta verksemde Fylkesmannen har i 2011 hatt særleg fokus på kompetanseheving i kommunane i tråd med oppdraget frå m.a. Helsetilsynet. I samband med dette har vi utarbeidd eit eige kursmateriell på kap 4A som omfattar eit 3 timers basiskurs (19 kurs til saman), samt eit 3 timers saksbehandlarkurs (13 kurs til saman). Saksbehandlarane har også alltid delteke på basiskursa. Det har vore omlag 500 deltakarar på desse kurssamlingene.

D) Tilsyn Fylkesmannen har gjennomført 8 anmeldte stedlige tilsyn i 2011, og 2 har vore uanmelde. Vi har utvikla og nyttia ein ny tilsynsmetodikk i tråd med føringer frå Statens helsetilsyn. Antalet stedlige tilsyn er redusert i 2011 samanligna med 2010. Dette heng saman med ny, meir omfattande og tidkrevjande metodikk ved bruk av skriftleg melding, intervju, dokumentgjennomgang, rapportskriving og ev. vidare oppfølgingskontakt med kommunen. Det arbeidsmessige meirarbeidet vert likevel oppveid av at funna vert meir "treffsikre" ved at opplysningsane vi får i tilsynet er tydelegare, meir konkrete og verifiserbare. Rapporten frå tilsynet har høgare kvalitet, og tilbakemeldingane til kommunen vert tydelegare og meir konkretiserte.

E) Rutine- og prosedyrearbeid Fylkesmannen har utarbeidd nye malar som kommunane kan nyttia seg av når dei skal skriva vedtak eller nyttia einskildmeldingar. I tillegg har vi utarbeidd nye vedtaksmaler som Fylkesmannen nyttar når vedtak skal overprøvast. Det er likeins utarbeidd og godkjend ei rekke interne prosedyrer på saksfeltet i 2011.

F) Oppsummering av erfaringar Kursverksemda i 2011 meiner vi har gjeve auka kunnskap og medvet hos kommunale tenesteytarar på dette fagfeltet. Resultatet har ført til høgare medvet om kor grensene skal gå for tvang- og maktbruk, og at det kan være ein hovudårsak til den store auken i både vedtak og einskildmeldingar. Det er altså ikkje eit signal om at ein nyttar meir tvang og makt enn tidlegare, men eit resultat av meir kunnskap og medvet om kor grensene går. Erfaringar frå landsomfattande systemrevisjoner på kap 4A-praksis i kommunane i 2006 og 2007, viste ei monaleg mengd avvik i nær sagt alle kommunar som blei omfatta av tilsynet. Vi meiner kurs og kompetanseheving i kommunane i stor grad vil bidra til å avdekka uhjemla tvangsbruk, og vil difor vera eit nyttig supplement til tilsyn.

Det vert gjeve dispensasjon frå utdanningskrevet i eit stort fleirtal av Fylkesmannen sine overprøvde vedtak. Dette ser altså fortsatt ut til å være meir regel enn unnatak. Dette er særleg utfordrande når det gjeld vedtak der Fylkesmannen har påpeika det same gjentekne gonger, og der problematikken ofte er fagleg og etisk komplisert å handtera. Auka formalkompetanse på dette fagfeltet er difor ei stor utfordring. Det er vårt inntrykk at mange kommunar erkjenner problemet og ser utfordringa, men maktar ikkje å løysa problemet. Andre målgrupper synes å vera meir fagleg utfordrande å arbeida med, og at tenester for utviklingshemma generelt synes å ha relativt låg status.

Når saksmengda på kap 4A har auka monaleg i 2011, tyder det også auka arbeidsbelastning på spesialisthelsetenesta. Vi kan ikkje sjå at ressursane her har auka, noko som igjen fører til at tilgongen til bistand frå spesialisthelsetenesta ikkje er god nok. Så lenge kompetanseunderskuddet er betydeleg i kommunane, vil det vera særleg viktig at spesialisthelsetenesta har nok ressursar og kompetanse til å utføra lovpålagde oppgaver i forhold til kap 4A.

86.10 IPLOS - individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

Fylkesmannen har i 2011 ikkje halde eige IPLOS-seminar for kommunane grunna ny helse- og omsorgslov. Fylkesmannen arrangerer årleg Kostra-seminar for kommunane, og hovedtema på seminaret i april var korleis ein ved hjelp av IPOS-data kan vurdera samanhengen mellom tenestetilbod og ressursbruk, og samanlikna ressursbruk til eldre og yngre tenestemottakarar i lys av kartlagd behov for hjelp.

Fylkesmannen i Rogaland har eit eige område om IPLOS på nettstaden til Fylkesmannen. Her er mellom anna oppdatert informasjon frå Helsedirektoratet, lenker til diverse skjema, rutinar, kontaktpersonar i Helsedirektoratet og kommunane i fylket.

Det er gitt råd og rettleiing til kommunar på førespurnad. I møte med kommunane har IPLOS vore tatt opp der det har vore naturleg, det vere seg rådgjeving eller andre møter. Tilsynsrøynsle syner også at kommunane ikkje er like flinke til å bruke IPLOS som indikator på at det er naudsynt med ytterligare kartlegging, til dømes ved demenssjukdom. Fylkesmannen har og etterspurd IPLOS-registreringar i klagesakshandsaming der det har vært naudsynt. Det må diverre gjerast i mange saker.

Både i samband med klagesaker og planlagde tilsyn ser me at kommunane nytta gjennomsnittsberekning av IPLOS-skår for å vurdera tenestemottakarane sitt hjelpebehov. Det ser ut til at få tenesteytarar/saksbehandlarar har tilstrekkeleg metodekunnskap til å stilla spørsmål med ein slik praksis, og det er vanskeleg å få forståing i kommunane for kvifor gjennomsnittsberekning ikke kan nyttast. Det ser ut til å vera liten kunnskap om moglegheita til å utarbeida samlemål for den einskilde tenestemottakar.

Resultatområde 87 Psykisk helse

Sjå underpunkt

87.1 Tvungen undersøkelse

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje handsama saker av dette slaget i 2011.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Rapporteres til RegRoT (Statens helsetilsyn)

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Det har i 2011 ikkje vore aktivitet på dette saksområdet.

Fylkesmannen i Rogaland har ikke mottatt fortegnelser eller kontraktskopier som har krevd oppfølging

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern

Fylkesmannen har i 2011 gitt innstilling til Helsedirektoratet i to saker kor det var søkt om godkjenning av institusjon som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern.

87.5 Vedtak om overføring

Fylkesmannen i Rogaland har ikkje motteke saker på dette saksområdet i 2011.

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

Fylkesmannen i Rogaland har i 2011:

Forvaltet tilskuddsmidler til dekning av driftsutgifter til kontrollkommisjonene i psykisk helsevern.

Oppnevnt medlemmer til kontrollkommisjonene i det psykiske helsevern og har sendt kopi av oppnevningene til Helsedirektoratet.

Hatt et løpende samarbeid med kontrollkommisjonene i det psykiske helsevern .

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Kommunal rapportering på psykisk helsearbeidsfeltet er samla og oversendt Helsedirektoratet innan fristen (IS24/2010).

Også i 2011 blei det gjeven fullmakt frå Helsedirektoratet til tilskott til videreutdanning for kommunalt tilsette med høgskolekompetanse i Rogaland. Studentane har i all hovudsak nytta vidareutdanningstilbodet psykisk helsearbeid for vaksne eller psykososialt arbeid blant barn og unge i hhv Stavanger og Stord. I 2011 var det ei auke i antal studentar som nytta tilbodet samanligna med 2010.

Intensjonane frå opptrappingsplanen innan psykisk helsearbeid synes i all hovudsak å bli fulgt godt opp i den einskilde kommune, sjølv om det er ei utfordring for fleire å halda oppe fokus på dette viktige arbeidet. Fleire tilsette med stadig høgare kompetanse gjer ein god jobb på feltet. Ei rekke gode og kreative løysningar er videreførte eller starta opp.

Det synes å vera ei utfordring for fleire å få til gode løysningar når det gjeld boliger, særleg gjeld dette for byområde i sørfylket kor busetnaden er tett og prisane høge. Likeins er det framleis utfordringar når det gjeld å etablera smidigare samarbeidsløysingar mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Samarbeidsavtalar er på plass, og fleire av dei er under revisjon og evaluering.

Arbeidet med individuell plan synest likeins å vera ei utfordring å få til på ein god og systematisk måte for personar i målgruppa.

I 2011 har Fylkesmannen ikkje makta å følgja opp eigne mål for vitjing av einskildkommunar og tiltak innan psykisk helsearbeidsfeltet, men har i hovudsak halde kontakten gjennom telefon eller epost.

Fylkesmannen har hatt to møter med representantar for brukarorganisasjonane. Her deltek også fylkeskoordinator for psykiatriske fagfeltet i NAV. Fylkesmannen har i tillegg hatt faste kontaktmøter med NAV fylket. Dei gode og regelmessige samarbeidsfora som er etablerte mellom DPS'ar og tilhøyrande kommunar er videreførte også i 2011. Fylkesmannen deltek dersom det passar.

Fylkesmannen i Rogaland har, saman med Fylkesmannen i Hordaland, hatt samling med kommunane i Helse Fonna-området og NAPHA også i 2011.

Fylkesmannen har delteke på rådgjevarsamling i 2011 i regi av Helsedirektoratet. Vi har ikkje arrangert samlinger for kommunane sine rådgjevarar / kontaktpersonar innan psykisk helsearbeid i 2011.

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Fylkesmannen behandla 5 søknader om dispensasjon på dette saksområdet. Kopi sv vedtaket er sendt til Helsedirektoratet.

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Fylkesmannen i Rogaland rapporterer 2 gonger i året til Helfo region vest om godkjente poliklinikkar og talet på stillingar

Fylkesmannen godkjente ein poliklinikk i 2011 og godkjente utviding av talet på stillingar på to poliklinikkar.

87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Etter avtale er det Fylkesmannen i Hordaland som ivaretar denne oppgåva i Helseregion Vest.

Sjå årsmelding få Fylkesmannen i Hordaland

Antall saker

Embeter	Antall
FMRO	0
Sum	0

Resultatområde 88 Rusområdet

Sjå punkta under

88.1 Alkoholloven

Fylkesmannen i Rogaland behandla 18 sakar i 2011, fem var klagesakar.

Veileddning overfor består for det meste i å svare på telefon og epostar.

Antall saker

Embeter	Antall
FMRO	5
Sum	5

88.2 Rusmiddelarbeid

I 2011 fekk 18 kommunar i Rogaland tilskot til kommunalt rusarbeid frå Helsedirektoratet. (kap. 763 post 61), kr. 31 250 000 i øyremerka tilskot.

Fylkesmannen har informert kommunane om ordninga via nettsider,kontaktpersonar i kommunane og ei eiga samling for alle kommunar. Dei øyremerka tilskota er forvalta i tråd med regelverket for ordninga. Kommunane som har tilskot er fulgt opp i ettertid i møte med leiinga i kommunane og aktuelle tilsette.

Råd og vegleiing til fagpersonell og politisk og administrativ leiring i kommunane kring kompetanse og utvikling av kvalitet har vore ein del av desse møta.

Haugesund kommune er den einaste kommunen i Rogaland som er inne i ordninga "tillitspersonsundersøket". Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har etablert eit nettverk for oppfølging saman med aktuelle kommunar i desse fylka. Ordninga vart avslutta som prosjekt i 2011.

Ordninga med tilskot til vidare - og etterutdanning innan rusproblematikk(kap. 763 post 21) for helse og sosialpersonell og tilsette i kriminalomsorgen vart nytta av ei rekke kommunar, og det var ikkje nok tilskot å fordele. Ei av utfordringane i Rogaland er begrensa kapasitet ved universitet og høgskule for vidareutdanning i rus.

Fylkesmannen har saman med det regionale kompetansesenteret for rus(KoRus) laga ein Regional kompetanseplan for rusområdet. Kompetansebehov hjå kommunane er drøfta i Kompetansegruppa for rusfeltet. I denne gruppa sit representantar frå kommunar,spesialisthelseteneste,universitet og høgskule,kompetansesenteret,Fylkesmannen og brukarorganisasjonar. Gruppa har 4 møter årleg og skal ivareta behov for auka kompetanse i kommunane på rusområdet

Fylkesmannen har i samarbeid med ulike aktørar gjennomført ulike kompetansetiltak mellom anna grunnopplæring rus i kommunane for ca 200 deltakarar. Kommunar og Helseforetak deltok på LAR/konferanse/nettverk (100 deltakarar). Seksti tilsette i heimebaserte tenester deltok på kurs i rusmedisin for ikkje-medisinarar. Nye retningslinjer for gravide i LAR og oppfølging av gravide med rusmiddelproblem samla 200 deltakarar.

Fylkesmannen har samarbeida med KORFOR (Kompetansesenteret for rus i Helse Vest) og KoRuS (kompetansesenteret for rus, region vest) om bruk av kartleggingsverktøyet "Brukerplan" og presentasjon av resultat for kommunar i Helse Stavanger og Helse Fonna området. (400 deltakarar)

Samhandlingsreformen, ny folkehelselov og lov om kommunale Helse - og omsorgstenester var fokus i ein samhandlingskonferanse i desember. (100 deltakarar) Kompetansemidler er nytta til ulike fagdagar i kommunana.

Saman med KoRus,KS, Bufetat og kommunar er det utarbeida ein modell for tidleg intervension - basert på vegleiaran "Fra bekymring til handling". Fylkesmannen i Hordaland og kompetansesenteret for rus i Bergen er og med. Modellen er forankra til Samhandlingsutvalet og har som mål å sette tidleg intervension på dagsordenen. Målet er å auka kompetansen og innsatsen retta mot barn og unge som er i ein risiko for å utvikle vanskar.

Fylkesmannen har gjeve kompetansetilskot til tidleg intervensionskonferanse" Mot til å se- evne til å handle" - ca 300 deltakarar.

Satsinga på rusfeltet ses og i samanheng med Fylkesmannen sitt arbeid på psykisk helsefeltet. Det er etablert fleire samarbeidsforsa mellom kommunar og DPS, der rådgjevarane innan rus og psykisk helse hjå Fylkesmannen deltek. Rådgjevarane på desse områda hjå Fylkesmannen i Rogaland,Hordaland, og Sogn og Fjordane har og felles drøftingar to gonger i året med tema kompetanseutvikling og samarbeid retta mot kommunane. I 2011 arrangerte Fylkesmannen i Rogaland og Hordaland to felles kursdagar der rus og psykisk helse var tema. Ca 100 deltakarar kvar gong. i 2011 er det også etablert eit samarbeid med NAPHA kring desse konferansane.

Det har vore samarbeid og møter mellom KoRuS, KORFOR, helseforetaka, Kriminalomsorgen, Husbanken, Bufetat, Fylkesmannen, brukarorganisasjonar og kommunar samt universitet og høgskule der tidleg intervension og betre og meir tilgjengelege tenester samt auka kompetanse står sentralt. Likeins har auka brukermedverknad og pårørendearbeid vore i fokus

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
81 Tilsyn og klagesaksbeh. etter sosialtj. loven	kr 2 917 672,81	kr 795 452,11
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 5 376 039,98	kr 583,28
83 Folkehelsearbeid	kr 416 095,56	kr 60 076,19
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 181 130,81	kr 3 374 429,86
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 719 977,47	kr 3 612,99
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 272 165,94	kr 532 240,07
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 2 414 420,71	kr 1 208 393,32
Andre oppgaver under HOD	kr 260 029,14	kr 0,00
Sum:	kr 12 557 532,00	kr 5 974 787,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Det er ikke behandla klagesaker etter veglova i 2011.

91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

Dette er gjort nærmere rede for nedanfor.

92.1 Apostiller

Vi har handsama om lag 4450 apostiller i 2011.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Fylkesmannen utbetalet ca 6,2 millionar kroner i statsstøtte til trus- og livssynssamfunn i 2011. Islamske opplæringssenter er framleis det største av trussamfunna i Rogaland og er det trussamfunnet som veks raskast i medlemstal.

Fylkesmannen har 135 trussamfunn i sitt register, av desse er det 64 som har søkt om statsstilskot i 2011.

Ein av søkerne blei det gitt avslagsvedtak på, då dette trussamfunnet ikkje oppfylte krava i lova. Dei resterande trussamfunna søker tilskot frå andre fylke der dei har hovudsetet sitt.

Liste over trussamfunn som har fått støtte i 2011, sjå vedlegg.

I 2011 er det føretatt følgjande endringar og nyregistreringar:

- Alive Church har endra namn til Intro Egersund
- Jæren Kristne Senter er oppheva som registrert trussamfunn
- Det er føretatt registrering av 3 nye trussamfunn

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Resultatområde 93 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og sameting

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Vi har motteke 22 søkerne om oskespreiing i 2011.

Av desse fekk:

1 avslag som vart pålagd

14 vart godkjent

3 sendt i retur då det var søkt om oskespreiing i anne fylke enn Rogaland

4 er fremleis under handsaming då det mangler opplysninger

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Vi hadde tre saker om søndagsopning for særskilt høve i 2011. Dessutan var det ein del spørsmål.

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Vi merker framleis eit stort press på lønnsnivået. Vi må møte utfordringane med å behalde og rekruttera medarbeidarar med høgare lønn, dette utarmar budsjetta våre over tid. Framleis har vi noko høg turnover og få søkjarar til mange av stillingane.

I 2011 tilsette vi ein ny medarbeidar med nedsett funksjonsevne.

Etter at vi flytta inn i nytt Statens Hus (seinhausten 2010) har alle fått nye kontormøbel, og lyse og trivelege kontorlokalar. Vi legg heile tida vekt på å leggja tilhøva til rette slik at tilsette til ei kvar tid har ein best mogleg arbeidsplass både fysisk og psykisk.

Ein gong i året har vi eit personalarrangement for alle tilsette, gjennomgangstema for denne dags samlinga er meistring, trivsel og utikling.

Det totale sjukefråværet i 2011 enda på om lag 4% i 2011. Sjukefråværet er eit fokusområdet både for AMU og leiargruppa.

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2010	% 2010	Antall 2011	% 2011
FMRO	6	3,75	8	4,76
Sum	6	0	8	0

98.2 Kompetanseutvikling

Vi har ikkje noko felles budsjett for kompetanseutvikling, avdelingane har sett av beløp til kompetanseutvikling i dei avdelingsvise budsjetta. Med ein relativ trøng økonomi så er ikkje handlings rommet så stort som vi skulle ynskja. Alle medarbeidarar har årlege medarbeidarsamtalar med leiringa i avdelinga. Vi forventar og trur at dette er eit tema som blir tatt opp i denne samtalen, og at avdelingane fylgjer dette opp i sine prioriteringar.

Kompetanseutviklinga skjer både i form interne og eksterne opplegg.

Fordeling menn/kvinner i ledersettinger

Embete	Kunngjorte lederstillingar	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMRO	0	59	41	6	9

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMRO	55	45	50	50

98.3 Medvirkning

I 2011 reviderte vi embetes personalplan. Dei tillitsvalte var viktige aktørar også i denne prosessen.

Grunnlaget for medverknad og samarbeidet finn vi i Hovudavtala og vår eigen tilpassingsavtale, personalpolitiske retningslinjer og ein møtekalender for dei ”faste postane”.

Vi har eit samarbeidsutval mellom toppleiring og hovudsamanslutningane. Det var to møter i 2011. I tillegg til medverknad på embetsnivå, har dei fleste avdelingane eit fast opplegg på samarbeid i avdelingane.

98.4 Likestilling og likeverd

Tabell 1:

		Kjønnsbalanse		Lønn
--	--	---------------	--	------

Arsrapport 2011 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

Totalt i virksomheten		m %	k%	Totalt (N)	m (kr / %)	k/m (kr / %)
	2011	41	59	168	40716/100%	34970/86%
	2010	41	59	168	100 %	89 %
Embetsledelse og dir.						
	2011	62	38	8	67282/100%	53628/80%
	2010	56	44			78 %
Ass. direktør						
	2011	63	36	11	49573/100	47224/96%
	2010	71	29			110 %
Senioring/rådgiver						
	2011	48	52	52	41528/100	40058/97%
	2010	49	51			101 %
Rådgiver m.m.						
	2011	42	58	70	35901/100%	34848/97%
	2010	42	58			98 %
Kontorstillinger						
	2011	12	88	26	25945/91%	28629/100%
	2010	10	90	26		100 %
Lærling						
	2011		100	1	0	7330/100%
	2010	0	1			

Tabell 2:

Totalt i virksomhet	Deltid		Midlertidig		Foreldrepermisjon		Legemeldt fravær		
	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%	
	2010	11,11 %	21,70 %	9,72 %	12,26 %	8,59 %	91,41 %	2,25	2,13
	2011	5,95 %	13,69 %	2,89 %	4,04 %	14,42 %	85,58 %	1,15	4,01

Tabell 3:

2011	Ledere med personalansvar		Medarbeidere		Lønn			
	m%	k%	Total	m%	k%	Total	m%	k%
Fylkesmannen i Rogaland	63 %	37 %	19	38 %	62 %	150	40716/100%	34955/84%

I embetet er likestilling og arbeid mot diskriminering ivaretatt av Personalpolitiske retningslinjer, tilpassingsavtala og lønnspolitikk. Dette er også viktige element i dei nye Personalpolitiske retningslinene som vi ferdigstilte i 2011 (personalplan for 2011 – 2013). I retningslinene er det også teke med eit kapittel om politikk for alle livsfasar.

Vi har også kvalitetsrutinar og prosedyrar for saksgang og tenesteveg i arbeidsmiljøsaker, samt rutine for varsling.

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ein overvekt av kvinner. Det er likevel store avdelingsvise variasjonar. Dei siste åra har det vore sett særskilt sokjelys på lønnsskilnader og talet på kvinner i leiande stillingar.

Det er marginale forskjeller i lønn mellom kvinner og menn og mykje av forskjellene kan foklarast ved at det kun er kvinner i kontorjobbane som har lågare lønn uavhengig av kjønn. Vi har ikkje sett det naudsynt med særskilte tiltak for å utjamne lønnsforskjellane, men dei siste åra har kvinner hatt eit kraftig prioritet i lokale lønnsforhandlingar,

I samband med at vi flytta inn i nytt Statens Hus (seinhaustes 2010), blei det utarbeida ein strategisk og praktisk plan i forhold til Universell Utforming. Dette er meir enn godt ivaretatt. Individuelle tilpassingar følgjer vi opp fortløpende når det er naudsynt.

98.5 Føringer på IKT-området

Arbeidet med informasjonstryggleiken er i god prosess. Vi har fått på plass ein tryggleiksansvarleg og etablert ei informasjonstryggleiksgruppe. Gruppa skal leggja fram forslag til informasjonspolicy og malar i løpet av våren. Vår målsetjing er at heilskapen rundt dette arbeidet skal vere i full drift sommar/haust 2012. Vi følgjer opp gjeldane IKT- strategi. Innrapportering av lisesensar er gjennomført for 2011.

GIS

Fylkesmannen i Rogaland har i 2011 laga to nye rutinesett /python skript, som er presenteret på FM-nett. Embeta kan lasta ned og gjera bruk av desse rutinane:

- Ei python rutine som trekkjer ut data frå landsdekkjande FKB data frå kvart fylke, og strukturer det på ein felles måte. FKB data er levert til alle fylker frå Kartverket. Rutinen vil sikra at det ved nye leveransar av FKB data til fylka vil det vere mulig på ein enkelt måte å få tilrettelagt data for kvart fylke. Dette gir også fylkesmannsembeta mulighet til å gjera bruk av ein felles struktur på FKB data.
- Den andre rutinen tek utgangspunkt i dei ovanfor nemnde data. Rutinen trekkjer ut og samanstiller arealstatistikk frå arealressursdata (Ar5 frå FKB data) for eit eller fleire område. Dette er særstakt nyttig når sakshandsamar er interessert i markslagsstatistikk innanfor eit område, til dømes: utbyggingsfelt.

3.5 h

I 2011 har Fylkesmannen i Rogaland gjennomført ein stort og omfattande rydde – og struktureringsjobb knytt til embetes GIS data. Ryddinga er gjennomført både på lokalt lagra data og på data i databasen for internettkartløysninga. Vi arbeider også med å sikra at vi nyttar dei same data begge plasser. Dette vil sikra at kommunane og våre sakshandsamarar nyttar eit og same datasett.

Vi har valt å følge Norge Digitalt sin struktur for GIS data. Ryddinga har ført til at punkt 3.5 i GIS strategien ”.. organisere GIS og Geodata arbeidet i embete slik at saksbehandling effektiviserast og rettstryggleiken blir ivaretatt”, er tatt hand om.

Vi kan også sjå på ryddinga eit viktig skritt for å kunne gjennomføra ei omlegging til felles struktur for alle embeta (punkt 3.4 a i GIS strategien). Det vil vere mykje enklare å gjennomføre ein overgang til felles system når vi har systematiserte data.

Vi meiner at denne rydde- og struktureringsprosessen vi har gjennomgått, vil kunne vere eit godt utgangspunkt for å kunne få på plass en fellesstruktur for alle embeta.

Vi i Rogaland meiner at ein felles GIS-struktur må prioriterast opp. Då dette vil bety auka effektivisering og kosteffektivitet for embeta.

Vi er ikkje heilt ferdige med alt arbeidet, prosessen held fram i 2012.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Det har ikkje vore noko aktivitet på dette området.

Andre

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
-----------------------	----------------------	----------------

Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 811 116,94	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr -379 200,00	kr 0,00
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 32 069 359,91	kr 0,00
Sum:	kr 32 501 276,00	kr 0,00